

# Om tre små studiestadar i Norge

Terje Erik Bjelle



# Om tre små studiestadar i Norge

Av Terje Erik Bjelle

© Terje Erik Bjelle

Høgskulen på Vestlandet

2019

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 1/2019

**ISSN** 2535-8103

**ISBN** 978-82-93677-10-9



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar

## Føreord

Etter over førti år i arbeid innan høgre utdanning, var eg så heldig å få ein fagleg oppdateringsperiode som gav høve til å sjå attende på kva eg har vore med.

Storparten av denne tida har eg arbeidd i ulike leiarstillingar ved utdanningsinstitusjonar med skiftande namn i Sogndal. Siste åra fram til fusjonen til Høgskulen på Vestlandet i 2017, var eg viserektor for utdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Først og fremst har det vore ei reise som har bydd på mykje spanande på eit viktig samfunnsområde, og der mykje har endra og utvikla seg.

Eg takkar kollegaer og vener ved dei tre studiestadane Bø, Volda og Sogndal for hjelp med å henta fram materiale, spanande innspel og kommentarar. Ei særskild takk til professor Oddbjørn Bukve.

Eg har prøvd å handsama utviklinga ved dei tre studiestadane likt, men det skin nok gjennom at eg kjenner den eine betre enn dei to andre. Og framstilling og forståing av kva som har skjedd tek eg åleine ansvar for.

Sogndal, oktober 2019

Terje Erik Bjelle

# Innhald

Samandrag .....	6
Innleiing.....	8
Kontekst.....	12
Nokre hovudtrekk i utviklinga av høgre utdanning sidan 1970 .....	15
Mange fleire studentar og variasjonar i rekrutteringa.....	15
Utviklinga av ein høgskulesektor med nye typar utdanning .....	18
Gradvis utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning.....	21
Nye studiestadar, regionalisering og fusjonar .....	23
Akademisering og universitetsambisjonar.....	25
Marknadsorientering og resultatstyring .....	28
Studiestad, næringslivsrelevans og campusutvikling .....	30
Korleis har dei tre studiestadane møtt utfordringane? .....	33
Tradisjonar som studiestad.....	33
Utdanningstilbodet og den faglege profilen.....	35
Akademiske ambisjonar og ulike utdanningskulturar.....	45
Studiestad og region .....	52
Høgskulen og lokalsamfunnet.....	58
Har dei vorte attraktive studiestadar? .....	65
Utvikling i studenttalet.....	65
Studentane etter alder .....	68
Studentar på mastergradsnivå .....	69
Nett- og desentraliserte studentar .....	70
Rekruttering frå eige fylke.....	70
Studentrekruttering og søkerjartal.....	73
Oppsummering av student- og søkerjartal.....	78
Kva har det betydd for vertskommunane å bli studiestad? .....	81

Demografisk utvikling .....	81
Utdanningsnivå .....	82
Andre verknadar .....	83
Samanfatning og konklusjonar .....	87
Er forventningane til desentralisering av høgre utdanning innfridde?.....	87
Å bli studiestad var å skyta gullfuglen.....	89
Dei har lukkast som studiestadar.....	91
Den faglege profilen vart lagt tidleg .....	94
Akademiske ambisjonar har endra fokus.....	96
Studiestad og region .....	99
Harmonisering og mindre kulturskilnadar.....	101
Etablerte studiestadar med synlege campus.....	101
Har dei ei framtid?.....	105
Kjelder.....	111

## **Samandrag**

I dette arbeidet ser eg på utviklinga ved tre små studiestadar i Norge sidan dei fekk distriktshøgskular for kring 50 år sidan. Volda, Bø og Sogndal vart studiestadar i ein periode då desentralisering og det å ta heile befolkninga og landet i bruk var viktig. Utbygginga av velferdsstaten hadde nådd høgre utdanning. Gjennomgangen viser at dei regionale høgskulane har bidrige sterkt i dette utjamningsprosjektet.

Etableringa i små bygdesamfunn var vellukka. Dei har forsynt land og region med relevant og kompetent arbeidskraft, og dei har vorte attraktive studiestadar. I 2019 har kvar av dei 3-4000 studentar, og er blant dei 10-15 største studiestadane i landet. Høgre utdanning set sterkt preg på dei tre bygdene, med moderne campus og mange kjenneteikn på det som i USA vert kalla College Towns. Det er ein mix av kvalitetar som gjer dei attraktive, ikkje enkeltfaktorar knytt til akademisk kvalitet.

Dei tre studiestadane har tyngda av studentar på bachelornivå, andel masterstudentar er vesentleg lægre enn i sektoren samla. Til liks med andre utdanningsinstitusjonar i den geografiske periferien, har dei relativt mange studentar på nett- eller desentraliserte studietilbod. Andel unge campusstudentar er størst i Sogndal. Sogndal og Bø har begge svært brei geografisk rekruttering, medan Volda hentar større del av studentane frå eige fylke.

Studietilboden har heile vegen vore dominert av yrkesretta utdanningsprogram, i stor grad orientert mot offentleg sektor. Den faglege hovudprofilen vart lagt tidleg både i Volda og Bø og er meir prega av første generasjon tilsette, som i stor grad var knytt til etablerte akademiske disiplinar. I Sogndal kom veksten seinare og innanfor fagområde med svakare akademiske tradisjonar.

Alle dei tre studiestadane lærde tidleg å marknadsorientera studietilboda og å læra spelet kring tildeling av nye studieplassar. Det medførde i mange tilfelle vekst i breidda heller enn i toppen, og dei tre framstår til dels med brei og sårbar fagportefølje etter kvart som akademisk kvalitet vart det som først og fremst betydde noko. Periodar med sviktande studentrekruttering har skapt endring og utvikling alle dei tre stadane.

Det er som utdanningsinstitusjonar dei primært har lukkast, ikkje som forskingsinstitusjonar, sjølv om forskingsambisjonane låg innebygd i

distriktshøgskulekulturen heilt frå starten. Dette skapte avstand og motsetningar til profesjonsutdanningane som etter kvart fekk høgskulestatus, og det sette preg på dei første tiåra i høgskulesektoren. Dei akademiske ambisjonane med fokus på forsking og etablering av hovudfag/ mastergrader og ph.d. kom tidlegare og tydlegare til syne i Volda og Bø. Det tradisjonelle høgskulefokuset varde lenger i Sogndal, men etter kvart skårar dei tre om lag likt på dei vanlege akademiske teljekantane.

I 1970 var ingen av dei tre naturlege lokaliseringssendar for høgre utdanning i dei aktuelle fylka, men det er ikkje grunnlag for å meina at det har vore nokon vesentleg ulempe seinare. Men den regionale posisjonen har vore ulik og sameleis politisk støtte. Sogndal har hatt fordelar av å vera «hovudstaden» i ein fylkeshøgskule heilt fram til 2017, i eit grisgrendt fylke med lang avstand til konkurrerande institusjonar.

Dei tre studiestadane hadde alle tradisjonar og positive erfaringar med å vera vertskap for utdanning og skuleelevar. Etableringa av høgre utdanningsinstitusjonar frå 1970-talet var eit framhald i dette, og gjennomgangen av nokre sosiale, økonomiske og kulturelle indikatorar viser at dei tre vertskommunane har hatt ei svært positiv utvikling i dei 50 åra som studiestadar. Det å bli studiestad på 1970-talet, også i Bygde-Norge, var å skyta gullfuglen for dei aktuelle kommunane. Men dei svært positive verknadane ser stor sett ut til å vera avgrensa til vertskommunane, som på dei fleste måleområde er i ein heilt annan posisjon enn dei respektive fylka og i dei fleste tilfelle nabokommunane.

Åra som kjem vil by på utfordringar og motbakkar for små studiestadar, enten dei er del av ein fleircampus-institusjon eller sjølvstendig høgskule. Den sentrale politikken er radikalt annleis i dag enn då dei tre bygdene vart studiestadar på 1970-talet. Etter to fusjonsbølger kan det sjå ut til at dei akademiske verdiane har vunne over dei regionale ambisjonane, men framleis er det truleg for tidleg å avskriva betydninga av den geografiske dimensjonen - i utdanningspolitikken som elles.

**EMNEORD:** Høgre utdanning, høgskule, studiestad, utdanningspolitikk, region.

## Innleiing

Det er ei utbreidd oppfatning og eit vanleg argument i utdanningsdebatten at høgre utdanning og forsking eignar seg best i større bysamfunn. Dei har fleire tilbod som kan trekkja til seg unge utdanningssøkjande, større tilgang på tilsette med høg kompetanse og generelt betre vilkår for å byggja opp under og å gi rom for verksemda.

Likevel er dei høgre utdanningsinstitusjonane i Norge i stor grad spreidde over det meste av landet. Sjølv om det dei seinare åra har skjedd ei sentralisering også på dette området av det norske samfunnet, er det framleis høgre utdanningstilbod på over 50 stadar i landet. Nokre av dei er relativt små tettstadar og bygdesamfunn.

Det er kring 50 år sidan den desentraliserte strukturen i høgre utdanning i Norge vart etablert. I dette arbeidet skal eg sjå på nokre av intensjonane som låg bak etableringa av denne strukturen, og i kva grad forventningane frå den gongen kan seiast å vera innfridde.

Hovuddelen av arbeidet handlar om korleis det har gått med tre av desse små studiestadane gjennom snart femti år. Det gjeld Volda, Bø i Telemark og Sogndal, som har det til felles at dei fekk etablert distrikthøgskular på 1970-talet. Målt i folketal var dei blant dei minste som fekk lokalisert slike utdanningsinstitusjonar i den tidlege fasen, og dei var og er bygdesamfunn i nokre av dei sterkeste nynorskområda i landet. Dei symboliserer på mange vis den desentraliseringspolitikken som var ein del av tidsånda kring 1970, og som har hatt betydning for utforminga av høgskulesektoren i Norge. Dei tre har også det til felles at talet på studentar er svært høgt jamført med folketalet. Tal registrerte studentar er i 2019 kring 40% av folketalet i kvar av dei tre kommunane.

I arbeidet er eg oppteken av om intensjonane med desentraliseringa kring 1970 og etableringa av desse små studiestadane kan seiast å ha vore vellukka. Har dei tre greidd å bli attraktive stadar å studera? Eg vil sjå på kva som kjenneteiknar studentmassen og studietilbodet, og korleis det har utvikla seg. Eg er også oppteken av korleis dei tre stadane har møtt utfordringar på vegen, særleg sett i lys av endringar i rammevilkåra og den nasjonale utdanningspolitikken. Fokus på

«studiestad» indikerer at eg er særskilt interessert i den geografiske dimensjonen i utdanningspolitikken.

Eg kjem til å leggja størst vekt på høgskulane som utdanningsinstitusjonar. Det inneber at når eg skal prøva å seia noko om i kva grad dei har lukkast, er det studentrekruttering og studenttal som får hovudmerksemda, supplert med nokre indikatorar på i kva grad dei har lukkast etter akademiske mål. Det kan innvendast at dette er snevre målområde. Mange andre meir kvalitative data kunne vore nyttå når ein skal seia noko om dei har lukkast. Men tanken er at rekruttering og studenttalsutvikling seier noko om i kva grad desse studiestadane har greidd å ta ein plass, og om dei viser att i det norske høgre utdanningslandskapet. Sjølvsagt har også tid og kapasitet sett grenser for kva eg har hatt høve til å gå inn i.

Eg er også oppteken av kva etableringa av utdanningsinstitusjonane har hatt å seia for utviklinga i lokalsamfunna og regionen. Her nyttar eg først og fremst vanlege sosio-økonomiske måleparameter for tilstanden i kommunane. I dette ligg det også at eg ikkje berre er oppteken av utdanningsinstitusjonane isolert, men som samfunnsinstitusjonar som spelar ei rolle regionalt og lokalt, og som spelar saman med lokalsamfunnet og regionen i mange samanhengar. Omgrepet «studiestad» reflekterer dette, og eg brukar i stor grad studiestad som det sentrale granskingsobjektet.

Ein motivasjon for å retta merksemda mot korleis det har gått med dei små studiestadane som vart etablerte i Norge på 1970-talet er at det er svært avgrensa med tilgjengeleg forsking på feltet. Det som er av relevant materiale er primært historiske framstillingar av utdanningsinstitusjonane, og det er forsking- og utgreiingsarbeid knytt til utviklinga av ulike sider ved høgre utdanning og forsking. Eg har ikkje funne studiar som er opptekne av utviklinga ved små studiestadar spesielt, felles kjenneteikn eller skilnadar mellom dei.

I utgangspunktet er dette ein case-studie der eg nyttar omgrepet «studiestad» for dei tre casane. I samsvar med Robert K. Yin (Yin, 1984), forstår eg ein casestudie som ein forskingsstrategi eller design for eit intensivt forskingsprosjekt der ein ynskjer å gå i djupna for å undersøka mange eigenskapar hjå ei eller nokre få undersøkingseininger med sikte på å utvikla ei heilskapleg forståing av fenomenet.

Casestudiar opnar for bruk av ulike undersøkingsmetodar, og interessa for det spesielle ved undersøkingseiningane og variasjonar mellom dei er viktigare enn formål om å generalisera. Formålet er dermed både å finna fellestrekk og å samanlikna dei tre studiestadane for å finna variasjonar.

Yin seier at casestudiar eignar seg særskilt godt når ein skal studera eit samtidig fenomen i sin verkelege kontekst, der grensene mellom fenomenet og konteksten ikkje er innlysande klare og der fleirfaldige datakjelder vert brukt. Eg meiner i tillegg at casestudiar også kan brukast til å undersøka eit historisk fenomen eller prosessar over tid. Ei grunngjeving for det er at sjølv studiar av svært aktuelle fenomen må rekna med å spegla det som har vore (Bjelle, 1996).

Casen i denne studien er dermed heile studiestaden. Utdanningsinstitusjonane og den utdanningspolitiske konteksten står sjølvsagt sentralt, men eg er ikkje interessert i å isolera dei. Eg er interessert i korleis dei ulike elementa som fag og akademisk kvalitet elles spelar saman med studentmiljø og lokalsamfunnet og utgjer ein heilskap. I dette tilfellet er det dermed tale om ein fleircasestudie der formålet både er å finna typiske trekk ved små studiestadar og variasjonar mellom dei (Bukve, 2016). Eg er både interessert i å sjå korleis dei tre har utvikla seg jamfört med universitets- og høgskulesektoren samla og å avdekka skilnadar mellom dei.

Casane i studien og fokus for analysen er studiestad og institusjon, ikkje avdelingar, fagmiljø eller einskildpersonar. Alt dette kunne vore interessant, men ville ha sprengd rammene for arbeidet. Utan tvil kunne dei aller fleste av dei tema og problemstillingane eg er innom vore grunnlag for eigne forskingsarbeid.

Ved sida av tilgjengelege data om rekruttering, studenttal og data om sosiale og økonomiske forhold på kommunenivå, baserer arbeidet seg på gjennomgang av dei aktuelle utdanningsinstitusjonane sine årlege rapportar og planar for verksemda frå 1970-talet og fram til 2018. I tillegg kjem samtalar med nøkkelpersonar ved dei tre studiestadane og eigne inntrykk og kunnskapar gjennom eit yrkesliv, hovudsakeleg i ulike leiarstillingar innan høgre utdanning i Sogndal.

Dei tre studiestadane er ikkje like på alle område. Medan høgre utdanning i Bø berre har handla om distriktshøgskule og det som har utvikla seg derfrå, har det i Volda og Sogndal også vore lærarutdanning heile perioden. Volda er den einaste av dei tre som hadde utdanningstilbod ut over vidaregåande skule, eller «postgymnasial utdanning»

som det heitte, også før distriktshøgskulen kom i gang. Volda lærarskule er blant dei eldste i landet, og sjølv om lærarutdanningane ikkje fekk status som høgskular før ut på 1970-talet, betyr det at Volda har lengre og tyngre tradisjonar som studiestad enn det Bø og Sogndal har.

Sjølv om alle tre er relativt små bygdesamfunn med 6-9000 innbyggjarar i dei respektive kommunane i 2019, og alle er lokalisert i relativt tynt folkesette delar av landet, er det også variasjonar når det gjeld avstand til tyngre befolkningsområde. Bø har kortaste avstand til tett folkesette område og Sogndal har klårt minst folketal i nærområdet.

Framgangsmåten vil vera at eg først seier litt om konteksten då dei tre vart studiestadar på 1970-talet, og då med særleg vekt på det nye høgskuleslaget: distriktshøgskular. Deretter tek eg føre meg nokre viktige endringsprosessar i høgre utdanning gjennom desse snart femti åra, før eg ser på korleis dei tre har møtt og vorte påverka av desse endringane og utfordringane, også sett i lys av kultur- og utdanningstradisjonar i lokalsamfunna og regionen. Her leitar eg både etter likskapar og skilnadar mellom dei tre. Etter det rettar eg blikket mot studentrekuttering og studenttalsutvikling med sikte på å kunna seia noko om i kva grad dei tre har greidd å bli attraktive studiestadar. Eg ser også på korleis utviklinga har vore i dei tre vertskommunane, utan at eg dermed meiner at alle demografiske, økonomiske eller sosiale endringar kan forklarast med høgskuletableringa. Til sist oppsummerer eg funna, og eg avsluttar med nokre tankar om kva framtid slike små studiestadar kan ha.

## Kontekst

Då «Ottosen-komiteen», eller Komiteen til å utrede spørsmål om videreutdanning for artianere og andre med tilsvarende grunnutdanning (Kirke-/undervisningsdep, 1965-1970) vart oppnemnd midt på 1960-talet, var oppdraget å foreslå revisjon av eit stivbeint og underdimensjonert høgre utdanningssystem. Høgre utdanning bestod av to fråskilde sektorar, på den eine sida nokre få forskingstunge universitet og vitskaplege høgskular lokalisert til dei tre største byane, og på den andre sida reine utdanningsinstitusjonar spreidde utover landet i form av fag- og profesjonsskular for lærarar, helse/sosial- og tekniske fag. Den siste gruppa vart ikkje ein gong rekna som høgre utdanning i offisielle framstillingar og statistikk. Mellom desse var det ingen sambandsliner eller høve til overgang mellom institusjonane for studentar. Ei hovudoppgåve for Ottosen-komiteen var å integrera sektoren og å skapa ein ny struktur (Melle, 1999).

Den sterkest utløysande faktoren for å revidera utdanningssystemet var demografi. Dei store årskulla som var fødde like etter krigen var ikkje berre mange, men stadig fleire av dei orienterte seg mot høgre utdanning i takt med endringar i næringsstrukturen og den nye, moderne og kunnskapsbaserte økonomien sine behov for arbeidskraft med høgre kompetanse.

I diskusjonane om utforminga av den nye strukturen var det ulike grunnsyn og motiv som møttest. På den eine sida var dei som primært såg satsing på utdanning som ei lønsam og nyttig investering, der det galdt å utforma effektive og rasjonelle utdanningsløp som var relevante for samfunns- og næringsliv. På den andre sida var dei som såg utdanning først og fremst som eit danningsprosjekt, som grunnlag for kulturelt medvit og refleksjon om samfunnet, mellom anna målbore i det såkalla «Allmennfagutvalet» si innstilling (St.prp.121, 1969-70). Spenningar og diskusjonar kring dette kom ikkje minst til uttrykk i universitetskrinsar og studentpolitikk, ofte i form av sterk kritikk mot Ottosen-komiteen sine framlegg.

Stortinget si oppfølging av Ottosen-komiteen med vedtak om etablering av Universitetet i Tromsø, nye høgskular og studiestadar, innleia den kanskje største endringa i norsk utdanningspolitikk etter andre verdskrigen. Det var eit demokratiserings- og utjamningsprosjekt der høgre utdanning skulle bli eit gode som mange fleire skulle ha tilgjenge til, uavhengig av kjønn, geografi eller sosial bakgrunn.

Langt fleire enn unge menn frå høgre sosiale lag i byane skulle kunna ta høgre utdanning. Velferdsstaten og utjamningspolitikken hadde nådd høgre utdanning.

Den nye strukturen i høgre utdanning vart altså til i eit spenningsfelt mellom slike ulike grunnsyn og forventningar. I tillegg vart den til i ei tid med sterke anti-autoritære haldningars, og ønske om desentralisering av makt og mynde.

Bygdebaserete interesser og radikale studentkrinsar fann kvarandre og bidrog til ei nyorientering i utdanningspolitikken, som innebar ein ambisjon om å ta heile landet i bruk. Koplinga av utdanningspolitikk og distriktpolitikk var eit særnorsk fenomen og eit uttrykk for distrikta sin tradisjonelt sterke stilling i norsk samfunnsliv og politikk. Uttrykket «distriktshøgskule» var ein politisk genistrek, seier Oddbjørn Melle (Melle, 1999). Det står i sterk kontrast til dagens sterkt sentraliserande politikk både innan høgre utdanning og på dei fleste andre samfunnsområde.

Intensjonen frå Ottosen-komiteen var å samla postgymnasial utdanning, dvs. utdanning som bygde på fullført gymnas, eller vidaregåande skule med studiespesialisering som det heiter i dag, i regionale studiesentra. Desse skulle også omfatta eit nytt utdanningsslag, som etter kvart fekk namnet «distriktshøgskule». I utgangspunktet var ikkje distriktshøgskular tenkt å vera eit utdanningsslag i vanleg forstand, meir eit organisatorisk og administrativt overbygg over eksisterande og nye postgymnasiale utdanningstilbod, slik som lærarskular, sjukepleieskular og tekniske skular. Men slik vart det ikkje. Distriktshøgskulane vart nye og sjølvstendige utdanningsinstitusjonar ved sida av dei tidlegare yrkesretta postgymnasiale skulane, som frå midten av 1970-talet gradvis fekk status som høgskular (Fulsås, 2000).

Dei fleste såg for seg at regionale studiesentra skulle ha sete i dei større byane kring i landet, særleg dei som hadde tapt i kampen mot Tromsø for å få universitet (Melle, 2000). Men ulike bygdebaserete interesser og ei generell distriktpolitisk mobilisering på slutten av 1960-talet gjorde at dette ikkje vart sjølvsagt. Også bygdesamfunn melde seg på i kampen om å få lokalisert høgskular. Frå nokre hald var det forventningar om at dei nye desentraliserte høgskulane og fagmiljøa kunne utfordra den sentrale makta i ulike samanhengar, og utgjera ein motekspertise på vegner av ulike utkantinteresser.

I 1969, året etter vedtaket om etablering av Universitetet i Tromsø, vedtok Stortinget etablering av dei første distriktshøgskulane (i Rogaland, Agder og Møre og Romsdal).

I løpet av 1970-talet vart det etablert distriktshøgskular i til saman 10 fylke. Intensjonen var å etablere utdanningstilbod som avlasta og utfylte dei som fanst ved universiteta, ikkje minst med kortare, tverrfaglege utdanningsprogram, som kunne møta nye behov i samfunns- og næringsliv og som kunne auka effektiviteten i utdanningssystemet. Det var ikkje nye universitet dei skulle bli, heller tiltak for å hindra etablering av fleire universitet og å bidra til ein meir integrert høgre utdanningssektor.

Etablering av høgre utdanningstilbod over heile landet hadde altså både reint utdanningspolitiske formål og det hadde som formål å bidra til sosial og økonomisk utvikling og modernisering. Det vart etablert studiestadar med distriktshøgskular, mellom anna i dei tre bygdesamfunna me skal sjå på i dette arbeidet.

# **Nokre hovudtrekk i utviklinga av høgre utdanning sidan 1970**

## **Mange fleire studentar og variasjonar i rekrutteringa**

I løpet av dei 50 åra som har gått har talet på studentar i høgre utdanning i Norge vaksen frå kring 50 000 i 1970 til vel 275 000 i 2018. Norge har fått ein langt meir kunnskapsbasert økonomi med langt fleire arbeidsoppgåver som krev høgre utdanning, og andelen av befolkninga (16 år og eldre) som har fullført ein høgre utdanningsgrad har auka frå 7,4% i 1970 til 33,4% i 2017 (SSB Utdanningsstatistikk, 1985-2018).

Det er ikkje her høve til å gå nøye inn på prosessane som forklarar den sterke auken i studiefrekvens i Norge, som har mykje til felles med andre utvikla land. Me skal berre slå fast at forklaringane er samansette og at studiefrekvensen har auka svært sterkt gjennom dei kring 50 åra, frå at høgre utdanning var ei mulegheit for dei få, til masseutdanning. Både næringsutviklinga, globaliseringa og andre økonomiske, sosiale, kulturelle og utdanningspolitiske faktorar har betydning, også når det gjeld val av type utdanning. (Næss, 2013)


Talet på dei som til ei kvar tid er inne i høgre utdanning aukar også som følgje av lengre utdanningsløp. Mange kortvarige utdanningstypar som vart del av høgre utdanning på 1970- og 80-talet har fått lengre studietid og stadig fleire tek utdanning på masternivå.

I tillegg til sterkt aukande studiefrekvens, som er hovudtrenden, varierer etterspurnaden etter høgre utdanning i hovudsak som følgje av storleik på årskulla som var fødde kring 20-25 år tidlegare og tilhøve på arbeidsmarknaden. Dette uttrykkjer det forholdet at unge menneske i 20-årsalderen er i fleirtal blant dei som går inn i høgre utdanning og at alternativa deira først og fremst handlar om utdanning eller arbeid. Altså ein tankegang godt i samsvar med Eilert Sundt si «befolkningslov». (Munthe, 2001).

Når det gjeld fødselskulla, var toppåret 1946 (over 70 000 fødde) og deretter låg kulla på eit ganske stabilt høgt nivå (mellan 60 000 og 64 000) fram til ein ny topp på kring 67 000 mellom 1965 og 1969. Deretter minka talet raskt til litt over 50 000 i 1977 og låg på dette nivået fram til slutten av 1980-talet (Aamodt, 2003). Då kom det

ein ny vekst til rundt 60 000 som varde fram mot slutten av 1990-talet, då årskulla igjen gjekk ned mot 55 000. I 2008 auka kulla igjen til kring 60 000. Andre forhold som kan påverka storleiken på årskulla på veg inn i høgre utdanning, som inn- og utvandring, betyr relativt lite i dette grovkorna biletet.

Når ein skal forstå rekruttering til høgre utdanning på grunnlag av storleik på årskulla, må ein vera merksam på at søkerane eller studentane fordeler seg over fleire årskull. Men isolert sett skulle dei demografiske variasjonane tilseie stor etterspurnad etter studieplassar frå slutten av 1960-talet og med litt variasjonar heilt fram til midten/slutten av 1990-talet. Derfrå tilseier dei demografiske variasjonane mindre etterspurnad fram til kring 2010, då årskulla i 20-åra igjen auka.



Kjelder: Tal for 1971 er henta frå SSB Historisk statistikk, 1994. Tal for 1975 – 1990 er henta frå SSB Statistisk årbok 1977, 1982, 1988, 1993. Tal frå 1995 – 2018 er henta frå DBH. Tala inkluderer studentar ved dei gamle fagskulane for lærar, helse, tekniske fag mm.

Først og fremst reflekterer figur 1 den sterke auken i studiefrekvens desse åra. I tillegg samsvarar den eit stykke på veg med dei demografiske variasjonane, men ikkje fullt ut. Særleg krev den sterke veksten i studenttalet frå midt på 1980-talet til midt på 90-talet ei forklaring, og forklaringa er først og fremst å finna i arbeidsmarknaden.

Norge gjekk inn i ein lågkonjunkturen på andre halvdel av 1980-talet med därlegare økonomiske utsikter. Det påfølgjande tiåret medverka det til ein eksplosiv vekst i høgre utdanning. Talet på studentar på landsbasis dobla seg frå 1985 til 2000 og veksten var sterkest i høgskulesektoren (SSB Utdanningsstatistikk, 1985-2005).

Mykje av auken hadde bakgrunn i at sentrale styresmakter prøvde å unngå arbeidsløyse, særleg blant ungdom. Høgre utdanning vart nytta som motkonjunkturtiltak (Try, 1999). Og i motsetning til tradisjonelle arbeidsmarknadstiltak, vart ikkje tiltaka i form av fleire studieplassar i vesentleg grad trappa ned då konjunkturane betra seg på andre halvdel av 1990-talet. Dei nye studieplassane vart i stor grad permanente. Etter kvart kom det generelle nedskjeringar, i første omgang i kjølvatnet av fusjonane i 1994 og etter kvart også nedskjeringar i talet på studieplassar som følgje av redusert søking til høgre utdanning, men i beskjeden målestokk jamfört med veksten frå slutten av 1980-talet. Veksten frå andre halvdel av 1980-talet og eit tiår framover er så langt den sterkeste vekstperioden i norsk høgre utdanning.

Perioden frå slutten av 1990-talet fram mot 2010 var prega av mindre årskull og også betre tider i næringslivet og arbeidsmarknaden, med mindre interesse for å ta høgre utdanning. Endringa kjem tydeleg til uttrykk ved at tal søkerar via Samordna Opptak nådde ein topp i 1994 som først vart passert i 2011. Endringa med færre søkerar frå slutten av 1990-talet og eit tiår framover skapte ein ny situasjon med relativt få søkerar til mange studieplassar. Mange studiestadar og institusjonar opplevde sterk konkurranse om studentane.

Men tal studentar i høgre utdanning heldt fram med å auka også desse åra. Årsakene er dels framhald i auka studiefrekvens, dels at fleire studentar oppheldt seg lengre i høgre utdanning, mellom anna som følgje av at mange utdanningar etter innføringa av Kvalitetsreforma i 2003 fekk forlenga studietid, og dels fordi det etter kvart vart fleire tilbod og vanlegare å ta mastergrad. Veksten var størst i universitetssektoren desse åra, men det kan langt på veg forklarast med at nokre større høgskular fekk universitetsstatus (DBH, 2019).

Frå kring 2010 auka søkeratala igjen i takt med at større årskull i 20-årsalderen var på veg inn i høgre utdanning, samstundes med at ei global finanskrise på ny skapte uro for ungdomsarbeidsløyse. Frå kring 2010 kom det dermed igjen ein periode som gav gode vilkår for vekst med auka løyvingar til fleire studieplassar og ressursar elles til utbygging av høgre utdanning, om enn i meir moderat omfang enn kring 1990.

For dei høgre utdanningsinstitusjonane og studiestadane har det gjennom det meste av 50-årsperioden vore vekstgrunnlag, og i enkelte periodar altså høve til sterk vekst.

Nye studieplassar har i stor grad vore fullfinansierte av staten, og i mindre grad har det vore snakk om å redusera kapasiteten når tilhøva har endra seg. For institusjonane galdt det då å forsvara den utvida kapasiteten med god nok rekruttering eller å omdisponera ressursar til andre formål som kunne forsvara det statlege løvingsnivået. Det galdt å snu seg raskt og å koma på tilbodssida med kapasitetsauke på relevante utdanningsområde når det var behov for det. Slike periodar har dermed gitt plass til fleire studentar, fleire tilsette, nye undervisningsbygg, fleire studentbustadar og andre fasilitetar. Ikkje minst i perioden på 1980- og 90-talet gav dette svært gode utviklingsmulegheiter også for høgre utdanning utanfor dei største byane.

Samstundes har periodar i etterkant av vekstfasane med færre søkerar bydd på ekstra utfordringar og ofte behov for omstilling. Ikkje minst gjeld det for mindre institusjonar og studiestadar, som då har fått problem med å rekruttere nok studentar i høve til den utvida kapasiteten. Det var situasjonen for ein del institusjonar og studiestadar på slutten av 90-talet og inn på 2000-talet (Try, 2000), også for dei tre me ser på her.

Utfordringane har endra karakter gjennom desse åra. Fram til slutten av 1990-talet var høgre utdanning underlagt eit ganske detaljstyrt regime frå sentrale styresmakter. Utdanningskapasiteten vart styrt på grunnlag av prognosar og plantal, og institusjonane måtte søkja departementet om det meste, både løyve til å oppretta og å leggja ned studieplassar. Etter kvart som den moderne staten og New Public Management utvikla seg med mål- og resultatstyring, fekk institusjonane større autonomi og det var marknaden som overtok styringa. Utdanningstilbod med god studentrekruttering, mange uteksaminerte kandidatar, høg fagleg kompetanse blant dei tilsette, vitskapleg publisering og etter kvart bidrag i næringsutviklinga var nøkkelen for vidare utvikling for dei høgre utdanningsinstitusjonane. Institusjonane måtte læra marknadstilpassing og dei måtte leva med «teljekantar» på dei sentrale verksemdsområda.

Eg kjem til å vera oppteken av korleis dei aktuelle institusjonane og studiestadane har møtt desse utfordringane.

## **Utviklinga av ein høgskulesektor med nye typar utdanning**


For 50 år sidan var det som då vart rekna som høgre utdanning avgrensa til dei klassiske universitetsstudia og utdanninger ved nokre få spesialiserte vitskaplege høgskular, alle lokaliserte til dei tre største byane og deira omland. I tillegg var det ei rekke fag- og yrkesutdannande institusjonar, lærarskular, sjukepleiarskular, tekniske skular med meir, spreidde over heile landet og fråskilt dei akademiske institusjonane. Desse var reine utdanningsinstitusjonar utan koplingar til dei akademiske, og utdanning frå desse gav ingen utteljing i det akademiske systemet. Det var dette to-delte systemet Ottosen-komiteen skulle bidra til å revidera.

Etableringa av distriktshøgskular bringa ein ny dynamikk inn i dette systemet. Dei som søkte jobb ved distriktshøgskulane hadde universitetsbakgrunn, og tilsetjingskrav og vilkår var dei same som ved universiteta. Studietilboda var ei blanding av universitetslike årsstudium og nye, relativt kortvarige yrkesutdanninger. Frå 1976 starta prosessen med oppgradering av dei gamle fagskulane til høgskular, først lærarskulane og deretter tekniske, sosial- og helsefagskulane. Dette resulterte i at det alt kring 1980 var etablert ein regional høgskulesektor med institusjonar over heile landet, som målt i tal studentar var nesten like stor som universitetssektoren. Og hovudvekta av utdanningstilboda i høgskulesektoren var yrkesretta utdanningar med nær kontakt til næringsliv og forvaltning i regionen. Det ein kalla høgre utdanning vart i altså i løpet av få år kraftig desentralisert og fekk eit heilt anna regionalt tilsnitt enn før.

Alt på slutten av 1980-talet hadde studenttalet i høgskulesektoren (statlege og private institusjonar) passert tal studentar i universitetssektoren og heldt seg større fram til 2004. Det er først dei siste åra med fusjonar og endring i institusjonsstatus for ein del av dei største høgskulane, at det me kollar universitetssektoren har fått vesentleg fleire studentar enn høgskulesektoren. Men biletet har endra seg mykje dei siste åra. Hausten 2018 var det registrert i alt 275 610 studentar ved norske høgskular og universitet. Berre vel 20% av dei tilhørde det som var igjen av statlege og private høgskular (Kjelder: SSB Historisk statistikk 1994, Utdanningsstatistikk 1995, Studenter i høyere utdanning 2017. DBH, 2018).

I perioden fram til fusjonane midt på 1990-talet, då institusjonsstrukturen i høgskulesektoren vart dramatisk endra, auka både talet på studentar og høgre utdanningsinstitusjonar sterkt. Av dei gamle profesjonsskulane, var det lærarskulane

som raskast fekk status som høgre utdanningsinstitusjonar, og fram til byrjinga av 1980-talet var dei det største institusjonsslaget i regional sektor. Då vaks private høgskular sterkt, særleg dei som dreiv med økonomisk-administrative utdanningstilbod med BI i spissen. Både veksten ved private høgskular og distriktshøgskular hadde mykje av grunnlaget i økonomifaga, og understrekar at 1980-talet i mange samanhengar var økonomane og økonomifaget sitt tiår (BI, 2018). Ingeniørhøgskulane hadde nesten ikkje vekst før på slutten av 80-talet. Helse- og sosialhøgskulane fekk i stor grad status som høgre utdanning tidleg på 1980-talet, og det forklarar mykje av den sterke veksten desse åra.



Kjelde: SSB Utdanningsstatistikk for dei aktuelle åra.

Lågkonjunkturen og tilføring av nye studieplassar medførde stor auke i studenttalet i heile høgskulesektoren frå andre halvdel av 1980-talet. Etter 1994-fusjonane var auken i det samla studenttalet moderat, men med vesentlege skilnader mellom dei ulike utdanningsområda.

Desse åra var det i stor grad meir næringslivsretta utdanningsområda slik som økonomi og administrasjon som vaks. Utdanningsområde som primært er orienterte mot offentleg sektor, slik som lærarutdanningar og treårige utdanningar innan helse- og sosialfag hadde moderat eller ingen vekst i det heile desse åra (SSB, 2015). For lærarutdanningane galdt det heilt frå midten av 1990-talet og fram mot 2010, og inntrykket av stagnasjon vert forsterka når ein tek omsyn til at

allmennlærarutdanninga vart utvida til fire år tidleg i denne perioden. Strengare opptakskrav frå 2006 medførde også mindre interesse for å ta lærarutdanning.

Dei tre studiestadane me ser på i dette arbeidet har i litt varierande grad eit sterkt innslag av utdanningsar som er innretta mot velferdsstaten sine behov. Det er eit fenomen dei etter kvart har lært seg å leva med at interessa for å ta slike utdanningsar varierer med konjunkturane i næringslivet. I därlege tider aukar interessa for desse tradisjonelt trygge utdanningsvala, medan interessa er mindre i periodar der det er gode utsikter for jobb i privat sektor. Som me skal sjå, har situasjonen for dei tre studiestadane og andre med liknande samansetjing av utdanningstilbodet vore prega av dette, mellom anna i perioden frå slutten av 1990-talet og eit tiår framover.

## **Gradvis utjamning i rekrutteringa til høgre utdanning**

I den tidlege etterkrigstida og før det, var rekruttering til høgre utdanning svært skeiv, både geografisk, sosialt og med omsyn til kjønn. Var du dotter til ein småbrukar, fiskar eller industriarbeidar og busett på landsbygda, var sjansen for vidaregåande eller høgre utdanning statistisk sett svært liten på 1950- og 60-talet (Heggen, 2002).

Det skeive mønsteret har fleire årsaker. Geografisk var utdanningstilbodet därlegare i utkantstrøk, familieøkonomien kunne hindra vidare utdanning i breie sosiale lag, og i mange miljø var det låge forventningar til at unge menneske skulle ta utdanning ut over det som var obligatorisk. Oppfatningane i breie lag av folket var at høgare utdanning var både framandt, unødvendig og dyrt. Det viktige var at ein lærde å «folka seg» (Sveen, 2012). Etter kvart vart tilbodet betre utbygd og meir tilgjengeleg, først med obligatorisk niårig grunnskule frå 1960-talet, deretter sterk utbygging av vidaregåande skule på 1970-talet, og etter kvart med eit regionalt høgskulesystem som starta med distrikthøgskulane på 70-talet. Gradvis betre studiefinansiering sidan Lånekassa vart skipa i 1947 er også viktig. Parallelt med auka kompetansekrav i arbeidslivet, gjorde dette at fleire unge menneske orienterte seg mot meir utdanning, uavhengig av kjønn, sosial eller geografisk bakgrunn. Auka mobilitet i store delar av befolkninga er også medverkande i dette biletet (Helland & Heggen, 2013).

Kjønn er den dimensjonen der det har endra seg mest. Frå at kvinner utgjorde 24% av studentane ved universiteta og dei vitskaplege høgskulane i 1964 (SSB, 1965), var

det alt tidleg på 1980-talet fleire kvinner enn menn som byrja i høgre utdanning. Omgjering av tidlegare profesjonsskular til høgskular, og utbygging av ei rekke nye kortvarige utdanningstilbod orientert mot den veksande velferdsstaten, betyr mykje i denne samanhengen. Kvinner har heile vegen vore i fleirtal når det gjeld lærarutdanning og helse- og sosialfag. Sidan kring 2000 har kvinner vore i fleirtal på alle utdanningsområde med unnatak for tekniske og naturvitenskaplege fag. Dei seinare åra har kjønnsfordelinga blant alle norske studentar vore kring 60-40 med kvinner i fleirtal.

Når det gjeld sosial bakgrunn, er hovudtrenden at høgre utdanning er blitt langt vanlegare i alle sosiale lag, men det inneber ikkje at sosial bakgrunn ikkje lenger betyr noko i utdanningssamanheng. Det er godt dokumentert at sosial bakgrunn har betydning for karakterar i grunnskulen, og for både utdanningsval og fråfall i vidaregåande skule (Støren, Helland, & Grøgaard, 2007). Det har også betydning for utdanningsval og prestasjonar i høgre utdanning. I dei lange universitetsstudia, og særleg dei tradisjonelle prestisjeutdanningane med høge opptakskrav, er sosial bakgrunn framleis ein viktig forklaringsvariabel (Strømme, 2013). Dei kortare yrkesretta utdanningane i høgskulesektoren har heile vegen rekruttert breiare, og vart tidleg utdanningsalternativ som rekrutterte godt frå middels og lågare sosiale lag, spesielt jenter.

Også når det gjeld geografisk bakgrunn har det skjedd ei betydeleg utjamning når det gjeld rekruttering til høgre utdanning. Om ein fokuserer på geografisk bakgrunn isolert, er det i våre dagar liten skilnad på by og bygd. Nyare studiar viser at det er litt mindre sannsynleg at du tek høgre utdanning om du har vakse opp i ein storby enn i ei bygd. Men det er variasjonar, til dømes med at det er fleire frå storbyar som satsar på lange prestisjetunge utdanningar, og det er færre jenter frå dei største byane som utdannar seg til lærar, barnehagelærar, sjukepleiar eller sosialarbeidar. (Helland & Heggen, 2013).

Ser ein derimot på kor stor del av befolkninga som har høgre utdanning, er dei regionale skilnadane store. Andelen med høgre utdanning er kring dobbelt så høg i Oslo som i Hedmark, Oppland og Nordland (Kommunalde, 2018). Men slike tal reflekterer først og fremst kvar arbeidsplassane for dei med høg utdanning er å finna.

Det er dekning for å hevda at høgskuleutdanningane frå 1970-talet og framover har bidrige til sosial utjamning (Hansen, 2010). Oppgraderinga av gamle fag- og profesjonsutdanningar saman med etablering av nye institusjonar og studiestadar over heile landet, som også tilbaud kortare yrkesretta utdanningsprogram, har gjort sitt til at høgre utdanning er blitt tilgjengeleg for fleire. Men det er framleis langt frå at alle skeivheiter er utjamna. Sjølv om det generelle utdanningsnivået i befolkninga stig, er det i mange samanhengar framleis dekning for påstanden om at utdanningssystemet reproducerer og legitimerer ulikskap (Hernes, 1974) (Ekren, 2014).

## Nye studiestadar, regionalisering og fusjonar

Etableringa av nye utdanningsinstitusjonar og omgjering av gamle fagskular til høgskular betydde at det i løpet av 1970- og 80-talet vart tilbod om høgre utdanning mange stadar i landet, ikkje berre i dei større byane. Kampen for å etablera høgre utdanning også i Bygde-Norge stod sentralt på 1970-talet (Melle, 1998) (Yttri, 2008) (Rovde, 2018).

Alt i Ottosen-komiteen sine innstillingar var ein oppteken av ei regional utbygging av høgre utdanning organisert desentralisert med «studiesentra». Komiteen foreslo at normal storleik på eit slikt senter skulle vera 1500 – 4000 studentar og med 500 studentar som minimum. Forslaget vart ikkje følgd opp i åra som kom, og dei mange profesjonsskulane som fekk status som høgre utdanningsinstitusjonar frå midten av 1970-talet vart i dei aller fleste tilfelle verande små, sjølvstendige institusjonar. Det la grunnlaget for ein desentralisert høgskulesektor i internasjonal målestokk, og med langt fleire studiestadar enn til dømes i Sverige. For å få til koordinering av verksemda vart det frå 1976 etablert regionale høgskulestyre, og i to tilfelle (Sogndal og Alta) vart det gjort forsøk med å slå saman lærarhøgskule og distrikthøgskule.

På slutten av 1980-talet var det vorte kring 200 høgre utdanningsinstitusjonar i Norge, kring 100 av dei var statlege. Fleirtalet av desse, og særleg mange av dei private som i dei fleste tilfelle heldt til i dei større byane, var svært små institusjonar. Hernes-utvalet fekk dermed i 1987 i oppdrag å foreslå organisatoriske løysingar for samanslåing og samarbeid mellom institusjonane i høgre utdanning. Utgangspunktet var at det var alt for mange institusjonar, eller som utvalet uttrykte det: «et helt

usedvalig høyt antall læresteder, som dels kiver med hverandre og som dels er seg selv nok» (NOU 1988:28, s. 108).

Hernes-utvalet frå slutten av 1980-talet og prosessane deretter som førde fram til fusjonane i 1994 representererte noko nytt i utdanningspolitikken. Akademisk kvalitet vart sett høgt på dagsordenen, og konsentrasjon og samordning av fagmiljø og ressursar skulle vera medisinen for å få det til. I tillegg kan Hernes-utvalet og dei påfølgjande fusjonane sjåast i lys av endringane i oppgåvedelinga mellom departement og institusjonane i høgre utdanning. I «den nye staten» (Helsvig, 2017) var det behov for større og sterkare institusjonar som hadde kapasitet til å handtera fleire forvaltningsoppgåver sjølve, i takt med at departementet i aukande grad skulle ha færre administrative og fleire politiske støttefunksjonar.

Hernes-utvalet si innstilling medførde kraftig reduksjon i tal statlege høgskular, men ikkje studiestadar. 98 sjølvstendige statlege høgskular vart i 1994 til 26. Dei regionale høgskulestyra vart avvikla. Det nye skulle vera samarbeid og arbeidsdeling i eit «Norgesnett». Norgesnettet genererte mykje arbeid kring i landet, men sett frå institusjonane vart det aldri følgd opp med finansiering. I løpet av få år smuldra det opp og fekk – sett i ettertid - om lag like avgrensa betydning for arbeidsdelinga i universitet- og høgskulesektoren som dei regionale høgskulestyra hadde hatt. På mange måtar står Norgesnettet att som eitt av dei siste forsøka på å praktisera sosialdemokratisk planideologi i høgre utdanning.

Sett i ettertid, innleia Hernes-utvalet ein epoke der vektlegginga av det regionale i dei sentrale utdanningspolitiske dokumenta vart svakare jamfört med 1970-talet. Det gjeld Mjøs-utvalet si innstilling (NOU, 2000:14), Stjernø-utvalet (NOU, 2008:3) og aller tydlegast i den såkalla «Strukturmeldinga» frå 2015 (St.meld.18, 2014-15).

I Stjernø-utvalet si innstilling vart merksemda tydeleg retta mot den desentraliserte og småskala strukturen i norsk høgre utdanning. Det vart argumentert for at denne strukturen ikkje var eigna til å møta krava om akademisk kvalitet, internasjonalisering og bidrag i næringsutviklinga som ville bli stilt framover. Fagmiljøa måtte gjerast sterkare, større og meir «robuste», og behovet for tilgjenge til høgre utdanning over heile landet måtte løysast på andre måtar enn med så mange små institusjonar og faste studiestadar.

I første omgang vart det satsa på samarbeid og arbeidsdeling mellom institusjonane i høgre utdanning, men då Høgre/Frp-regjeringa kom til makta etter stortingsvalet i 2013 var det samanslåing og fusjonering til langt større einingar som kom i fokus. Det var på mange måtar intensjonane i Stjernø-utvalet si innstilling som vart sett ut i livet. Stortingsmelding 18 (2014-2015) fortalte alt i overskrifta kva det handla om: «Konsentrasjon for kvalitet: strukturreform i universitets- og høgskolesektoren», og grunnlaget var lagt for ei ny fusjonsbølge. Og i denne omstruktureringa av høgre utdanning var fokus einsidig retta mot akademisk kompetanse, storleik og utvikling av «robuste» institusjonar. Den geografiske fordelinga av høgre utdanning var ikkje noko viktig tema.

I denne siste fusjonsbølga var det ikkje slik at sentrale styresmakter bestemde konkret korleis det nye landskapet skulle sjå ut. I motsetning til reforma i 1994, som i stor grad var detaljstyrt frå sentralt hald, fekk styra ved kvar institusjon til oppgåve å beskriva eigne sterke og svake sider og finna høvelege fusjonspartar med tanke på å overleva i eit uh-landskap med vesentleg færre, større og «robuste» einingar. Avgjerda var det institusjonsstyra som tok, på grunnlag av svært tydelege premissar frå sentralt hald.

Prosessen har sommaren 2019 resultert i at talet på høgre utdanningsinstitusjonar i Norge er redusert til 38 (21 statlege og 17 private), men framleis er det faste høgre utdanningstilbod på 53 ulike stadar i Norge, i tillegg til dei nettbaserte tilboda (Kunnskapsdepartementet, 2019). Såleis kan ein seia at den desentraliserte strukturen så langt er intakt, men som me kjem attende til er maktforholda endra med større og færre einingar og konsentrasjon av makt og styring til dei større byane.

Prosessane både med etablering av nye institusjonar og studiestadar og seinare to bølger med fusjonar har hatt betydning for utviklinga ved dei tre studiestadane, og eg vil vera oppteken av korleis dei har møtt utfordringane.

## Akademisering og universitetsambisjonar

I utgangspunktet skulle distrikthøgskulane bli noko nytt og bringa nye impulsar inn i høgre utdanning. Sjølv om eitt av formåla var å avlasta universiteta, skulle dei ikkje bli universitetskopiar, og dei skulle i følgje Ottosen-komiteen sine intensjonar først og fremst vera utdanningsinstitusjonar, ikkje forskingsinstitusjonar. Heile vegen har det

vore eit skilje ved at universitetssektoren er forskingstung, medan høgskulesektoren er undervisningstung (Kyvik, 2006). Johs. Hjellbrekke (Reymert, Hjellbrekke, Aamodt, & Frølich, 2015) beskriv dette skiljet som ulik grad av «akademisk kapital», der kapitalen aukar når dei tilsette forskar, publiserer, sit i vurderingskomitear, søker om EU-midlar eller Senter for framifrå forsking (SFF) og underviser på høgare grads nivå.

Men forsking vart tidleg ein del av verksemda i distriktshøgskulemiljøa. Med få nye stillingar ved universiteta på 1970-talet, var det god tilgang på unge, flinke universitetsutdanna til dei nye stillingane ved distriktshøgskulane (Rovde, 2018). Kriteria og prosedyrane for tilsettjing var dei same som ved universiteta, og studieplanane la stor vekt på sjølvstendig ansvar og arbeid for studentane og dermed relativt få undervisningstimar for dei tilsette. Det gav rom for forsking og fagleg aktivitet utover undervisninga. Distriktshøgskulane har heile vegen vore pådrivarar for det som vert kalla «akademisk drift» (Kyvik, 2006) i høgskulesektoren.

Rapporteringa i årsmeldingane fortel om dette. Under «anna verksemrd» vaks lista over pågåande fou-prosjekt, publikasjonar, foredrag og ulike faglege arrangement, også i Bø, Volda og Sogndal.

Ønsket om å utvikla ein akademisk og mest mogeleg universitetslik kultur ved distriktshøgskulane, skapte i mange tilfelle uoverstigeleg avstand til dei tradisjonsbundne og regelstyrte profesjonsutdanningane, til dømes ved lærarskulane. Dei som var tilsette der var lærarar, og fram på 1980-talet var det ikkje avsett tid til forsking i stillingane i det heile. Då kom det reduksjon i undervisningsplikta og gradvis auka fou-aktiviteten. Og forskingsaktiviteten i desse miljøa var i dei fleste tilfelle meir direkte orientert mot det yrkesfeltet dei utdanna for.

Kulturskilnaden som ligg her mellom distriktshøgskulemiljøa og dei profesjonsbaserte miljøa prega den regionale høgskulesektoren dei første tiåra, og det medførde mindre samarbeid og samanheng i verksemda enn det Ottosen-komiteen såg føre seg. Dei to forsøka på 1970-talet med å etablera felles institusjonar som både omfatta lærarhøgskule og distriktshøgskule var ikkje vellukka, og dei vart opplyoste tidleg på 1980-talet.

Også dei nye fleirfaglege høgskulane som stod fram etter 1994-fusjonen var prega av slike motsetningar. Men i den grad det skjedde påverking mellom miljøa, og

utviklinga gjekk i den eine eller andre leia, var det akademiseringa som vann fram. Dei profesjonsretta utdanningane i høgskulesektoren vart meir teoriprega og i ein del tilfelle mindre praksisorienterte. Utdanningane, slik som lærarutdanning, vart utvida i tid for å gi rom for meir teoretisk stoff og fagleg tyngde. Forsking og akademiske kvalifikasjonar fekk meir å seia ved tilsetjing og opprykk, og både tilsette og studentar vart meir opptekne av akademisk status (Yttri, 2016).

Fusjonane i 1994 representerte ein integrasjon mellom ulike utdanningstypar og kulturar der akademisk drift var ein av hovudtendensane. I mange miljø var motstanden mot integrerte regionale institusjonar på dette tidspunktet sterkt svekka. Mange såg seg tent med å bli dregen i akademisk retning fordi det gav meir attraktive arbeidsvilkår (Fulsås, 2000).

Og i dei påfølgjande åra gjekk utviklinga vidare på ein måte som etter kvart har gjort det norske todelte, eller «binære systemet» i universitet- og høgskulesektoren mindre tydeleg (Kyvik, 2006). I 1989 kom alle universitet og høgskular inn under felles lov med mellom anna felles opptaksreglement. I dei påfølgjande åra kom det felles karaktersystem, gradsstruktur, stillingsstruktur, styringsstruktur og finansieringsmodell. Høgskulane vart meir autonome med større ansvar for kva dei fekk ut av verksemda. Dei fekk høve til å etablera master- og doktorgradsprogram og ikkje minst fekk dei tidleg på 2000-talet høve til å søkja om akkreditering som universitet. I stor grad var det høgskulesektoren, og særleg dei største høgskulane med sine talerøyr, som pressa fram denne utviklinga.

Institusjonane innan høgre utdanning vart i aukande grad målt og vegne etter dei same kriteria, og den gradvise sidestillinga av universitet og høgskular forsterka akademiseringa og universitetsambisjonane i høgskulesektoren.

Sjølv om dei som har vorte verande høgskular har måtte søkja NOKUT om godkjenning for å tilby mastergradsprogram, har det sidan årtusenskiftet dukka opp svært mange studietilbod på høgare grads nivå, også i høgskulesektoren. Dette har gitt høve til vekst og utvikling, og ikkje minst har det stimulert høgskulane til langt større vektlegging av forsking og verksemd som gir akademisk status. Undervisninga er gradvis blitt meir forskingsbasert, samstundes som dei kortare yrkesretta utdanningstilboda er blitt mindre sentrale delar av verksemda.

Dei siste åra har utviklinga med overgang til universitetsstatus skote slik fart at i 2019 er det att berre fem statlege høgskular som har 15% av det samla studenttalet i Norge. I 1995 var det 25 statlege høgskular og dei hadde 55% av studentane.

Akademisk kvalitet og status og universitetsambisjonar har i varierande grad sett preg på utviklinga også i Volda, Bø og Sogndal. Me skal ha eit auge for det når me ser på utviklinga ved dei tre studiestadane.

## **Marknadsorientering og resultatstyring**

Det er dekning for å seia at kapasiteten i høgre utdanning i Norge først og fremst har vore styrt av etterspurnaden (Try, 2000). Store årskull i tjueårsalderen og problem i arbeidsmarknaden har i periodar utløyst fleire studieplassar i høgre utdanning, og dette har kome i tillegg til den generelle veksten som har vore alle dei 50 åra me ser på her. På hi sida har gode tider i næringslivet resultert i mindre interesse for å ta høgre utdanning, særleg utdanningar som kvalifiserer for arbeid i offentleg sektor.

Fram på 1990-talet var det på dei fleste område statleg detaljstyring av høgre utdanning. Løyvingane var knytt til planlagde målsetjingar for aktiviteten. Særleg var plantal for kor mange studentar som skulle takast opp avgjerande for storleiken på dei statlege løyvingane. Ikkje minst på velferdsstaten sine sentrale aktivitetsområde som helse-, sosial- og utdanning vart kapasiteten nøye justert etter behovsprognosar. Høgskulane me ser på her måtte ha løyve frå departementet for å etablera eller leggja ned utdanningstilbod eller for å auka eller redusera opptakskapasiteten. Studieplanane var sentralt fastsette med rammeplanar som i mange tilfelle gav svært lite rom for avvik.

Inspirert av internasjonale trendar med Margareth Thatcher og Ronald Reagan i spissen, vart det ideologiske grunnlaget for auka marknadsstyring, fristilling av statlege institusjonar og meir liberale ordningar på dei fleste samfunnsområde lagt på 1980-talet. Offentleg sektor skulle i større grad organiserast og styrast på same måte som private verksemder. Også dei høgre utdanningsinstitusjonane vart påverka av marknadsorienteringa og konkurransen og det vart vanleg med profesjonell marknadsføringshjelp for å visa att i landskapet. Men det tok lengre tid før dei statlege utdanningsinstitusjonane for alvor merka konsekvensane av mindre stat og meir marknad.

Fram til midten av 1990-talet var høgskulane framleis underlagt statleg detaljstyring på mange område, men den kraftige vekstperioden frå midt på 1980-talet introduserte noko nytt. Då var det stor frykt for ungdomsarbeidsløyse og sentrale styresmakter pøste ut ressursar til nye studieplassar. Og i den situasjonen vart den sentrale detaljstyringa mindre dominerande, det galdt først og fremst å auka kapasiteten og å «ta unna» for å unngå arbeidsløyse.

På ein måte var dette det første møtet høgskulane fekk med ein slags marknadsorientering og meir autonom rolle, der mulegheitene for å veksa og utvikla seg utan stramme statlege taumar opna seg. Desse åra galdt det å vera orientert om kva som skjedde, læra å snu seg raskt rundt og særleg finna utdanningsområde som kunne rekruttera studentar og visa seg leveduglege. Det galdt å seia «ja» når høvet baud seg. Det var ei ny tid for mange høgre utdanningsinstitusjonar.

Frå andre halvdel av 1990-åra kom endringane for fullt, mellom anna symbolisert med at Jon Lilletun som utdanningsminister etter ein del vanskelege spørsmål kring nedlegging av utdanningar, rett til å gi doktorgradsutdanning med meir gav meir fridom og fullmakt til institusjonane. Framleis i ein situasjon med i all hovudsak statleg eigarskap og finansiering av høgre utdanning i landet, innleidde dette ein ny fase med på den eine sida langt større autonomi for institusjonane. På den andre sida med innføring av stadig meir tilsyn og kontrollordningar, ansvar for institusjonane til å greia seg i konkurransen i ein open marknad, meir resultatbasert finansiering og med auka forventningar om internasjonalisering. Det var ei utvikling i høgre utdanning som var heilt i samsvar med utviklinga av den moderne staten elles og generelt på dei fleste samfunnsområde.

På utdanningssida var omlegginga merkbar frå finansiering etter plantal for opptekne studentar til kor mange som tok eksamen og etter kvart kor mange som gjennomførde utdanningsprogramma. Den resultatbaserte delen av finansieringa fekk gradvis mykje større plass både når det galdt utdanning og forsking. Særleg for høgskulane med lågare basisfinansiering enn institusjonane i universitetssektoren, vart det å rekruttera mange nok studentar som lukkast i utdanningsløpet heilt avgjerande. Ikkje minst Kvalitetsreforma basert på Mjøs-utvalet si innstilling og den følgjande stortingsmeldinga, gjorde premissane tydlege (St.meld.27, 2000-01).

Parallelt med meir fridom når det galdt å oppretta og å leggja ned utdanningar og langt større avhengigheit av å lukkast i ein konkurranseprega marknad, skjedde det i løpet av nokre år tidleg på 2000-talet endringar med valfridom når det galdt styring og leiing av institusjonane. Med ny lov om universitet og høgskular i 2005, fekk institusjonane valet mellom to hovudmodellar for leiing og styring; enten vald rektor som også er styreleiar, eller tilsett rektor med ekstern styreleiar. I dag finst det alle mogelege variantar av dette på ulike nivå i institusjonane, men hovudmønsteret, særleg ved dei store institusjonane, er vald rektor og tilsette leiarar lenger nede i organisasjonen. Dei fleste oppfattar det slik at dei tidlegare sterkt medverknadsorienterte ordningane, særleg ved distriktshøgskulane når det galdt leiing og styring av institusjon og avdelingar, har vore på vikande front. Leiinga er blitt meir administrativt orientert og kollegiale organ betyr mindre.

Forslag om å modernisera leiing og styring ved universitet og høgskular har vore ein gjengangar heilt tilbake til 1980-talet. Tanken har vore at styring, leiing og organisering har betydning for kvalitet og effektivitet i høgre utdanning. Særleg dei siste 20 åra har forventningane auka om at universitet og høgskular skal opptre som strategiske aktørar, meir og mindre på same måte som private bedrifter. Men i universitets- og høgskulesektoren, og særleg ved dei etablerte universiteta, har strategisk styring i mange tilfelle møtt intern motstand. Verdiar som akademisk fridom og fagleg autonomi slår gjennom i mange samanhengar, og institusjonane sine tradisjonar med desentralisering, medverknad og svakt utvikla hierarkiske avgjerdssstrukturar har prega verksemda (Frølich & Bleiklie, 2014).

Me skal sjå korleis desse nye utfordringane prega verksemda ved dei tre studiestadane, både aukande marknadsorientering og med tanke på strategisk styring av verksemda.

## **Studiestad, næringslivsrelevans og campusutvikling**

Då den regionale høgskulesektoren vart utbygd frå 1970-talet med etablering av nye sjølvstendige institusjonar, var det høgskulane si rolle som utdanningsinstitusjonar som stod i fokus. Lik rett til utdanning og den moderne velferdsstaten sine behov var det sentrale. I desse prosessane med omstilling frå elite- til masseutdanning var det høgskulesektoren hadde sine viktigaste oppgåver og det var behov og relevans i utdanningssamanheng som stod i fokus.

Før 1980 var det få reine forskingsinstitusjonar i Norge, og dei som fanst var i all hovudsak i Oslo, Bergen og Trondheim. På 1980-talet auka interessa for universitet og høgskular som forskingsinstitusjonar og som kjelde til nyskaping og omstilling i nærings- og samfunnsliv. Dermed vart dei høgre utdanningsinstitusjonane meir interessante også for næringslivet. På 1970- og 80-talet vart det etablert regionale forskingsinstitutt i dei fleste fylka, ofte i tilknyting til distriktshøgskular og andre regionale utdanningsinstitusjonane. Det ein kallar innovasjonsperspektivet inkluderte etter kvart både forsking og utdanning, og både offentleg og privat sektor. Utover 1990-talet vart det ytterlegare forsterka med globalisering og kunnskapssamfunn som nye referanserammer. Det resulterte i ei markert utviding av dei høgre utdanningsinstitusjonane sitt samfunnsoppdrag (NOU, 2008:3). Det vart etter kvart nedfelt i lovverket at universitet og høgskular også skal bidra til innovasjon og verdiskaping gjennom samarbeid med lokalt og regionalt samfunns- og arbeidsliv.

Også i Volda, Bø og Sogndal vart det etablert forskingsstiftingar på 1980-talet i tilknyting til høgskulane. Det var med å styrka posisjonen til desse studiestadane med tydlegare og breiare relevans i forhold til samfunns- og næringsliv, regional og lokal utvikling.

Omgrepet «studiestad» har ikkje i særleg grad vorte nytta og fått eit definert innhald i Norge. I USA har derimot omgrep som «Campus» og «College Town» (Gumprecht, 2003; Lowen, 2010) vore nytta i diskusjonar kring utvikling av det eg her kallar «studiestad». Campus-omgrepet relaterer seg til det fysiske området der universitetet eller høgskulen held til, medan ein «College Town» er den byen eller bygda der høgskulen høyrer heime.

I den amerikanske utgåva av «College Town», eller «høgskulebygda» i vår samanheng, er den høgre utdanningsinstitusjonen ein relativt stor, gjerne den største arbeidsplassen, og lokalisert utanfor dei største byane. Talet på studentar er minst 20% av folketalet i bygda, det er jamt stor utskifting i befolkninga, sterkt innslag av unge menneske og mange med variert geografisk og kulturell bakgrunn. Utdanningsnivået er høgt og det er lite industri.

Dei mange studentane og mange som stadig flytter til og frå bygda gjer at mange leiger hus, og mange privathus vert heilt eller delvis gjort om til studentbustadar. Det

sterke innslaget av unge og sosialt innstilte menneske gir grunnlag for eit tenestetilbod som elles ikkje ville vore der, særleg i form av serveringsstadar, kulturarrangement, konsertar og eit mangfaldig organisasjonsliv.

Sjølve campus er viktig og skal helst vera eit attraktivt, livleg og vakkert område som er integrert i lokalsamfunnet og trekkjer til seg ikkje berre studentar, men også næringsliv og lokalbefolkninga elles. Campus er langt meir enn ein skule. Det er ein offentleg stad, ein møteplass og eit kulturelt sentrum for heile lokalsamfunnet.

Ser ein på korleis amerikanske college presenterer seg, ser ein raskt at eit fint campus med innhaldsrikt kulturelt program og toppranka idrettsutøvarar er like viktig som talet på professorar eller publikasjonspoeng. Det aller beste synest å vera ein god mix.

Slike perspektiv på høgre utdanning har vorte meir aktualiserte også i Norge dei seinare åra, og i Europa elles, der universiteta oftast har vore spreidde over heile byen. I 2019 arrangerer Kunnskapsdepartementet konferansar om campusutvikling, og Statsbygg har eigne campusprosjekt mange stadar rundt i landet. Samarbeid og relevans for lokalt og regionalt næringsliv står sentralt i campusutviklinga. Me skal sjå litt på i kva grad denne utviklinga også har nådd fram til dei tre studiestadane.

# **Korleis har dei tre studiestadane møtt utfordringane?**

På bakgrunn av gjennomgangen så langt skal me sjå korleis dei tre studiestadane har møtt ein del av utfordringane, og korleis dei har utvikla seg gjennom 50 år. Men først litt om historia deira og korleis dei vart utdanningsstadar.

## **Tradisjonar som studiestad**

Då Ottosen-komiteen sine innstillingar skulle følgjast opp med vedtak om etablering av nye studiestadar, var det duka for lokaliseringsstrid mange stadar. Nynorsk- og bygdeinteresser markerte seg tidleg i denne debatten, og alt i 1967 gjekk Noregs Mållag inn for at høgskular i Telemark, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal burde lokaliserast til bygdemiljø (Rovde, 2018).

Dei tre studiestadane me ser på har det til felles at dei alle fekk utdanningstilbod med status som høgre utdanning i løpet av første halvdel av 1970-talet, og dei har i varierande grad ei historie som skulestadar. Kva føresetnader hadde dei for å bli studiestad og korleis skjedde det?

Volda er den av desse tre som først og fremst var ei bygd med utdanningstradisjonar, også «postgymnasialt». Det vart starta lærarutdanning drive som privat seminar alt i 1895, og offentleg lærarutdanning frå 1924. Folkehøgskulen i Ørsta frå 1899 er blant dei eldste i landet og Volda fekk landsgymnas i 1916. Distriktshøgskulen i Møre og Romsdal med hovudsete i Volda starta opp med undervisning hausten 1971.

Som vanleg jobba Møre og Romsdal aktivt for sine interesser, men også, som vanleg, var det intern splid. Møre og Romsdal var det einaste fylket som fekk to distriktshøgskular, men formelt ein institusjon, frå starten med hovudsete i Volda og studiestad også i Molde. Det største befolkningstyngdepunktet i fylket, Ålesund, nådde ikkje opp i kampen om det nye høgre utdanningsslaget.

I si framstilling av korleis Volda vart studiestad, seier Oddbjørn Melle at det har utvikla seg ein lærdomskultur sidan 1700-talet, som gjorde at Volda hadde ein kulturell kapital å dra vekslar på då det vart aktuelt å etablera distriktshøgskular på andre halvdel av 1960-talet. Då dei sentrale signala kom om eit mogeleg nytt høgre utdanningsslag i landet, var dei klar i Volda. I følge Melle var Volda den første

kommunen som etablerte ei eiga kommunal distriktshøgskulenemnd (Melle, 1999), og Volda var då også i første pulje, saman med Agder og Rogaland, då Stortinget gjorde vedtak om etablering av distriktshøgskular.

Bø var også skulebygd, om enn ikkje med like sterke tradisjonar og kapital som Volda. På 1920-talet var det sterke krefter som arbeidde for etablering av landsgymnas utan å lukkast då, men det kom i gang realskule og gymnasklassar på 1920-talet. I 1954 vart Telemark offentlege landsgymnas opna. Telemark distriktshøgskule i Bø vart etablert i 1971 og var dermed også blant dei første distriktshøgskulane. Etableringa var kontroversiell og skjedde i konkurranse med Grenlandsområdet, som hadde sjukepleie og teknisk utdanning og som var og er det befolkningsmessige tyngdepunktet i Telemark. I Telemark var det frå før også lærarskule på Notodden. Den nasjonsbyggande telemarkskuluren og sterke identitetsmarkørar knytt til nynorsk språk og dialektbruk var viktig for Bø, og var også innfallsvinklar i kampen for å få høgskule til bygda (Rovde, 2018).

At distriktshøgskulen i Telemark vart lagt til bygda og jordbruksamfunnet Bø var oppsiktsvekkande og resultat av betydeleg politisk påverknad frå ulike interesser, saman med politiske bølgjer i samtid, både antiautoritære haldningar, opposisjon mot sentral makt og styring og for desentralisering og distriktpolitikk. Det går an å knyta sambandsliner til radikale studentmiljø og internasjonale ideologiske bølger, seier Olav Rovde (Rovde (2018)).

Sogndal hadde også tradisjonar som skulestad. Sogndal folkehøgskule vart etablert alt i 1871 og er ein av dei eldste folkehøgskulane i Norge. Det har vore tradisjon for å innlosjera skuleungdom i Sogndalsfjøra om lag like lenge. Det vart starta privat realskule i 1936, handelsskule i 1940 og gymnas i 1942. I 1951 kom fylkesyrkesskulen i gang. Men det var spørsmålet om etablering av fleire lærarutdanningar i Norge som bringa Sogndal inn i diskusjonen om postgymnasial utdanning. Dette vart aktuelt tidleg på 1960-talet, grunngjeve med lærarmangel, men enda då med at Sogndal ikkje fekk permanent lærarutdanning. Den gjekk i staden til Telemark og Notodden. Som plaster på såret vart det frå 1963 tilbod om lærarskuleutdanning som filialklassar under Volda lærarskule. Først i 1972 vart det etablert eigen lærarskule i Sogndal og i kjølvatnet av den kom Sogn og Fjordane distriktshøgskule i 1975 (Yttri, 2008).

I alle desse tre tilfella var det departement og statlege politiske vedtak som avgjorde lokaliseringa. Hadde det vore opp til fylkesnivået å avgjera, ville truleg dei nye utdanningsinstitusjonane vorte lokalisert til det som på det nivået vart sett på som meir sentrale stadar i dei tre fylka, truleg Grenlandsområdet i Telemark, kanskje Førde i Sogn og Fjordane og kanskje Ålesund i Møre og Romsdal. Vedtaka om lokalisering til Bygde-Norge må sjåast i samanheng med den nye interessa for desentralisering, og for at ulike bygdeorienterte interesser og politikarar engasjerte seg sterkt og fann saman i desse sakene. Lokaliseringsvedtaka vart gjort av sentrale styresmakter, meir eller mindre i strid med politiske og økonomiske aktørar sine meningar i dei aktuelle fylka, og må forståast i lys av politiske strøymingar i samtidia. Me skal vera opptekne av i kva grad desse omdiskuterte lokaliseringsvedtaka har hatt betydning for utviklinga av dei tre studiestadane.

Alle dei tre bygdene hadde altså tradisjonar som vertssstad for utdanning med skuleungdom som budde på hyblar. Dei var vande med å innhysa dei og integrera dei i lokalsamfunnet, og skuleungdom og skulane var inntektskjelde for mange: «He eg ei vårbære, ei grisepurke og ein skulelev, så klarer me oss godt både med mat og penge.» Sitert etter R. R. Aarflot: Bygdesamfunn og utdanning (Driveklepp et al., 1981). Hjå alle tre var høgskuletableringa eit framhald i noko som hadde gitt mykje positivt til bygda.

## **Utdanningstilbodet og den faglege profilen**

Me skal sjå litt på korleis utdanningstilbodet og den faglege profilen har utvikla seg ved dei tre studiestadane. Korleis har dei tilpassa seg endringane i rammevilkåra og kva har vore viktig for utviklinga av den faglege profilen? Me skal sjå både på fellestrekks og skilnadar mellom dei tre.

Etableringa av distriktshøgskular var noko svært nytt i det norske utdanningslandskapet. Dei vart etablerte som lekk i arbeidet med å mjuka opp eit stivbeint og underdimensjonert høgre utdanningssystem. Dei skulle bringa noko nytt inn i systemet, nye typar utdanning, opna høgre utdanning for nye grupper mellom anna gjennom mindre rigide opptaks- og kompetansekrav, ved å nytta relativt mykje ressursar på etterutdanning og vaksenopplæring mm. (Førde, 1973). Det var ikkje sjølv sagt kva ein distriktshøgskule skulle bli eller kva utdanning derfrå kunne brukast til dei første åra. Ein del såg med skeive blikk på kva dette var.

Distriktshøgskulane vart oppfatta både som spanande og lovande, og som trugande og forstyrrende. Dei skulle både avlasta universiteta, som var sprengde med den store tilstrøyminga av studentar kring 1970, og dei skulle utvikla nye, kortare og yrkesretta utdanningsløp, nærmere det praktiske livet og i samsvar med lokale og regionale behov. Mange av dei som vart tilsette ved distriktshøgskulane var unge, flinke akademikarar med bakgrunn frå universiteta. Og mange, ikkje minst dei som sokna til dei samfunnsvitskaplege og humanistiske faga, var born av si tid, med raud-grøne politiske haldningar og opptekne av lokalsamfunnsorientering og å vera motvekt til sentralmakta. Dei var opptekne av at det nye utdanningsslaget skulle motverka sentraliseringa i samfunnet, byggja opp under lokal kultur og arbeidsliv og rusta bygdene for å møta det moderne samfunnet.

Men distriktshøgskulane vart også oppfatta som trugande og forstyrrende, ikkje minst hjå dei etablerte profesjonsutdanningane for lærarar og helse- og sosialarbeidarar, som var redde både for konkurranse om ressursar og inngrep i tradisjonelle arbeidsmåtar. (Førde, E. op. cit.) Både i Volda og Sogndal kom distriktshøgskulen som eit tillegg til eksisterande lærarskular og fekk desse utfordringane på nært hald.

Bø og Volda høyrer begge til blant dei først etablerte distriktshøgskulane og er ektefødde barn av distriktshøgskuletankane, frå starten sterkt prega av den ideologiske plattforma frå åra kring 1970. Nokre år seinare kom Sogndal i gang i den same tradisjonen og med Bø og Volda som føredøme. Men medan den faglege profilen i svært stor grad vart lagt det første tiåret både i Bø og Volda, tok det lengre tid i Sogndal og studiestaden vart mindre prega av tankegodset frå 70-talet.

Ved alle dei tre stadane var utdanningstilboda og verksemnda elles i hovudsak orientert mot offentleg sektor og den moderne velferdsstaten sine behov. Unntaket den første tida var først og fremst økonomi og administrasjon, som vart starta opp i Bø som ei arv etter handelsgymnaset i Skien, og som etter kvart vart mønster for oppbygginga av utdanningstilboda i økonomi og administrasjon ved dei fleste distriktshøgskulane (Rovde, 2018).

Alle dei tre distriktshøgskulane starta opp med ei blanding av fagbaserte årsstudium og kortare, oftast toårige tverrfaglege og yrkesretta utdanningstilbod. Dei fagbaserte studia var i mange tilfelle identiske med grunnfag ved universiteta, og slike

årsstudium vart i dei aller fleste tilfelle godkjende som del av ein universitetsgrad eller som grunnlag for vidare studium. Dei fleirårige, tverrfaglege studia var meir kompliserte når det galdt akademisk utteljing, og godkjenning av desse i universitetssystemet var ei kampsak for distriktshøgskulane og noko å ta omsyn til i fagutviklinga fram til kring 1980. Då vart eksamenslova utvida til å omfatta først distriktshøgskulane (i 1979) og deretter alle dei regionale høgskulane (i 1981). Samstundes fekk dei regionale høgskulane rett til å tildela vitnemål for to akademiske gradar; høgskulekandidat (to år) og cand.mag. grad (fire år).

I Bø var økonomi og administrasjon inkludert årsstudium i matematikk, og natur- og miljøfag dei to første yrkesretta utdanningssøylene. Den tredje hovudsøyla var frå starten humanistiske årsstudium, i første omgang historie, norsk og engelsk. Særleg historie og norsk var veleigna fag når det galdt å byggja identitet og tilknyting til lokale forhold og dermed svært godt i samsvar med distriktshøgskuleideologien. Fram mot 1980 kom det i tillegg på plass utdanningstilbod i kulturfag og idrett, og dermed var den faglege profilen for studiestaden Bø lagt. Aktiviteten i Bø vaks raskt, og alt kring 1980 var Bø tredje største distriktshøgskule i landet, etter Agder og Rogaland (Rovde, 2018).

I den interne kampen om lokalisering av høgre utdanning i Møre og Romsdal, var både skuletradisjonane og den etablerte lærarskulen viktig for at det kom distriktshøgskule til Volda. Men ut over det synest det ikkje vera dekning for å hevda at lærarutdanninga gav sterke føringar for utviklinga av den faglege profilen ved distriktshøgskulen, sjølv om dette var eit stridsspørsmål i Volda i etableringsfasen og Volda lærarskule hadde ambisjonar om å ta styringa med distriktshøgskuleutviklinga. Alt på 1960-talet var det vyer om eit mogeleg universitet på Nordvestlandet med lærarskulen i førarsetet, skriv dåverande rektor ved Volda lærarskule, Per Myklebust (Driveklepp et al., 1981).

Men då distriktshøgskulen kom i gang, vart den raskt ein svært sjølvstendig institusjon med sin eigen agenda for kva som skulle vera fagleg profil. Som i Bø vart det etablert humanistiske årsstudium som norsk, historie og fleire språkfag med grunnlag for lokal orientering og identitet, men dette synest å ha skjedd nokså uavhengig av lærarutdanninga. I nokre tilfelle vart det etablert meir eller mindre parallelle fagmiljø, utan at det synest å ha vore mykje kontakt eller fagleg samarbeid

mellan det gamle lærarskulemiljøet og dei unge, universitetsutdanna akademikarane ved distriktshøgskulen. I nokre tilfelle kan det synast som dei knapt har visst om kvarandre.

I tillegg til dei universitetslike årsstudia, vart det desse åra etablert fleirårige og yrkesretta studium innan media, samfunnsplanlegging og velferdsutdanningar, noko som gjorde at hovudprofilen for den faglege verksemda som sidan har vore i Volda var på plass alt midt på 1970-talet. Men veksten gjekk ikkje like raskt som i Bø. I 1980 var Volda den minste av dei sju distriktshøgskulane som starta i første pulje. Volda sitt flaggskip, i tillegg til lærarutdanninga, og som raskt vart ein markør i det nasjonale utdanningslandskapet, var medie- og journalistutdanning. Det var ikkje tilfeldig med utgangspunkt i den kulturelle kapitalen Volda rådde over.

I fagutviklinga betydde det også noko at Volda hadde to andre studiestadar i fylket å ta omsyn til, og som dei etter kvart inngjekk i ei arbeidsdeling med når det galdt utvikling av fagområde. Mellom anna førte det til at Volda, ved sida av Lillehammer, var den einaste av dei sju første distriktshøgskulane som ikkje etablerte økonomisk-administrativ utdanning. Den var det Molde og seinare også Ålesund som tok seg av i Møre og Romsdal. Men Volda greidde med utgangspunkt i organisasjons-, velferds og pedagogikkmiljøet ut på 1990-talet å få etablert sosialarbeidarutdanningar, både sosionom og barnevern. Dei prøvde også å få på plass vernepleie, men denne vart etter kvart samlokalisert med sjukepleieutdanninga i Molde. Arbeidsdelinga med to andre studiestadar i Møre og Romsdal gjorde sitt til at fagtilbodet i Volda vart sterkt orientert mot offentleg sektor.

Også i Sogndal var lærarskulen, som starta opp i 1972, viktig for at det kom i gang distriktshøgskule tre år seinare. Dei første studietilboda ved distriktshøgskulen var årsstudium i samfunnsfag og naturfag, altså svært lærarrelevante tilbod. Og i motsetning til i Volda, var lærarskulen i Sogndal nyetablert og hadde relativt mange unge tilsette, ein del også med universitetsbakgrunn. Vilkåra for samarbeid og utvikling av eit felles høgskulemiljø skulle ein dermed tru var gode, men slik vart det ikkje. Utviklinga i Sogndal dei første åra vart til dels prega av interne konfliktar. Mykje av årsaka til det var at det i 1975 vart etablert ein felles institusjon, Høgskulen i Sogndal, som omfatta både lærarskule og distriktshøgskule. Det var ei påtvungen ordning, og eit forsøk frå sentrale styresmakter på å samla dei nye høgre

utdanningsinstitusjonane i kvar region, godt i samsvar med Ottosen-komiteen sine tankar. Tilsvarande forsøk vart gjennomført i Alta, og ingen av stadane var det vellukka. Både i Alta og Sogndal vart ordninga oppløyst i 1981.

Som for dei to andre vart det satsa på universitetslike fag tilbydd som årsstudium og i tillegg meir yrkesretta toårlige utdanningar. Medan både Bø og Volda raskt fekk utdanningstilbod som viste att i landskapet, tok dette lengre tid i Sogndal. I løpet av 1970-åra var toårig naturressursfag det einaste studietilbodet ved sida av årsstudium innan naturfag og samfunnsfag. I tillegg vart det arbeidd med planar om høgskulekandidatstudium i lokalforvaltning.

Sogndal var den av dei tre studiestadane som hadde den svakaste utviklinga på 1970-talet, særleg distriktshøgskuledelen på den nye studiestaden. På byrjinga av 1980-talet hadde distriktshøgskulen i Sogndal med motekspertise- og lokalsamfunnsprofil den svakaste veksten av alle distriktshøgskulane i landet. (Yttri, 2008). Det kan peikast på fleire forklaringar til det. Det eine er at Sogn og Fjordane distriktshøgskule først vart starta opp i 1975, og at «prøveåra» med relativt god tilgang på nye ressursar var over. Ei anna forklaring ligg i bortkasta tid og energi på «tvangsekteskapet» med lærarskulen.

Ei tredje forklaring på vanskane med å få til vekst i Sogndal på 1970-talet ligg i stortingsvedtaket frå 1979 om at det skulle etablerast ein eigen sosialhøgskule i Florø. Dette var eit vedtak som vart arbeidd fram i ein allianse mellom politikarar og profesjonsinteresser, dei siste med sterke meiningar om at denne typen utdanning måtte føregå ved eigne høgskular. Det regionale høgskulestyret for Sogn og Fjordane stod sentralt i arbeidet for å få til dette vedtaket og seinare for å realisera oppstart av ein ny høgskule i fylket, og prioriterte nye stillingar til ny sosialhøgskule framom forslag om ressursar til nye utdanningstilbod i Sogndal. Dette vann ikkje fram i departementet, som var skeptisk både til etablering av fleire sjølvstendige høgskular og til auka utdanningskapasitet for sosialarbeidarar. Saka om etablering av sosialarbeidarutdanning i Sogn og Fjordane varde i over 10 år og vart ikkje avgjort før Stortinget i 1987 omgjorde vedtaket og la sosialarbeidarutdanning til distriktshøgskulen i Sogndal.

Den svake stillinga for den nye studiestaden Sogndal ved inngangen til 1980-talet medførde ei anna utvikling enn i Bø og Volda. I løpet av nokre år vart det sett i gang

hektisk planlegging, og etter kvart vart det etablert ei rekke nye studietilbod ved Sogn og Fjordane distriktshøgskule. Arbeidet var prega av at framtida for studiestaden var uviss, med usikre utsikter også for lærarutdanningane. Det handla om å redda framtida for Sogndal som studiestad. Gunnar Yttri karakteriserer det som skjedde som marknadsorientert bølgerytteri og skrinlegging av 70-talsideolgien med lokalsamfunnsorientering (Yttri, 2008).

I alle fall vart det i løpet av 1980-åra etablert ei rekke nye utdanningstilbod i Sogndal, inkludert økonomisk-administrativ utdanning med knoppskyting mellom anna mot reiseliv og offentleg forvaltning og leiing. Naturressursstudiet, som saman med natur- og miljøstudiet i Bø var dei einaste innan desse fagområda i høgskulesektoren, vart fornva med geologi, akvakultur og landskapsforvaltning som spesialiseringstreningar. I tillegg greip distriktshøgskulemiljøet som nemnt mulegheitene for å etablera profesjonsutdanninger for sosialsektoren, både sosionom, barnevern og vernepleie. Samstundes utvikla lærarutdanninga, med därleg rekruttering midt på 1980-talet, seg i meir offensiv retning og etablerte fagmiljø og studium innan idrett, media, språk og edb. I løpet av få år var stagnasjon snudd til sterke vekst. Ingen av dei to andre studiestadane me ser på her hadde ein relativt like sterke vekst som Sogndal i tiåret frå første halvdel av 80-talet. Derimot var det andre nyetablerte studiestadar, mellom andre Alta, som hadde ei liknande utvikling som Sogndal desse åra (Berg, 2006). Dei to studiestadane, som vart fødde inn i tvangsekteskap på 1970-talet, blomstra i løpet av 1980-åra, godt hjelpte av lågkonjunkturen og frykt for ungdomsarbeidsløyse som gav vilkår for vekst i høgre utdanning over heile landet. Det var ikkje utan grunn at Sogn og Fjordane distriktshøgskule uoffisielt vart kåra til «årets bedrift» i Sogndal i 1984 (Hompland, 1984).

Det gå an å seia at distriktshøgskulen i Sogndal forlét ideologien frå 1970-talet raskast, og tidlegast vart marknadsorientert i fagtilboden. Bakgrunnen for det var svært enkel. Medan studiestadar som Bø og Volda hadde vunne å etablera seg med ein fagprofil dei første åra, handla det i Sogndal om å overleva som studiestad. Det betydd kanskje også noko at Sogndal hadde fordel av å koma bak Bø og Volda i løypa. På byrjinga av 1980-talet opplevde ein del av dei lokalsamfunnsorienterte studietilboda rekrutteringsproblem, medan særleg økonomi og administrasjon i ulike variantar hadde kraftig vind i segla både ved distriktshøgskulane og

Bedriftsøkonomisk Institutt. Og økonomistudiet med knoppskytingar var det som først og fremst gav ny utvikling i Sogndal, ikkje minst fordi det med tanke på studentrekrytting var god plass til denne etableringa med nærmeste konkurrentar i Molde, Stavanger og Hønefoss. Særleg var Hordaland open mark for det nye økonomistudiet i Sogndal.

Studietilboda i Sogndal fekk altså alt frå tidleg 1980-tal ei marknadsorientering. Dei viktigaste kriteria for å satsa på nye utdanningstilbod og andre tiltak handla om rekryteringspotensiale og mange nok studentar. Då marknadsorientering med mål- og resultatstyring vart innført som rådande regime i Norge kring år 2000, var det lite nytt i det og relativt enkelt å finna seg til rette med i Sogndal.

Men det gjekk ikkje så mange år før også Volda og Bø vart tydlegare på marknadsorienteringa. I Volda starta den prosessen då lærarutdanninga mista studieplassar midt på 1980-talet, som følgje av rekryteringsproblem og nasjonale prognosar om overproduksjon av lærarar. I Volda utløyste det ny kreativitet for å kompensera og utvikla studietilboden. Det same kan ein seia om utviklinga i Sogndal, der mørke skyer over lærarutdanningane første halvdel av 1980-talet også her var medverkande til meir offensivt arbeid med å skaffa fleire bein å stå på.

Dei nye studiestadane, og særleg distrikthøgskulane vart ofte kritiserte for ikkje å vera nyttige og næringsretta nok. Dei var meir prega av den klassiske universitetstradisjonen med fagleg fridom og autonomi i forhold til omverda. Men ser ein attende på alle dei nye, tverrfaglege utdanningstilboda som kom på plass i 1970- og 80-åra, stemmer ikkje det utan vidare. Høgskulane tilpassa seg og skapte nye tilbod i takt med behova både i næringsliv og offentleg forvaltning. Døme på det er yrkesretta utdanninger som møtte veksten i kultursektoren, utdanningssektoren, sosial- og trygdesektoren, barnehageutbygging, bibliotek og generelt den moderne velferdsstaten sine behov. Det gjeld like mykje i forhold til utviklinga i næringslivet med medieutdanning, edb, akvakultur, petroleumsteknologi, reiseliv, transport, logistikk, marknadsføring, revisjon, leiing og i ei rekke andre område der nøkkelen til å møta utfordringane var kunnskapsbasert kompetanse. Mykje av fagutviklingsarbeidet skjedde i samarbeid med lokale og regionale interesser, både frå næringsliv og forvaltning, for å finna fram til nye og leveduglege utdanningstilbod.

Det er også døme på nye næringsretta tilbod som det ikkje vart noko av, slik som arbeidet med eit utdanningstilbod for møbelbransjen på Sunnmøre.

Den faglege profilen som vart etablert alt det første tiåret i Bø og Volda og noko seinare i Sogndal er i det alt vesentlege det som kjenneteiknar dei tre studiestadane også i 2019. Men lokalorienteringa svekka seg utover 1980-talet, og det vart forsterka med fusjonane i 1994. Nasjonal og internasjonal orientering og problemstillingar kom gradvis meir i fokus (Yttri, 2016 og Rovde, 2018). Institusjonane måtte forhalda seg til at dei var del av eit nasjonalt utdanningslandskap, der dei også skulle rekruttera studentar nasjonalt og internasjonalt. Ikkje minst galdt det studiestadar med lite befolningsgrunnlag i det nærmeste omlandet.

I stor grad har desse studiestadane vakse ved å etablera og auka kapasiteten på det som i det statlege finansieringssystemet vert rekna som billege utdanninger, typisk økonomi-administrasjon, samfunnsfag og humanistiske studium. Dette er utdanninger som tilbyr lite undervisning og i dei fleste tilfelle ingen kostnad knytt til praksis eller anna særskild studentoppfølging. Med innføring av resultatbasert finansieringssystem var dette utdanningstilbod som gav relativt gode løyingar dersom studenttalet var høgt nok. På den andre sida har ingen av dei tre studiestadane hatt vesentlege innslag av kostbare utdanninger. I den grad det har vore forsøkt etablert slike, har det skapt utfordringar. Døme på det er forfattarstudiet i Bø og musikkterapi i Sogn og Fjordane, som begge viste seg uråd å handtera innafor dei ordinære rammene ved slike institusjonar.

Tida etter den sterke vekstperioden på 90-talet vart utfordrande for desse studiestadane. Det kom økonomiske nedskjeringar i kjølvatnet av fusjonane i 94, som var føresett å gi meir effektive institusjonar. Sterk nedgang i søkjartala gav nye utfordringar, og det same gjorde eit meir resultatbasert finansieringssystem. Både Bø, Volda og Sogndal hadde universitetslike fagmiljø med høg kompetanse og stor fou-produksjon, men samstundes med få studentar og få tilsette. Dei fekk krav på seg om nyorientering og trugsmål om nedskjeringar og nedlegging, ikkje minst då studentrekutteringa for alvor svikta tidleg på 2000-talet. Alle tre stadar medførde dette omlegging og nyorientering. Både i Bø og Volda initierte det mellom anna utvikling av nettbaserete studietilbod, som etter kvart skapte ein betre

rekryteringssituasjon, ikkje minst for dei humanistiske faga som var etablerte i den tidlege fasen.

Både i Volda og Sogndal hadde lærarutdanningane vakse sterkt på slutten av 1980- og 90-talet. I Sogndal hadde dei fått ein kapasitet som det ikkje var mogeleg å fylla då rekryteringsproblema kring år 2000 melde seg. Det resulterte i omdisponering av ressursar til nett- og samlingsbaserte tilbod på deltid både av grunn- og vidareutdanningar for lærarar. Eit anna resultat av utfordringane tidleg på 2000-talet var ei kraftig satsing på idrett og friluftsliv som nye fagområde, og ei omlegging og nyorientering av dei naturfaglege studia, mellom anna med innretning mot nye problemstillingar knytt til berekraft og klimatilpassing.

Me ser at dei viktigaste elementa i den faglege profilen vart lagt tidleg, alt det første tiåret i Bø og Volda og noko seinare i Sogndal. Det går an å seia at utviklinga i Volda og Bø i større grad enn i Sogndal har vore prega av den første generasjonen av tilsette. Dei arbeidde i stor grad innafor etablerte akademiske fag og mange vart verande ved høgskulen heile arbeidslivet. I Sogndal manglar mykje av denne kontinuiteten innanfor slike etablerte akademiske disiplinar. I staden har Sogndal vakse med seinare etablering og innanfor fagområde med svakare akademiske tradisjonar, slik som økonomi og administrasjon, idrett og friluftsliv og sosialarbeidarutdanningar.

Marknadstilpassing av studietilbodet med strategisk tilpassing kom først i Sogndal, men etter kvart like sterkt i Bø og Volda, og heller ikkje på desse to stadane synest det å ha vore svært vanskeleg å tilpassa seg denne utviklinga . Mindre stat og meir marknad i styringa og ikkje minst eit resultatbasert finansieringssystem gav også nye mulegheiter. Og vilkåra for marknadsstyring og strategisk tilpassing var truleg vesentleg betre i desse små og relativt unge institusjonane jamfört med dei etablerte akademiske universiteta, der fagleg autonomi og tradisjonar for medverknad stod sterke.

I stor grad er det sviktande studentrekrytering som har sett fart i endringsprosessane, og på alle dei tre stadane lærde ein spelet kring nye studieplassar og tilpassing til marknadsorientering ganske greitt. Høgre utdanning som statleg motkonjunkturtiltak siste halvdel av 1980-åra var ei grei innføring i kva

som venta. Då sokjartala fall og mange fagmiljø fekk press på seg på byrjinga av 2000-talet, medførde det utvikling og ny kreativitet.

Det er dei yrkesretta studieretningane som har sett hovudpreg på verksemda ved dei tre studiestadane. Dei har alle gjennomgått endringar og tilpassingar, studietilbod er nedlagde og innretning og undervisningsformene er tilpassa marknaden alle stadar. Samstundes har dei universitetslike humanistiske og samfunnsvitskaplege faga langt på veg greidd seg gjennom heile perioden. Det er ikkje dei som har vakse mest, men dei har vist evne til å overleva – til ein viss grad med hjelp av tilsette med etter kvart høg kompetanse som har vore der så å seia heile tida.

Orienteringa mot offentleg sektor og den veksande velferdsstaten sine behov har vore ein sentral del av verksemda ved alle dei tre studiestadane. Og behova i offentleg sektor har vore aukande og gjennomgåande gitt grunnlag for vekst dei fleste åra, sjølv om interessa for slike utdanningar er påverka av konjunkturane i næringslivet.

**Tabell 1: Fordeling av studentane på fagområde 2018 (%)**

Utdanningsområde	Bø	Sogndal	Volda
Lærarutdanning	0	35	46
Humanistiske/samfunnsvit.	21	6	15
Økonomi, organisasjon, leiing	43	19	5
Natur, miljøfag	14	10	0
Kultur, media	11	0	20
Idrett, friluftsliv	11	13	5
Helse, sosial	0	16	10

Kjelde: DBH

Både i Volda og Sogndal var eksisterande lærarutdanningar viktige for at det vart etablert distriktshøgskular, men ingen av stadane fekk det så mykje å seia for den vidare utviklinga av fagtilbodet. I dag er hovudsøylen i utdanningstilboda ikkje så mykje annleis enn det som vart etablert dei første tiåra. Dei er i vesentleg grad korkje innsnevra eller utvida, men ein god del justert og tilpassa samfunnsutviklinga.

Volda er den einaste av dei tre som framleis har sin eigen utdanningsinstitusjon. Både Bø og Sogndal vart del av fylkeshøgskular i 1994, og dei aller siste åra er dei fusjonert inn i relativt store institusjonar med mange campus. Begge, og særleg Sogndal, har svært brei fagleg profil med mange og små fagmiljø. Dei er begge i ein situasjon der det no er tilsvarande og ofte større fagmiljø ved andre campus i meir folkerike område i eigen institusjon. Breidda i studietilbodet medførde problem begge stadar då studentrekutteringa var svak på 2000-talet. Det er spanande å sjå korleis dette vil slå ut i det nye landskapet. Er det framleis plass til eit breitt utdanningstilbod ved så små studiestadar? Og vil utfordringane bli større for ein liten, sjølvstendig utdanningsinstitusjon enn for små studiestadar som er del av ein større fleircampus-institusjon?

## Akademiske ambisjonar og ulike utdanningskulturar

Som me var innom lengre framme, skulle distriktshøgskulane primært vera utdanningsinstitusjonar, og dei skulle ikkje bli nye universitet. Men forsking vart tidleg ein del av verksemda, og ei utvikling i retning av det som vert kalla «akademisk drift» har vore eit kjenneteikn ved distriktshøgskulekulturen heile vegen. Då dei vart slått saman med profesjonshøgskular i 1994-fusjonen, var det distriktshøgskulekulturen som vart den dominerande i utforminga av dei nye høgskulane. Seinare har dette vorte forsterka med auka vektlegging og teljekantar knytt til formell kompetanse, publisering med meir.

Den sterke akademiske orienteringa gjorde sitt til at distriktshøgskulemiljøa fekk ein annan profil enn dei andre høgskulemiljøa. Ikkje minst skapte det stor avstand til miljøa ved lærarskulane. I Bø vart det lite ut av initiativa til samarbeid med lærarhøgskulen på Notodden (Rovde, 2018), og i Sogndal gjekk det med mykje tid og energi på å riva fellesinstitusjonen Høgskulen i Sogndal ned så raskt og effektivt som mogeleg (Yttri, 2008). Det lite lukkelege samlivet mellom distriktshøgskulen og lærarhøgskulen i Sogndal prega høgskulemiljøet i mange år. Nokre av motsetningane

blussa opp att i samband med fusjonen i 1994, då lærarutdanninga etter beste evne prøvde å halda seg heil og intakt innanfor den nye institusjonen, utan å lukkast fullt ut med det.

I Volda vart det ikkje noko av planane om å etablera *ein* institusjon (Melle, 1999), slik som i Sogndal. Likevel var ikkje forholdet mellom det nye distriktshøgskulemiljøet og den gamle lærarutdanningskulturen uproblematisk der heller. I ein rapport som Statskonsult utarbeidde i 1990 i samband med fusjonen som då var på trappene, heiter det mellom anna: «Kulturskilnadane mellom Volda lærarhøgskule og Møre og Romsdal distriktshøgskule, Volda er store, samstundes som dei ikkje har naudsynt respekt og toleranse for kvarandre.» (Sitert etter Melle, 1999, s. 424). Samstundes er det andre samanhengar der dei to institusjonane i Volda synes å stå samla. Det kan ha med å gjera at det alt frå starten var to andre studiestadar å arbeidsdela og konkurrera med i fylket. Etter etableringa av regionale høgskulestyre i 1976, som i Møre og Romsdal i alle fall i periodar hadde ambisjonar om å styra utviklinga og fordelinga av høgre utdanning i fylket, var dette eit omsyn å ta for Volda-miljøet. I mange samanhengar viste det regionale høgskulestyret langt større interesse for dei teknologiske og økonomiske fagmiljøa i Ålesund og Molde enn for dei velferdsstatsorienterte studia og fagmiljøa i Volda (Møre&Romsdal, 1976 - 94).

Det er eit inntrykk at dei akademiske ambisjonane gjennomgåande har vore tydlegare og kome tidlegare til syne i Bø og Volda enn i Sogndal. Det kan ein få eit inntrykk av ved å sjå på initiativ for å etablere lengre utdanningsløp med hovudfag, mastergrader og ph.d.-program, ambisjonar om universitetsstaus og sjølvsagt korleis dei etter kvart hevda seg i kappløpet om publikasjonspoeng, andel førstestillingar og professorar blant dei tilsette.

Studiestaden Bø, den reine distriktshøgskulebygda, har halde den akademiske fana høgt. Dei rekrutterte mange flinke folk frå starten, og mange av dei vart verande og utgjorde stammen i personalet heilt fram til dei gjekk av med pensjon kring 2010 og utover. Det gav kontinuitet i fagmiljøa og grunnlag for å byggja høg fagleg kompetanse.

I Bø var det tilbod om hovudfagsstudium i historie og norsk i samarbeid med Universitetet i Oslo alt før 1990 og hovudfag i idrett i samarbeid med Norges idrettshøgskole frå 1993. På slutten av 90-talet vart arbeidet med fordjuping til

hovudfag aktuelt i fleire av fagmiljøa, både natur- og miljøfag og kulturfag (Rovde, 2018). Med «Kvalitetsreforma» og ny gradsstruktur, vart desse omgjorde til masterprogram i 2003 og nye kom til.

Frå kring år 2000 starta eit meir systematisk arbeid med faglege prioriteringar og tankar om å byggja grunnlag for universitetsstatus ved Høgskolen i Telemark. Bakgrunnen var både sviktande studentrekuttering til ein del utdanningar, også i Bø, og mulegheitene som ein såg ville koma til å søkja overgang til universitet. Med grunnlag i Kvalitetsreforma vedtok styret ved Høgskolen i Telemark i 2005 ein plan for å oppnå universitetsstatus. Dei sentralt formulerte minstekrava for å oppnå dette var mastergradsprogram på minst fem fagområde og doktorgradsprogram på minst fire, i 2019 karakterisert av Steinar Stjernø som tilfeldig formulerte krav for å gjera det mogeleg for høgskulane i Rogaland og Agder – og ingen fleire – å bli universitet. (Khrono, 11. februar 2019).

Ved Høgskolen i Telemark (HiT) og studiestaden Bø vart dette hovudfokus, kanskje også fordi dei var ein av dei største og mest etablerte av distrikthøgskulemiljøa i landet. Strategisk plan for HiT 2005-09 hadde undertittelen «På vei mot universitet». Tre område ved Høgskolen i Telemark vart peika ut som faglege spissområde med ph.d.-utdanning, og to av dei (kultur og økologi) var i Bø. Høgskolen i Telemark nådde ikkje målsetjinga om å bli universitet på eiga hand. Eit fjerde spissområdet var det ikkje grunnlag for og høgskulen vart, etter ein periode med mislukka fusjonsplanar, først med høgskulane i Vestfold, Buskerud og Østfold, deretter med Universitetet i Agder, ein del av det som i dag er Universitetet i Sørøst-Norge. Ved fusjonen i 2016 hadde studiestaden Bø to ph.d.-program og seks masterprogram.

Distrikthøgskulemiljøet i Volda har mykje dei same kjenneteikna som Bø. Det var unge og flinke folk som byrja der, dei har hatt kontinuitet i fagtilbodet og dei har mange tilsette som har blitt verande gjennom eit heilt arbeidsliv og oppnådd høg kompetanse.

Også i Volda var det planar om hovudfag på 1980-talet, både innan media og i spesialpedagogikk (Budsjettframlegg 1989 med programnotat frå Det regionale høgskulestyret i Møre og Romsdal). Arbeidet med fagleg fordjuping og etablering av master- og ph.d.-program har kravd mykje merksemål også i Volda, men har kanskje

ikkje prega verksemda like mykje som i Bø. Volda starta opp sitt første masterprogram i samfunnsplanlegging og leiing i 1999 og nye program innan norsk, pedagogikk, kulturfag og helse- og sosialfag kom på plass dei nærmaste 5-6 åra. I 2019 tilbyr Høgskulen i Volda sju masterprogram og eitt ph.d.-program, det siste innan helse- og sosialfag i samarbeid med Høgskolen i Molde.

Som nemnt var det tankar om at Volda kunne bli sete for eit universitet på Nordvestlandet alt midt på 1960-talet. (Myklebust i Driveklepp 1981, s. 29) . Slike ambisjonar har kome til overflata med ujamne mellomrom i Møre og Romsdal, og då ut frå ein regionalpolitisk tanke om at det burde vera plass til eit universitet mellom Trondheim og Bergen. Fylkeskommunen initierte eit prosjekt om Møreuniversitetet kring 2000, der ein også fridde til Sogn og Fjordane. Ei samling av høgskulane på Nordvestlandet var eit aktuelt alternativ i samband med fusjonsbølga på 2010-talet og tankane om eit Møreuniversitet vart vel ikkje skrinlagde før Høgskolen i Ålesund vart ein del av NTNU frå 1. januar 2016.

I Sogndal har dei akademiske ambisjonane vore mindre synlege enn i Bø og Volda, sjølv om det også her frå starten vart tilsett unge og flinke akademikarar med forskingsambisjonar. Men det tok lengre tid før fagmiljøa vart etablerte, dei fekk ikkje like stor tyngde innanfor etablerte akademiske disiplinar som i Bø og Volda og stabiliteten i personalet har ikkje vore like sterk i Sogndal. Elles var utviklinga etter 1994-fusjonen den same som andre stadar. Vektlegging av forsking og betre vilkår for kompetanseheving fekk høgre prioritet. På slutten av 90-talet vart det sett i gang utgreiingsarbeid med sikte på etablering av 2-3 masterprogram innan fagområda organisasjon og leiing, naturfag og idrett (Budsjett dokument 1999-2001). Søknaden om masterprogram i organisasjon og leiing vart godkjent i 2002 og var høgskulen sitt første. På dei andre områda vanta høgskulen særleg toppstillingskompetanse og fekk ikkje akkreditering. I dei krevjande åra med svak studentrekuttering tidleg på 2000-talet var det framleis satsinga på grunnutdanningane, og med ny gradsstruktur relevante bachelorprogram, på heiltid og deltid med god studiekvalitet og godt studentmiljø, som var Høgskulen i Sogn og Fjordane sin hovudprofil og viktigaste satsing. Så seint som i 2010 var det berre to godkjende masterprogram i Sogndal og tal studentar og kandidatar på desse programma var låge.

Er det gode forklaringar på dei tilsynelatande svakare akademiske ambisjonane i Sogndal jamfört med Volda og Bø? Det kan liggja forklaringar i når studiestadane har hatt sine vekstperiodar og kva slags fag som har vore dominerande. Bø og Volda etablerte fagprofilen tidlegare enn i Sogndal, med vesentleg tyngde innanfor etablerte akademiske fagområde og med ein populasjon av tilsette som i stor grad vart verande. I Sogndal vart fagområde med sterke forskingstradisjonar mindre dominerande, og mange av gründerane i første generasjon av høgskuletilsette forsvant i løpet av 1980- og 90-talet. Då veksten kom til Sogndal skjedde det i stor grad innanfor fagområde med svakare akademiske tradisjonar, slik som økonomi, idrett og sosialarbeidarutdanningar og med ein ny generasjon av tilsette.

Om det ikkje er ei forklaring, så er det også ein skilnad som handlar om leiing av institusjonane. I Sogndal hadde alle rektorar, frå etableringa av Høgskulen i Sogn og Fjordane i 1994 til fusjonen til Høgskulen på Vestlandet i 2017, bakgrunnen sin frå lærarutdanning. Både i Bø og Volda har dei fleste rektorane hatt distrikthøgskulebakgrunn eller dei har vore rekrutterte eksternt. Direktørane og den øvste administrative leiinga elles har i hovudsak hatt bakgrunn frå distrikthøgskulane alle tre stadane. Men medan Volda framleis har vald rektor, gjekk ein over til tilsett rektor med ekstern styreleiar i Sogndal i 2007 og i Bø i 2011. Om dette kan vera med å forklara dei nemnde skilnadane i akademiske ambisjonar skal vera usagt.

Det er heller ikkje grunnlag for å seia så mykje om ulike modellar for leiing og styring har hatt betydning for høgskulen si evne til å utøva strategisk leiing, men det er mogeleg at dei kollegiale organa har hatt noko større tyngde i Volda enn ved dei to andre studiestadane.

Også i Sogndal fekk arbeidet med å få på plass masterprogram innafor dei viktigaste utdanningsområda høgre prioritet etter 2010. Ved fusjonen til Høgskulen på Vestlandet i 2017 hadde fagmiljøa i Sogndal ansvar for til saman sju masterprogram; i organisasjon og leiing, naturfag og idrett i tillegg til fire program knytt til lærarutdanninga. Fagmiljøa i Sogndal var ikkje involvert i ph.d.-program.

Fram til fusjonen i 2017 var ambisjonar i retning av universitet ikkje tema som dominerte arbeidet i Sogndal. Høgskulen i Sogn og Fjordane vart medlem av UH-nett Vest (Universitets- og høgskulenettverket på Vestlandet) i 2008, men her var det

arbeidsdeling og samarbeid mellom sjølvstendige institusjonar frå Volda i nord til Stord/Haugesund og seinare Stavanger og Agder i sør som var tema. Først då forventningane frå sentralt hold gjekk frå SAK (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon) til SAKS (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing) var dette noko som etter kvart sette preg også på studiestaden Sogndal.

Dei akademiske ambisjonane synest altså å ha vore tydlegare i Bø og Volda enn i Sogndal. Ser ein på data frå dei tradisjonelle teljekantane, slik som andel av dei tilsette med førstekompetanse, andel med professor/dosentstilling eller publikasjonspoeng per tilsett, vert skilanden mellom dei tre studiestadane stadfesta om ein går nokre år attende. Volda og Bø skåra vanlegvis høgre enn Sogndal.

Men dei siste åra har dette endra seg. I 2018 er andel av fagleg tilsette som har førstekompetanse frå 53 til 56% ved alle dei tre studiestadane. Gjennomsnittet for sektoren er 75% (Kunnskapsdepartementet, 2019). Publikasjonspoeng per fagleg årsverk er høgst i Sogndal, som ligg på nivå med gjennomsnittet for statlege høgskular (Kjelde: DBH og data frå institusjonane). Heller ikkje når det gjeld andel av studentar på mastergradsnivå er det stor skilnad, men dette kjem eg attende til.

Er det gode forklaringar på at Sogndal synest å ha nådd att Volda og Bø når det gjeld desse tradisjonelle måla på akademisk nivå? Det eine kan ha å gjera med den nemnde kontinuiteten i fagmiljøa i Volda og Bø, som dei siste åra har medført at ein del av dei tilsette i første generasjon er gått ut av arbeidslivet. Mange av dei har hø kompetanse og er vanskelege å erstatta gjennom nyttilsetjing. I tillegg kjem at desse universitetslike faga frå den første fasen ikkje er blant dei som har hatt den sterkeste utviklinga dei seinare åra.

Ei anna forklaring kan ligga i at fleire av dei nye fagområda som vart etablerte på 1980- og 90-talet, og som er sterkt representerte i Sogndal, etter kvart har etablert seg og vorte meir forskingsbaserte. I Sogndal skjedde dette i takt med auka merksem og meir systematisk satsing på forsking- og utviklingsarbeid frå institusjonen si side.

Inn på 2000-talet auka også forventningane til universitet og høgskular om å spela ei sterkare rolle i den regionale utviklinga og å vera meir relevante for nærings- og arbeidsliv. Slikt samarbeid fekk utteljing i finansieringsmodellen, det vart etablert

ordning med nærings-ph.d. med meir. Ein del tyder på at desse relevansforventningane har passa vel så godt til fagleg aktivitet og forsking på nye fagområde som til dømes idrett, men også for profesjonsutdanningane innanfor helse, sosial og lærarutdanning, som for dei tradisjonelle akademiske disciplinane. Særleg auka samarbeidet med offentleg sektor, men dette synest å gjelda alle dei tre studiestadane.

Eg har vore inne på at utviklinga i den regionale høgskulesektoren dei første åra var prega av møte mellom ulike kulturar. I vår samanheng, først og fremst mellom den gamle lærarskulekulturen og den nye distriktshøgskulekulturen. Etableringa av fleirfaglege fylkeshøgskular i 1994 endra noko av dette, sjølv om også desse fusjonane i nokon grad var prega av gamle kulturskilnader. Men i dei nye høgskulane måtte dei ulike kulturane og utdanningsslaga finna sin plass innanfor same institusjon, og med arbeidsvilkår og arbeidsmåtar som gradvis vart harmoniserte.

Fylkeshøgskulane i 1994 var det første alvorlege samrådet mellom kulturane og det er ei vanleg oppfatning at det var distriktshøgskulekulturen og akademiseringa som i størst grad prega dei nye høgskulane, sjølv om biletet kan nyanserast.

Kvalitetsreforma kring 2003 tok dette vidare, også med element som likna vel så mykje på dei gamle profesjonsutdanningane sin kultur og arbeidsmåtar med sterke styring og leiing, meir undervisning, tettare studentkontakt og prioritering av det som er viktig for at studentane lukkast i utdanningsløpa sine. Studieprogramma ved universiteta burde ta til seg element frå profesjonsutdanningane ved høgskulane, ikkje minst med mål om betre gjennomføring. Slik sett var Kvalitetsreforma minst like mykje retta mot dei tradisjonelle akademiske faga sine utfordringar som mot profesjonsutdanningane.

Samstundes var Kvalitetsreforma, særleg opninga for etablering av mastergrader og ph.d. og opprykk til universitetsstatus, ein kraftig stimulans i utviklinga mot sterke forskingsorientering og akademisering. Harmonisering av tilsetjingskrav, arbeidsvilkår og karrierevegar gjorde også sitt til at dei tidlegare skilnadane mellom sektorane og dei ulike utdanningsmiljøa vart mindre.

Forventningane om at også høgskulane skulle agera strategisk auka inn på 2000-talet. Høgskulane har utan tvil «lærd spelet» om studieplassar, forskingsressursar og

betydninga av samspel med næringsliv og politiske styresmakter. Ikkje minst har det vorte mange strategiske plandokument både i Volda, Bø og Sogndal. Men det manglar nok mykje på at dei kan jamførast med private bedrifter. Til det er det for mange andre verdiar som spelar inn i form av akademisk fridom og fagleg autonomi, og omsyn å ta i form av faglege fellesskap og tradisjonar. Strategisk målstyring og bedriftsøkonomisk tenking blir ofte for snevert for ein leiar av universitet eller høgskule som skal halda oppe den faglege legitimiteten.

## **Studiestad og region**

Dei tre stadane vart høgre utdanningsstadar på 1970-talet, då eitt av formåla var å desentralisera høgre utdanning som lekk i arbeidet med å trekka ein større del av befolkninga og landet med i moderniseringa. Med fusjonane i 1994 vart talet på institusjonar dramatisk redusert, men ikkje talet på studiestadar. Då var det fordeling av høgre utdanning på eit regionalt nivå, primært fylke som var hovudlina. I den siste fusjonsbølga kring 2015 er det fusjonar til vesentleg større og meir «robuste» einingar som har vore målsetjinga. Aller helst skal det vera fagmiljø som publiserer på høgste nivå og gjerne er «verdsleiande» på akademiske premissar i alle institusjonar. Me skal sjå litt på korleis desse endringane har påverka mulegheiter og posisjonen til dei tre studiestadane i utdanningslandskapet.

Dei tre høgskulane ligg i varierande grad utanfor dei tyngste befolkningsområda i landet. Bø har størst befolningsgrunnlag innafor ein times køyretid (kring 150 000), Sogndal desidert minst (ca. 20 000). I Volda er tilsvarande tal ca. 70 000. I dette biletet betyr det også noko at Bø, i motsetning Volda og særleg Sogndal, har mange til dels konkurrerande utdanningsinstitusjonar innanfor eit litt større omland.

I varierande grad har det vore strid med dei andre studiestadane i dei tre fylka om hegemoniet i høgre utdanning. Det gjeld Volda sin posisjon i Møre og Romsdal med Ålesund og Molde som konkurrerande studiestadar, i Sogn og Fjordane med Førde som opponent til Sogndal og i Telemark, særleg med Grenlandsområdet og dels Notodden som utfordrarar til Bø. Både i Telemark og Sogn og Fjordane vart det etablert fylkeshøgskular med fusjonane i 1994, som i stor grad definerte ei arbeidsdeling og løyste mange av problemstillingane for eit par tiår framover. Også i Møre og Romsdal har det vore ei arbeidsdeling, som i alle fall i stor grad har vore akseptert. Men potensialet for strid mellom studiestadane har vore der, og i ulike

samanhangar har det blussa opp, til dømes ved etablering av nye utdanningstilbod som ikkje har vore klart definerte i forhold til gjeldande arbeidsdeling. Døme på det er etablering av vernepleie både i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, som begge stadar utløyste lokaliseringsstrid. I Møre og Romsdal enda det med at utdanninga vart etablert saman med sjukepleie i Molde. I Sogn og Fjordane hamna den i Sogndal saman med sosionom og barnevern, ikkje saman med sjukepleie i Førde. Likevel synest det å vera relativt få slike saker jamfört med det som har vore tilfelle i nokre andre fylke, til dømes i Nord-Trøndelag som etter kvart fekk fleire jamstore studiestadar (Slåttemo, 2016)

Frå kring 2015 har fokus vore på større geografiske einingar. Å vera den sentrale utdanningsstaden i dei tidlegare fylka er ikkje lenger tilstrekkeleg for å ha ein viktig posisjon i det høgre utdanningslandskapet. Særleg med den pågåande regionreforma, der korkje Telemark eller Sogn og Fjordane lenger vil vera sjølvstendige politiske eller administrative einingar med eigne stortingsrepresentantar, må desse små studiestadane tevla om merksemda med andre studiestadar innanfor eigen institusjon eller region, ofte med vesentleg større befolkningsgrunnlag.

På 1960-talet var lokalisering av høgskular til desse tre bygdene på ingen måte sjølvsgått, korkje frå sentrale styresmakter eller i eit fylkesperspektiv. I Ottosen-komiteen si første innstilling frå 1966, der det vart skissert ei inndeling av landet i 12 utdanningsregionar, er ingen av desse tre nemnde som aktuelle lokaliseringsstadar for «postgymnasial utdanning». I Telemark var det Skien-Porsgrunn som var aktuelt, i «Bergen-regionen» som det heitte (Hordaland og Sogn og Fjordane), var berre Bergen på tale og i «Møre-regionen» var Ålesund nemnd som «et mindre sentrum for postgymnasial utdanning» (Kirke- og, 1966-1970) .

Men dei politiske prosessane endra på dette. Lokaliseringa med heile distriktshøgskulen til Bø vart gjort av Stortinget og det var heller ikkje i samsvar med fylkestinget si mening. Det var eit nederlag for Grenlandsområdet, som er det klare befolkningsmessige tyngdepunktet i Telemark, og det var eit vedtak som opp gjennom åra medførde at studiestaden Bø sjeldan hadde sterkt støtte frå den politiske og økonomiske makta i Telemark (Rovde 2018).

Ved 1994-fusjonen var meiningsane delte både i Telemark og Bø om kva som ville vera det beste, ein to eller tre høgskular i fylket. Ettersom det ikkje vart semje i Telemark,

vart det bestemt at det skulle vera ein høgskule, og Bø, med dei tyngste fagmiljøa, satsa alt på å bli sentrum i den nye høgskulen. Det vart dei ikkje.

Vedtaket om å leggja hovudsetet og fellesadministrasjonen for den nye fylkeshøgskulen, og også administrasjonen for den nyfusjonerte Studentsamskipnaden i Telemark, til Porsgrunn, var på mange måtar eit «takk for sist» frå Grenlandsinteressene. Men innanfor rammene av Høgskolen i Telemark spelte avdelinga og fagmiljøa i Bø ei aktiv rolle i arbeidet med å forma den nye høgskulen, ikkje minst for å oppnå universitetsstatus. I den siste fusjonsbølga vart Høgskolen i Telemark frå 1. januar 2016 del av Høgskolen i Søraust-Noreg, som frå mai 2018 er Universitetet i Sørøst-Norge.

Lokaliseringssstriden om etableringa av studiestaden Bø og det forholdet at Bø har vore gjennom to fusjonar, som begge har flytta styring, leiing og dermed makt bort frå studiestaden, har hatt sitt å seia for utviklinga. I tillegg har det hatt betydning at Bø aldri har vore den einaste staden med høgre utdanning i Telemark. Det var gamle fagutdanninger i Notodden (lærar), Skien (sjukepleiar) og Porsgrunn (teknisk utdanning). Då desse fekk status som høgskular på 70- og 80-talet inngjekk dermed Bø i ei arbeidsdeling i Telemark som avgrensa den moglege faglege breidda i utdanningstilbodet. Med fusjonen i 2016 er studiestaden Bø utfordra når det gjeld arbeidsdeling og fagleg profil ved at det nye Universitetet i Sørøst-Norge har parallelle fagmiljø med det som vert tilbydd i Bø på fleire av dei åtte campusane.

Møre og Romsdal var det einaste fylket som fekk to distrikthøgskular, frå starten rett nok formelt ein med hovudsete i Volda og med studiestad i Molde, men i løpet av nokre år hadde Møre og Romsdal to sjølvstendige distrikthøgskular. I tillegg var det frå før sjukepleieutdanning i Molde, og i Ålesund både sjukepleie, teknisk og maritim utdanning.

Som me har vore inne på, hadde Volda sine tradisjonar som utdanningsstad betydning då Volda vart hovudsete for distrikthøgskulen. Men det var ikkje sjølv sagt når ein ser på kvar ein finn tyngda av befolkninga i fylket. Både Ålesund, Molde og Kristiansund har større folketal, og sterke krefter i fylkespolitikken meinte at både Ålesund og Molde var meir naturlege lokaliseringssstadar for høgre utdanning enn Volda. Men til forskjell frå dei aller fleste andre fylke, har fusjonsbølgene i liten grad påverka den høgre utdanningsstrukturen i fylket. Fusjonane i 1994 medførde berre

samling av høgskulane på kvar av dei tre stadane, slik at Møre og Romsdal frå 1994 hadde tre høgskular knytt til kvar sin studiestad. Etter den tid er det berre Ålesund som så langt har endra status med fusjonen til NTNU frå 1. januar 2016.

For Volda synest det ikkje å ha hatt svært stor betydning at studiestaden har måtte tilpassa seg i ei arbeidsdeling med to andre studiestadar. Det er døme på at det har betydd noko, mellom anna då det på 1970-talet var ønske om å styrka fagmiljøet med stillingar innan juss og økonomi (MRDH, 1978) og då Volda seinare prøvde å få vernepleiarutdanning. Men det er lærarutdanning, samfunnsfag/media og humanistiske fag som har vore Volda sin profil, og tyngda av utdanningstilbodet har vore innan desse fagområda heile vegen. Ei viss utviding i breidde var det med etablering av sosionom- og barnevernsutdanning på 1990-talet. Teknologi, naturfag, helsefag eller økonomirelaterte utdanningar har ikkje vore aktuelle i Volda.

I 1994-fusjonen var det ingen stor tvil i Volda. Både distriktshøgskulemiljøet og lærarhøgskulen gjekk inn for *ein* høgskule, og fusjonen synest å ha styrka studiestaden Volda. Noko fellesskap med Ålesund eller Molde var ikkje aktuelt. Både før og seinare har vyene om eit Møreuniversitet dukka opp, men det synest aldri å ha vore reelt grunnlag for ein fylkesinstitusjon i Møre og Romsdal, like lite når det gjeld høgre utdanning som i dei fleste andre sektorar.

Også Sogndal hadde tradisjonar som skulestad. Men som resten av Sogn og Fjordane, var det aldri noko som likna på høgre utdanning før det vart aktuelt med lærarutdanning i Sogndal på 1960-talet. Det vart det ikkje noko av då, men det la grunnlaget for etablering først av lærarskule i 1972 og sidan distriktshøgskule i 1975. Heller ikkje jordbruks- og handelsbygda Sogndal var noko sjølvsgått lokaliseringsval då det vart tale om høgskule i Sogn og Fjordane. Hadde det vore opp til fylkespolitikarar å avgjera, ville truleg Førde vorte studiestaden. Det var sentrale politiske styresmakter som sytte for at Sogndal vart studiestad, og grunngjevinga var heller den geografiske plasseringa sentralt i Sør-Norge, med relativt korte avstandar til austlandske dalføre, enn plasseringa i Sogn og Fjordane (Yttri, 2008).

I Sogndal hadde høgre utdanning ein trong fødsel med at både lærarhøgskulen og distriktshøgskulen var dei minste i sitt slag i landet gjennom heile 1970-talet. Men Sogndal hadde føremon av å vera den første, og dei første åra den einaste, høgre utdanningsstaden i fylket. Først i 1979 kom det sjukepleiehøgskule i Førde og i 1988

ingeniørhøgskule same stad, begge utdanningstilbod utan særlege tradisjonar i fylket. I 1981 starta det spesialpedagogutdanning på Sandane og sidan utdanningstilbod i musikkterapi og vernepleie same stad, alle med utdanningsinstitusjonar i Oslo-området som fagleg ansvarlege. Sandane var elles den studiestaden som med gymnas frå 1922 (landsgymnas frå 1946) hadde dei sterkeste utdanningstradisjonane i fylket.

Men korkje Førde eller Sandane har i moderne tid utfordra Sogndal som den viktigaste studiestaden i Sogn og Fjordane. Då utdanningsinstitusjonane i fylket fusjonerte til Høgskulen i Sogn og Fjordane i 1994, var det aldri nokon reell diskusjon om kvar hovudsete og fellesadministrasjonen for høgskulen og samskipnaden skulle liggja, så lenge det var tale om berre ein høgskule i fylket. Det var ei forståing om at det ikkje var plass til meir enn ein breispektra studiestad i det tynt folkesette fylket. 1994-fusjonen med etablering av ein fylkeshøgskule i Sogn og Fjordane styrka Sogndal sin posisjon. I eit fylkesperspektiv har Sogndal gjennom heile perioden me ser på hatt høve til å byggja utdanningstilbod på ei breiare fagleg plattform enn Bø og Volda. Det er berre teknologisk og rein helsefagleg utdanning som ikkje har vorte aktuelt i Sogndal.

I tillegg gav det ytterlegare armslag for studiestaden Sogndal at det aldri vart etablert distriktshøgskule i nabofylket Hordaland. Sett bort frå den gamle lærarskulen på Stord, handla høgre utdanning i Hordaland berre om Bergen, der universitetet, handelshøgskulen og gamle profesjonshøgskular for lærar, helsefag, teknisk og maritim utdanning dreiv med sitt. Det medførde at det i eit relativt folkerikt område ikkje i same grad var ein institusjon som initierte nye, kortare og tverrfaglege utdanningstilbod som var aktuelle i tida. Ein illustrasjon på det er at det ikkje var tilbod om toårig økonomisk-administrativ utdanning ved statlege utdanningsinstitusjonar i Bergen før eit stykke inn på 1990-talet (Ertresvaag, 2000), noko som medførde svært stor tilstrøyming då slikt tilbod vart etablert i Sogndal i 1983. Det gav studiestaden Sogndal gode vekstvilkår, og Sogndal har heile vegen hatt ein viktig rekrutteringsbase i Hordaland. I mindre grad har Sogndal hatt noko av dei same føremonene med at det ikkje er høgre utdanningstilbod på det indre Austlandet når ein ser bort frå områda kring Mjøsa og nedre delar av Telemark og Buskerud. Sentrale styresmakter si vurdering av Sogndal si gunstige plassering i Sør-Norge då lærarutdanninga vart lagt dit har vist seg å slå til.

Sogndal er den av dei tre studiestadane me ser på som har det svakaste befolkningmessige grunnlaget i det nære omlandet. Samstundes har Sogndal hatt det breiaste geografiske armslaget med lange avstandar til nærmeste konkurrerande utdanningsinstitusjon i nabofylka i sør og aust. Også fusjonen til ein fylkeshøgskule i 1994 styrka studiestaden Sogndal, som sjølv sagt lokalisering for strategiske og administrative funksjonar, og med mulegheiter for å byggja fagleg breie utdanningstilbod. Gunnar Yttri seier det er eit paradoks at distriktshøgskulen i Sogndal, som i si tid hadde kjempa det ein kunne mot samanslåing med lærarskulen og ikkje ville ta fingrane i rammestyrte profesjonsutdanningar, vart den fremste talsmannen for ein samla fylkeshøgskule i 1994 (Yttri, 2008). Men den nye appetitten på å veksa var nok også eit uttrykk for at distriktshøgskulen kring 1990 følte seg trygg og sterk nok til å kunna ta hand om meir, i tillegg til at dei var godt orienterte om kva sentrale styresmakter tenkte om den framtidige strukturen i høgre utdanning i fylket.

Fusjonen i 1994 styrka utan tvil Sogndal sin posisjon med å bli hovudsete for ein fylkesdekkande høgskule. Det styrka også Volda gjennom samanslåing til ein større og sjølvstendig institusjon som vart den største i fylket. For Bø sin del var 1994-fusjonen eit nederlag så langt det galdt lokalisering av fellesadministrasjon og leiing. Men Bø var også etter det den største studiestaden i Telemark, med det breiaste studietilbodet og med ambisiøse fagmiljø. Og miljøet i Bø stod sentralt i etableringa og utviklinga av den nye fylkeshøgskulen i Telemark, mellom anna med sterkt representasjon i toppleiinga. I forhold til fagleg breidde og utviklingsmulegheiter er det ikkje grunnlag for å påstå at samanslåinga til Høgskolen i Telemark snevra inn fagtilbodet i Bø.

Alt i alt synest det ikkje som at vedtaka om lokalisering til bygdemiljø har vorte noko stor og avgjerande hindring for utviklinga av dei tre studiestadene. Ingen av dei tre var det naturlege valet i dei respektive fylka, men dei vart likevel «fylkeshøgskular». Og den skepsisen som låg der synest ikkje å ha medført særskilde ulemper. I den grad desse tre studiestadane har opplevd liten entusiasme frå lokale og regionale styresmakter og næringsliv, har det truleg hatt meir med den sterke orienteringa mot offentleg sektor enn det har hatt med lokaliseringa til bygdesamfunn å gjera.

Forventningane til at utdanningstilboda skulle desentralisera til fleire stadar i regionen har vore der frå starten, men desse forventningane har ikkje i særleg grad

vorte innfridde så langt det gjeld ønske om permanent heiltidsutdanning på fleire geografiske stadar. Derimot har det vore mange mellombelse studietilbod, oftaast organisert på deltid og med samlingar ulike stadar i regionen, etter kvart også med nettstøtte. Særleg i periodar med svak rekruttering til heiltidsutdanningane på campus, slik det til dømes var for lærarutdanningane i Sogndal tidleg på 2000-talet, har det vore mange slike tilbod, og då gjerne for å kompensere for rekrutteringssvikten. Dei faste utdanningstilboda for heiltidsstudentar har vore på studiestadane, og utdanningsmiljøa sjølve har oftaast gjort det dei kunne for å halda fagmiljøa og heiltidsstudia samla på campus.

Då den nye regjeringa frå 2013 kom opp med klåre planar om ei omstrukturering av høgre utdanning med sikte på større og meir «robuste» institusjonar og fagmiljø, endra dette fokus og skapte ein ny situasjon for alle dei tre studiestadane. Alle forstod at dei med desse politiske signala var aktuelle for fusjon, og alle tre stadar sette det dagsorden og tok mykje energi dei komande åra. I Bø og Høgskolen i Telemark innleidde det raskt arbeid med sikte på at fusjon kunne gi universitetsstatus. Etter mange rundar, først med institusjonar kring Oslofjorden, deretter med Universitetet i Agder vart Bø som nemnt del av Universitetet i Sørøst-Norge i 2016. I Sogndal og Høgskulen i Sogn og Fjordane var motstanden mot fusjon sterkt, og eit samrøytes styre avviste dette fram til departementet oppnemnde nye og meir fusjonsvenlege styremedlemer frå 2015. Då fekk styret ei samansetjing som til sist enda med at høgskulestyret med ei stemmes overvekt sa ja til fusjon med Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund frå 1. januar 2017. I Volda går diskusjonane om fusjon eller ikkje også i 2019. Volda var initiativtakar til fusjonsdrøftingar med Høgskulen i Sogn og Fjordane og har også arbeidd med planar om nærmare relasjoner med Universitetet i Bergen. Men i 2019 er Volda den einaste av dei tre studiestadane som har sin eigen, sjølvstendige utdanningsinstitusjon.

## **Høgskulen og lokalsamfunnet**

Eg har prøvd å få fram at dei tre lokalsamfunna har tradisjonar som vertsskap for utdanning. Likevel var høgskulane på 1970-talet, i stor grad med unge, nyinnflytta tilsette med universitetsutdanning og andre meininger, på mange måtar framandelement i bygdesamfunna. «Akademikkaradn», som det heitte i Sogndal, var langt på veg eit nytt element i bygdekulturen som kunne skapa grunnlag både for spenningar, motsetningar og motstand. «Innflyttarplaga» var eit uttrykk sosiologen

Andreas Hompland nytta i eit forskingsprosjekt som henta empiri frå Sogndal, der han såg på møtet mellom etablerte bygdemiljø og dei byprega og akademisk utdanna innflyttarane (Hompland, 1984). Og lokalavisa såg spørkelse då det vart etablert lokallag av Sosialistisk ungdomsforbund (SUF) og Arbeidernes kommunistparti (AKP) i Sogndal tidleg på 1970-talet. «Mao-haugen» i Bø (Frivoll der høgskulen heldt til) gir også bod om eit blikk med noko innebygd avstand til dei nye sambygdingane. Men først og fremst gav høgskulane grunnlag for ny aktivitet og nye mulegheiter i lokalsamfunnet. Dei høgre utdanningsinstitusjonane som vart etablerte på 1970-talet vart i løpet av eit par tiår blant dei største arbeidsplassane i dei tre bygdesamfunna, og i tillegg trekte kvar tilsett med seg kring 10 eller fleire studentar som også i stor grad skulle leva og bu der.

Frå vertskommunane si side var det behovet for bygg og høveleg utbyggingsareal som var i fokus frå starten av. Det måtte setjast av rikeleg areal og det måtte byggjast for å sikra posisjonen og eigarskapen til verksemda. Alle dei tre stadane viste vertskommunane handlekraft på dette området i den første fasen. I Volda vart det reist direktørbusstad så snart det var klart at Volda skulle vera hovudsete for Møre og Romsdal distriktshøgskule.

I Volda var lærarskulen etablert sentralt i bygda og det tok ikkje lang tid før kommunen sette gang i med nybygg for distriktshøgskulen i det same området. Det var jo ei hovudgrunngjeving for lokalisering til Volda at det var lærarskule der, i tillegg til dei kulturhistoriske tradisjonane. Men i Bø og Sogndal var det ingen slike føringar, anna enn at Fosshaugane-området i Sogndal, der høgskulen etter kvart vart samla, i ulike samanhengar hadde vore nemnt som eit høveleg område for skule og idrett (Yttri, 2008). Men elles var tankegangen både i Bø og Sogndal at det måtte setjast av rikeleg areal, og i desse jordbruksprega og ofte bondestyrte bygdene sat det langt inne at det kunne skje på dyrka mark. Dermed kom det kommunale planar om permanent campusområde i god avstand til jordbruksareal og bygdesenter, i Bø på Folkestad og i Sogndal på Kaupanger. Planane innebar behov for store statlege investeringar og medførde at både Bø og Sogndal hamna i ein endelaus kø av søknader til departementet om løyving til nybygg. Begge stadar gjorde dette at høgskulane i fleire tiår var leidgetakrar i ulike forretningsbygg rundt om i bygdesentra, slik som Napastaa-bygga i Bø og Flåtengården i Sogndal, til glede for private utleigarar. Planane om isolerte campus utanfor gangavstand frå

bygdesenteret vart ikkje lagt til sides før kring 1990, då høgskulane begge stadar inngjekk meir langsiktige løysingar i sentrum, i Bø i tilknyting til nytt kultur- og idrettsanlegg på Gullbring og i Sogndal først i nytt kulturhus midt i Sogndalsfjøra og etter kvart på Fosshaugane. Det vart med bygging av nokre studentbustadar på Folkestad og Kaupanger. Høgskulane elles vaks seg inn i sentrum og med tette band til bygda, slik det var i Volda.

Bustadar, særleg til studentane, var i periodar eit stort problem som pressa prisane kunstig høgt på alle desse tre studiestadane. Det vart raskt ført opp hybelbygg i regi av lokale stiftingar og ut på 1980-talet kom det studentsamskipnadar alle tre stadar. Etter kvart er det bygd kring 500 bueiningar i regi av studentsamskipnadane både i Volda, Bø og Sogndal. Studentane sine bustadområde er ein viktig del av bygdebileta, og er i litt varierande grad lokalisert slik at dei utgjer ein del av campus.

Det viser att på dei fleste område når så relativt stor verksemder skal utviklast i så små samfunn. Du kan ikkje kvila på byen sine tilbod og la den svelgja unna korkje når det gjeld leigebygg, bustadar, offentlege eller private tenestetilbod. Høgskulane, og særleg studentane, har gjennom åra bidrege til vekst, og at desse bygdene har fått eit tenestetilbod som går langt ut over det folketalet gir grunnlag for. Dei har også gitt grunnlag for nye bygg og gode leigeinntekter til forretningsdrivande, og dei har gjort det mogeleg for kommunane å løysa viktige oppgåver. Kulturhus og storhall i Sogndal og kultur- og idrettsanlegget på Gullbring i Bø er døme på det.

I Volda er det ikkje døme på tilsvarende verknader av høgskuleutbygginga. Her er det kommune eller stat som har sytt for bygg og anlegg for høgskulen, utan at det har vore i kombinasjon med andre offentlege eller private formål. I Volda er det heller ikkje mogeleg å sjå tilsvarende utslag i form av private tenestetilbod eller anna, slik som i Bø og Sogndal. Noko av dette kan skuldast at både Sogndal og Bø har greidd å kombinera det å vera studiestad med aktivitetar knytt til handel og reiseliv. Volda sin situasjon har vore meir prega av eit relativt stekt handelssenter i nabokommunen Ørsta.


Alle dei tre stadane var vertskommunane aktive i den første fasen med å setja av areal og syta for nødvendige undervisningsbygg. Då handla det i stor grad om å «markera revir». Ut over det er det ikkje grunnlag for å hevda at kommunen har spelt ei spesielt aktiv rolle i forhold til det å utvikla høgskulen, men så er det også tale om relativt små

kommunar med avgrensa ressursar å setja inn, og i alle fall dei første åra lite kompetanse på kva dette handla om. Likevel er det mogeleg å peika på variasjonar, og det kan synast som at Volda kommune, med unntak for den aller første fasen, har satsa mykje på at den statlege høgskulen skulle vera sjølvhjelpen, kanskje på same måte som sjukehuset i bygda. Det kan sjå ut til at kommunen har spelt ei noko meir aktiv rolle i Bø og Sogndal, særleg då kommunane såg at høgskuleaktiviteten kunne realisera kulturhus i bygda, men også i samband med planlegging og tilrettelegging for det som i dag er campusområdet på dei to stadane.

Her er det ei side av utviklinga i Sogndal som ser ut til å vera i ei særstilling blant dei tre studiestadane. Det handlar om Sogndal Fotball, som heile vegen har forstått betre enn dei fleste at høgskulen og studentane gav eit vekstpotensial utan sidestykke i ei bygd som Sogndal. Samarbeidet mellom Sogndal Fotball og høgskulemiljøet starta då lærarhøgskulen satsa på idrett som fag midt på 1980-talet. Fotballaget bygde gymnastikksal under tribuna på nye Sogndal stadion og leigde ut til høgskulen. Seinare var Sogndal Fotball ei drivkraft i arbeidet med å samla utdanningsverksemada i Sogndal på Fosshaugane, og etter kvart utvikla dette til ein kunnskapspark, på mange vis godt i samsvar med den amerikanske campus og College Town-tenkinga. Dei var langt på veg både arkitekt og entreprenør i utforminga av campusområdet. Samarbeid med tilsvarande aktørar er det ikkje døme på i Volda eller Bø. Så har dei heller ikkje lokale aktørar tilsvarande Sogndal Fotball.

Dei tre studiestadane har utvikla ein kombinasjon av kvalitetar som gir utteljing både fagleg og sosialt. Alle dei tre stadane har vorte kjende for å ha gode studentmiljø. Årlege undersøkingar dei siste 20 åra, rett nok av varierande kvalitet og seriøsitet, har heile vegen dokumentert at studentane i Volda, Bø og Sogndal trivst og har det bra. Dei er blant dei som er mest fornøgde i landet. I tillegg viser det seg at studentane på slike studiestadar i større grad lukkast i utdanningsprosjektet sitt enn studentar på dei største studiestadane, særleg i dei kortare utdanningsløpa. Ein vesentleg større del av studentane i bachelorprogramma fullfører utdanninga på normert tid ved desse små studiestadane enn ved dei store universiteta (Kunnskapsdepartementet, 2014).

**Figur 3: Gjennomstrøyming på normert tid i bachelorprogram 2013**



Kjelde: Kunnskapsdepartementet sin Tilstandsrapport for høyere utdanning 2014. Figuren viser kor stor del av studentane som starta eit bachelorprogram hausten 2010 og som avslutta innan normert tid (tre år) våren 2013. For Bø og Sogndal gjeld tala dei respektive høgskulane, dvs. Høgskolen i Telemark og Høgskulen i Sogn og Fjordane, fordi det har vore vanskeleg å henta fram gode data på studiestadnivå. Tilgjengelege data tilseier at dei to studiestadane ikkje skil seg vesentleg frå tala for dei respektive høgskulane.

Figur 3 viser at gjennomstrøyming på normert tid i bachelorprogramma, som har vore og er det dominerande utdanningsslaget ved dei tre studiestadane, ligg vesentleg høgre enn ved universiteta og for universitets- og høgskulesektoren samla. Særleg ligg Volda og Sogndal høgt, der andelen som fullfører på normert tid begge stadar er over 60%. Det er berre nokre få, svært små private høgskular, som har betre gjennomstrøyming i bachelorprogramma. Tilsvarande andel for universiteta er vel 30% og for universitets- og høgskulesektoren samla vel 40%. Om ein fokuserer på tal avlagde studiepoeng per heiltidsstudent eller tal uteksaminerte kandidatar, vert biletet mykje det same. Så har det også vore ein del av profilen til desse studiestadane at dei har studentar som lukkast i utdanningsløpa.

Både Volda, Sogndal og Bø har lagt stor vekt på å presentera seg som heilsakaplege studiestadar med eit aktivt og levande studentmiljø, der både kvalitet i det faglege og gode høve for eit aktivt og trygt sosialt liv er til stades. Ser ein på korleis dei profilerer seg, er det påfallande likt. Det handlar om eit breitt fagtilbod med god kvalitet og tett oppfølging av studentane, natur og friluftsliv, musikk, kultur og uteliv og korte avstandar til det meste. Det handlar om at unge menneske som søker utdanning ikkje berre skal studera. Dei skal leva og utvikla seg som heile menneske og dei stiller kvalitetskrav ut over det reint faglege. Og etter kvart har desse studiestadane noko å

byggja på: Viss ein grovt reknar at det i gjennomsnitt har kome ut kring 300 kandidatar årleg med vitnemål frå ei fleirårig utdanning, gir dette +/- 15.000 personar for kvar stad. I dag har mange av desse vorte både foreldre og besteforeldre, busette over heile landet og i ein posisjon der dei kan påverka nye generasjonar som skal søkja høgre utdanning og velja stad å studere. I mange samanhengar fungerer dei som abassadørar for studiestaden sin. Potensialet som ligg i det som kallast alumnusverksemrd er på langt nær utnytta på same måte som i USA, korkje ved desse studiestadane eller andre stadar i Norge.

Alle desse tre stadane har tradisjonar for å vera opptekne av god tilrettelegging for studentane, både i undervisninga og elles. Ei årsak til at dei har lukkast, kan vera at dette er stadar der studentane buset seg og tilbringar det meste av tida. Med brei nasjonal rekruttering er det svært mange som har for lang veg heim til at det er aktuelt så ofte. Dei blir 24/7-studentar i eit relativt trygt og oversiktleg miljø, reiser ikkje heim når førelesinga er slutt, men blir del av studentmiljøet. Ein ser det att i det mangfaldige organisasjonslivet på desse studiestadane, eit yrande og variert studentmiljø med både tradisjonelle og eksotiske aktivitetar. Og miljøa er ikkje større enn at det går an å torna å prøva seg for mange.

Lengre framme introduserte eg dei amerikanske omgropa «campus» og «College Town» eller høgskulebygda, og hevda at dette er tenking som dei siste åra også har fått eit visst gjennomslag i Norge. Det er ikkje grunnlag for å seia at dei tre studiestadane innfri alle kriteria som var nemnde, og i dei fleste tilfelle har både byen og utdanningsinstitusjonen større dimensjonar i USA , men ein del er absolutt relevant. Tal studentar på dei tre stadane er svært høgt jamfört med tal fastbuande. I 2018 utgjer det kring 40% av innbyggjartalet i vertskommunane, sjølv om ein her må korrigera for at ein noko varierande del av desse studerer på avstand eller deltid og ikkje oppheld seg dagleg på studiestaden. Høgskulen er ein dominerande arbeidsplass, studentane og det sterke innslaget av unge menneske har gitt grunnlag for tenester, arrangement, kulturtilbod og organisasjonsliv som er langt meir omfattande enn tal fastbuande skulle tilseia. Befolkinga har variert geografisk og kulturell bakgrunn og er stadig under utskifting, og «hyblifiseringa» av bustadmassen i bygda er omfattande. Det er i det heile svært vanskeleg å sjå føre seg dei tre stadane utan høgskule og studentar i dag. I nokon grad og på avgrensa område med parallellear til dei einsidige industristadane på 1960-talet.

Dei siste åra er det også vorte stadig sterkare medvit om betydninga av ein attraktiv og levande campus med studentbustadar innan rekkevidde, universell utforming, god tilrettelegging for syklande og gåande og generelt korte avstandar til det meste. Både i Bø og Sogndal er det verksemd innanfor campus som er like relevant for bygdefolk som for studentar, særleg idretts- og kulturtilbod, men også servering. Alle tre stadane har studenthus/studentkro, og i Bø er studenthuset ein del av campus. I Volda er det ikkje like mykje variert verksemd på campus, og kulturdelen som var planlagt saman med det nye mediebygget som i desse dagar er under oppføring, ser det ikkje ut til å bli noko av. Men Volda er den einaste av dei tre som har ein flott historisk bygning på campus.


Både i Bø og Sogndal er campustenkinga systematisert og sett ut i livet gjennom prosjekt og samarbeid med sikte på å styrka koplinga mellom høgskule, næringsliv og andre lokale aktørar. Sogndal er kanskje den av dei tre som har drive dette lengst. Her består det kompakte campusområdet, i tillegg til høgskulen med sine fasilitetar, studentsamskipnad og forskingsstiftinga Vestlandsforsking, av vidaregåande skule, ungdomsskule, Innovasjon Norge, ulike kompetansebedrifter, ei rekke småbedrifter i eit gründermijø, Sogndal Fotball med stadion, storhall og eit fotballfagleg miljø, treningscenter, serveringsstadar og elles kommunale og fylkeskommunale anlegg for ulike idrettsaktivitetar i eit etter kvart fint tilrettelagt campusområde. Til saman utgjer dette kring 250 arbeidsplassar i 2018, i tillegg til dei knapt 600 arbeidsplassane knytt til utdanning og forsking. Campus er open og tilgjengeleg for alle og vert dagleg brukt av meir enn 3000 studentar og elevar og i stor grad også av lokalbefolkinga. I tillegg ligg dei fleste av samskipnaden sine 500 studentbustadar på campus eller med kort avstand derfrå. Innhald og omfang av campusverksemda er langt på veg det same i Bø, og begge stadar er det utarbeidd campusplan i eit samarbeid mellom høgskulen/universitetet, Statsbygg, kommunen og andre lokale aktørar.

# Har dei vorte attraktive studiestadar?

Me såg lenger framme på utviklinga i studenttal og rekruttering til høgre utdanning på nasjonalt nivå. Her skal me sjå nærmare på korleis dette har utvikla seg ved dei tre studiestadane, og hovudspørsmålet er om dei har greidd å bli attraktive stadar og ta «sin del» av den sterke studentveksten gjennom snart 50 år. Eg gjer dette først ved å sjå på utviklinga i tal studentar og samansetjing av studentmassen. Deretter ser eg på utviklinga i sokjartal.


I nokre samanhengar kjem eg til å retta særskild merksemd mot attraktivitet som studiestad for unge heiltidsstudentar. Dette er noko både utdanningsinstitusjonane og lokalsamfunna har vore opptekne av. I tillegg har effektiv gjennomføring av høgre utdanning for unge menneske vore eit slags ideal i den nasjonale utdanningspolitikken.

## Utvikling i studenttalet



Kjelde: Figuren er basert på ei spesialbestilling til SSB for åra 1975-2015. DBH 2018.

Figur 4 er basert på det samla studenttalet uavhengig av finansieringsmåte, og inkludert deltidsstudentar og nett-/desentraliserte studentar. Dei tre studiestadane har alle hatt sterk vekst i studenttalet sidan 1970-talet. Volda har heile vegen hatt flest studentar, men den relative auken har i periodar vore like sterk ved dei to andre, litt avhengig av når ein set startpunktet.



Kjelde: Tal for studiestadane er dei same som i figur 4.. For Norge er tala tom 1990 henta frå SSB Historisk statistikk 1994, Utdanningsstatistikk 1995, Studenter i høyere utdanning 2015. DBH 2018.

Sidan 1980 er det samla studenttalet i Norge nær firedobla til 275 610 hausten 2018 . Alle dei tre studiestadane har hatt ein prosentvis vekst som er større enn dette. Her må ein ta omsyn til at dette var studiestadar som starta frå null tidleg på 1970-talet, men også om ein måler frå 1985 eller 1990 er den relative veksten sterkare for alle tre enn for universitet- og høgskulesektoren samla.

Den prosentvise veksten er størst i Sogndal med nær ei seks-dobling av studenttalet frå 1980 til 2018. I den første fasen var Sogndal den av dei tre som hadde den svakaste utviklinga. Det galdt særleg distriktshøgskulen, som på byrjinga av 1980-talet hadde den svakaste veksten av alle distriktshøgskulane i landet (Yttri, 2008). Bø og Volda hadde i større grad enn Sogndal etablert seg som studiestadar i løpet av 1970-åra.


Utviklinga i tal studentar korresponderer godt med det me drøfta lenger framme. Veksten er svært sterk frå midten av 1980-talet til midten av 90-talet. Det tyder på at dei tre studiestadane nytta muleheitene desse åra, og tok sin del av studentveksten og dei nye studieplassane som statlege styresmakter rundhanda delte ut for å møta mogeleg ungdomsarbeidsløyse, som ein frykta som følgje av auka studiefrekvens, økonomiske nedgangstider og relativt store ungdomskull. Frå midten av 1980-talet til slutten av 1990-talet vart studenttalet meir enn tredobla både i Volda og Sogndal. På landsbasis var det desse åra ei dobling i studenttalet.

Frå midten av 90-talet og fram mot 2010 var utviklinga meir moderat og til dels negativ. Desse åra var prega av mindre ungdomskull, betre tider i næringslivet og i nokon grad inndraging av studieplassar. For fleire mindre studiestadar, ikkje minst dei med sterkt innslag av utdanningar orientert mot offentleg sektor, merkast det i form av svakare utvikling i rekruttering og studenttal, spesielt unge heiltidsstudentar. Av dei tre studiestadane var det Bø som merka rekrutteringsproblema først og sterkest, og mest ved dei humanistiske studia, som var ein av bærebjelkane i studiestaden Bø frå starten. Også Volda merka rekrutteringsproblema ved dei humanistiske studia, og både i Sogndal og Volda var lærarutdanningane ei utfordring. Alle dei tre stadane vart problema med rekruttering av heiltidsgrunnutdanningsstudentar forsøkt kompensert med deltidstilbod, både grunn- og vidareutdanningar.

Etter 2010 heldt veksten fram både på landsbasis og i Volda og Bø, medan det i Sogndal ikkje har vore vekst i det samla studenttalet sidan 2010. I Volda og Bø er veksten siste åra i litt ulik grad basert på utvikling av nye nettbaserte studietilbod. Begge stadar har dei humanistiske fagmiljøa vore aktive på dette området, og begge stadar var det noko som skaut fart i kjølvatnet av rekrutteringsproblema nokre år tidlegare.

Så langt kan me slå fast at dei tre studiestadane har hatt ei noko varierande, men gjennomgåande god utvikling når det gjeld studenttalet. Gjennom perioden under eitt er utviklinga sterkare enn på landsbasis, men for å gi desse tala noko meir innhald skal me sjå litt nærmare på kva slags studentar det er tale om, både alder, utdanningsnivå og i kva grad det er tale om heiltidsstudentar på campus eller studentar som følgjer nett-/samlingsbaserte tilbod, ofte organisert som deltidsstudium.


## Studentane etter alder



Kjelde: FS frå kvar av dei tre institusjonane.

Figur 6 viser at det er variasjonar i aldersfordelinga i den samla studentmassen mellom dei tre studiestadane. Sogndal skil seg ut med høg andel unge studentar, i 2018 også høgre enn landsgjennomsnittet. Bø og Volda har mindre innslag av dei yngste aldersgruppene. I utgangspunktet er det rimeleg å tru at dette kan ha samanheng med kor stor del av studentane som er knytt til mastergradsprogram og vidareutdanningar, eller kor stor del av studentane som studerer nett-/samlingsbasert eller på deltid. Alle desse er utdanningstilbod som i større grad tiltrekker seg eldre studentar.


## Studentar på mastergradsnivå



Kjelde: DBH

I 2018 var knapt 31% av alle studentar i landet registrerte på mastergradsprogram inkludert femårige profesjonsstudium (Dbh, KD-portalen. Data til sektoranalysen.) Ved dei tre studiestadane, som heile vegen har hatt tyngda av utdanningstilboda på kortare yrkesretta utdanninger, er andelen vesentleg lägre. Tal studentar på mastergradsprogram (fem- eller toårige) i 2018 varierer frå 215 i Bø til 535 i Volda. Andelen er høgst i Volda med 13% og lægst i Bø med knapt 8%. I Sogndal er andelen vel 10%. Innslaget av mastergradsstudentar forklarar dermed i liten grad skilnadane mellom dei tre studiestadane i alderssamsetjing av den samla studentmassen.

## Nett- og desentraliserte studentar



Kjelde: DBH

På landsbasis var andelen av det samla studenttalet som studerer på nett-/desentraliserte studietilbod 7,6% i 2018. Ved dei tre studiestadane utgjer slike studentar, som oftast studerer på deltid, ein vesentleg større del av studentmassen. Både tal og andel studentar er klart høgst i Volda. I 2018 er 1110 studentar registrert på slike studium, noko som utgjer vel 27% av den samla studentmassen. Tilsvarande tal i Bø er 18% og i Sogndal knapt 14% av studentane.


Både i Volda og Bø har talet på nett- og desentraliserte studentar auka det siste tiåret. I Sogndal er talet på slike studentar litt redusert, medan tal heiltidsstudentar på campus har auka (Kjelde: dbh).

Analysen av samansetjinga av studentmassen talar så langt for at innslaget av studentar på nett-/desentraliserte tilbod er ei forklaring på at særleg Volda, men også Bø har ein lægre andel unge studentar enn Sogndal. For Volda sin del er ein større andel mastergradsstudentar også medverkande.

## Rekruttering frå eige fylke

Då dei nye høgskulane vart etablerte på 1970-talet, var det ein viktig intensjon at dei skulle bidra til breiare geografisk rekruttering til høgre utdanning og ikkje minst syta for kompetanseheving i eigen region.


Figur 9: Tal studentar frå eige fylke 1980 og 2018



Kjelde: SSB Utdanningsstatistikk 1980 og tal henta frå lokale FS 2018

Figur 9 viser at tal studentar frå eige fylke har auka mykje sidan 1980 ved alle dei tre studiestadane. Auken reflekterer den sterke auken i det samla studenttalet. I absolutte tal er veksten størst i Volda og minst i Sogndal. Den prosentvise auken er størst i Bø, som hadde få studentar frå Telemark dei første åra.


Figur 10: Tal studentar frå andre fylke 1980 og 2018



Kjelde: SSB Utdanningsstatistikk 1980 og tal henta frå lokale FS 2018

Alle dei tre studiestadane har hatt sterk auke i tal studentar frå andre fylke. Veksten er størst i Sogndal, som hadde få studentar frå andre fylke i 1980.

Figur 11: Andel studentar frå eige fylke 1980 og 2018



Kjelde: SSB Utdanningsstatistikk 1980 og tal henta frå lokale FS 2018

Figur 11 viser kor stor prosentdel av studentane som hadde heimstad i eige fylke i 1980 og 2018. Utviklinga denne perioden er ganske ulik mellom dei tre stadane. Den prosentvise endringa er størst i Sogndal, der andelen som kjem frå eige fylke har gått ned frå 60% i 1980 til 35% i 2018. Hovudforklaringa på dette ligg som me har sett i den sterke auken i tal studentar utanfrå eige fylke. Studentmassen i Sogndal er i aukande grad dominert av studentar frå andre fylke enn Sogn og Fjordane.


Endringa går motsett veg i Bø, men ikkje like dramatisk. Her har veksten i tal studentar frå Telemark vore relativt sterkare enn frå resten av landet.

I Volda er det ei moderat endring frå 56% til 49% frå eige fylke. Dette reflekterer ei jamnare fordeling av veksten i studenttalet mellom Møre og Romsdal og resten av landet.

Det er ikkje tilgjengeleg talmateriale frå heile denne perioden, men det var små endringar i dette biletet frå 1980 til 1990. Dei største endringane synest å ha skjedd dei siste 10 åra.

Som me har sett har høgre utdanning vorte regionalisert og fordelt ut over landet på ein radikalt annleis måte i løpet av dei 50 åra me ser på. I mange samanhengar har det vore argumentert for ei rettferdig fordeling på fylkesnivå, særleg i åra kring 1994 og seinare då det i stor grad var «fylkeshøgskular» det var tale om. Dei einskilde fylka burde ha ein andel av studieplassane i landet som samsvarer med andel av

befolkinga. Figur 19 viser kor stor andel av studentane og kor stor andel av folketalet i landet dei tre fylka me ser på hadde i 2018.



Kjelde: SSB og DBH, 2018

Telemark har relativt flest studentar med ein «student til folketals ratio» på 0,85; dvs. at andel av studentar i landet er 85% av andel av befolkninga i landet. Møre og Romsdal har minst med ein tilsvarende ratio på 0,63. Men med tanke på det urbane preget høgre utdanning har, og at det er vanskeleg å tenkja seg at alle fylke kan ha alle slags utdanningstypar og institusjonar, vil mange truleg meina at dei tre fylka har oppnådd å få ein relativt stor del av studieplassane i landet sett i forhold til folketalet.

## Studentrekruttering og søkerartal

Me skal prøva å fylla ut dette biletet ved å sjå på tal for søker og opptak.

Med formål å vurdera studentrekruttering målt etter kor mange personar som er interessert i å studera på ein studiestad eller institusjon, finst det ikkje pålitelege og samanliknbare tal for heile den perioden me er opptekne av. Først midt på 1990-talet vart opptak til høgre utdanning samordna i Norge, og samordninga var og er framleis avgrensa til såkalla grunnutdanningar; dvs. utdanningar som berre har vidaregåande skule som opptaksgrunnlag. Master- og vidareutdanningsprogram er framleis ikkje samordna, og ein og same person kan dermed bli talt fleire gonger, også for kvar studiestad. Tal som kan jamførast er berre tilgjengelege for dei siste 20 år (Opptak,

2018) , og me må difor avgrensa oss til denne perioden så langt det gjeld tal for studentrekruttering.


Det å fokusera på tal berre frå det samordna nasjonale opptaket til grunnutdanningar gir ikkje eit fullgodt bilet av rekrutteringssituasjonen. Ved ein del institusjonar er lokalt organiserte opptak til vidareutdanningar, masterprogram, og i nokre tilfelle også nett- eller samlingsbaserte grunnutdanningstilbod på deltid, like omfattande som opptaket via Samordna Opptak (SO). Men SO-opptaket er det som i størst grad omfattar unge utdanningssökjande, og med ei særskild interesse for å finna ut i kva grad dei tre studiestadane har lukkast med å vera attraktive for desse gruppene, er det relevant. Det er det også fordi analysen av søkeratal her først og fremst er eit supplement til analysen av studenttalsutviklinga.

Lite folketal i nærområdet gjer sitt til at dei tre ikkje er blant institusjonane innan høgre utdanning som har flest søkerar per studieplass. I 2016 hadde alle tre kring 1,5 primærsøkjar per utlyst studieplass i det nasjonalt samordna opptaket mot 2,0 for landet samla (DBH, 2019). Dette tilseier at målt opp mot interessa for å sökja, er dei tre studiestadane godt utrusta med studieplassar, eller om ein vil, det er eit lite folketalsgrunnlag bak kvar studieplass i det ein vanlegvis reknar som det primære rekrutteringsområdet. Det betyr at dei er avhengige av å henta studentar utanfrå, og dermed ofte meir sårbare i periodar med svakare rekruttering til høgre utdanning.

Det er ganske store variasjonar i sökinga dei åra me ser på, og som me var inne på lenger framme kan variasjonane i nokon grad knytast til demografiske endringar, gjennom storleik på årskulla i 20-årsalderen, og til variasjonar i arbeidsmarknaden. Me konstaterte då at det generelt er slik at når det er gode tider i næringslivet, minkar interessa for dei «trygge» utdanningstilboda som rettar seg mot velferdsstaten sine behov, og som er sterkt representerte ved alle dei tre studiestadane.


I 1999, som er det første året det er mogeleg å henta fram pålitelege data for, var tal primærsøkjarar i SO-opptaket nede på ca. 82 000, kring 25% lægre enn i toppåret 1994. Etter 1999 auka tal søkerar på landsbasis, men nådde ikkje att nivået frå toppåret før i 2011. Dette var ein periode med mindre årskull, betre tider i næringslivet og dermed relativt mange disponible studieplassar jamfört med søkeratalet. Så mykje som 95% av dei kvalifiserte søkerane på landsbasis fekk tilbod om studieplass desse åra, og for mange studiestadar og institusjonar betydd det ein

vanskelegare rekrutteringssituasjon med konkurransen om studentane. Ved alle dei tre studiestadane gjekk tal søkerar ned desse åra, og medførde ei utvikling som var klart svakare enn for landet samla.



Kjelde: Ceres/Samordna Opptak, 2018 (data frå bestilt køyring)


Figur 12 viser stagnasjon eller nedgang i søkeratala fram til kring 2009 for alle dei tre studiestadane. Etter 2009 er utviklinga meir positiv, særleg i Bø og dels i Sogndal. For Volda sin del har ein endå ikkje nådd att det søkeratalet høgskulen hadde i 1999, vel og merka i det samordna opptaket.



Kjelde: Ceres/Samordna Opptak, 2018 (data frå bestilt køyring)

Figur 13 viser at på landsbasis har tal primærsøkjarar auka med 70% i perioden 1999-2018, medan tala for dei tre studiestadane varierer frå ein nedgang på 6% i Volda til ein auke på 91% i Bø. I Bø er svært høge søkeratal til ein del nett-/deltidsbaserte utdanningstilbod ein viktig del av forklaringa på den positive utviklinga. Kring halvdelen av det samla talet på primærsøkjarar gjeld slike tilbod.

Sidan figuren baserer seg på söking berre til grunnutdanningar, gir den som sagt ikkje eit fullstendig bilet av rekrutteringssituasjonen. Biletet blir ytterlegare forstyrra av at Bø i stor grad har nettbaserte deltidstilbod på grunnutdanningsnivå inne i det samordna opptaket, medan Volda, som også har mange slike tilbod, i stor grad gjennomfører lokale opptak for desse utdanningane. Korrigert for slike skeivheiter, er utviklinga i søkeratal via Samordna Opptak mest positiv i Sogndal og om lag på same nivå i Volda og Bø.




Kjelde: SO sluttal 2018

Godt i samsvar med biletet som danna seg i analysen av samansettjinga av den samla studentmassen, markerer Sogndal seg med det største innslaget av unge søkerar. 78% av søkerane via Samordna Opptak var 24 år eller yngre i 2018, mot 67% i Volda, 56% i Bø og 67% som landsgjennomsnitt. Biletet vert understreka med at andelen blant dei yngste (21 år og yngre) er 50% og dermed høgre enn landsgjennomsnittet i Sogndal. Det er berre nokre få institusjonar og studiestadar i landet, slik som NHH, NIH og NTNU som har vesentleg høgre andel i den yngste aldersgruppa enn Sogndal.

Studiestaden Sogndal synest dermed å ha ein sterkare posisjon blant unge utdanningssøkjande enn Bø og Volda. Både Bø og Volda har utvida rekrutteringsgrunnlaget med nettbaserte tilbod på deltid. I Bø utgjer slike søkerar ein vesentleg del av rekrutteringa også i det nasjonalt samordna opptaket og gjer sitt til at innslaget av unge søkerar er lægre.

Me skal også kort sjå på den regionale fordelinga av søkerane via Samordna Opptak dei siste 20 åra.



Kjelde: Ceres/Samordna Opptak, 2018 (Data frå bestilt køyring)

Andelen søkerar frå eige fylke var aukande ved alle dei tre studiestadane dei første åra på 2000-talet. Då var det minkande samla søkeratal og særleg problem med å rekruttera unge heiltidsstudentar. Etter den tid har det samla talet på søkerarar auka, særleg i Bø og noko mindre i Sogndal, samstundes som andelen søkerarar frå eige fylke har gått markert ned begge desse stadane. For begge dei to studiestadane ligg dermed forklaringa i at det vesentlege av auken i det samla søkeratalet har kome i form av fleire søkerarar frå andre fylke, særleg det siste tiåret. For Bø sin del bidreg dei nettbaserte tilboda mykje her. I Volda er utviklinga annleis. Her er det små endringar i det samla søkeratalet både sidan 1999 og det siste tiåret, og endringa som har vore har resultert i ein litt aukande andel frå Møre og Romsdal.

Så langt kan me dermed slå fast at Bø og Sogndal i 2018 har klårt lægre andel av både søkerarar og studentar frå eige fylke enn Volda. Det synest som denne utviklinga har skote fart særleg det siste tiåret.

## **Oppsummering av student- og søkeratal**

Talmaterialet viser at dei tre studiestadane sidan starten har hatt ei sterk utvikling i studenttalet. I perioden frå 1980 til 2018 er studenttalet på landsbasis nær firedobla, og veksten ved alle dei tre studiestadane er større enn det. Veksten var særleg sterk fram til slutten av 1990-talet, og noko meir varierande deretter. Dei siste åra har studenttalet flata ut i Sogndal, medan veksten har halde fram i Bø og Volda.

Talmaterialet som omhandlar studentrekrytting er avgrensa til tal for søker til grunnutdanningane dei siste 20 åra. Det viser at dei tre studiestadane, målt i primærsokjrarar per utlyst studieplass, har svakare rekrytting enn universitets- og høgskulesektoren samla. Dei er lokaliserte i område med varierande, men gjennomgåande lite folketalsgrunnlag, og dermed avhengige av å henta søkerar utanfor nærområdet. I periodar med svak rekrytting på nasjonalt nivå er dei sårbare, særleg når det gjeld rekrytting til heiltidsutdanningane.

Bø og Sogndal har positiv utvikling i tal søkerar via Samordna Opptak siste tiåret. I Bø er mykje av den positive utviklinga knytt til studietilbod organisert som deltidstudium med nettstøtte og einskilde fysiske samlingar på campus. Også Volda har ein god del slike tilbod, men her ligg søker og opptak til desse utanfor det samordna opptaket, og aktiviteten viser først og fremst att i studenttal og samansetjing av studentmassen.

Analysen av samansetjinga av studentmassen viser at andelen studentar på mastergradsnivå er vesentleg lægre enn på landsbasis. Dei tre skil seg også klårt frå landet samla med at ein vesentleg større del av studentane studerer på nett eller desentraliserte utdanningstilbod, ofte organisert på deltid.

Gjennomgangen viser at Sogndal har eit relativt større innslag i dei yngste aldersgruppene, både når det gjeld søkerar og studentar. Når det gjeld rekrytting via Samordna Opptak er andelen klårt høgre enn i Volda og Bø, og også høgre enn landsgjennomsnittet. Andelen er også høgre enn på landsbasis når det gjeld registrerte studentar.

Analysen indikerer at ein viktig forklaring på skilnaden mellom dei tre ligg i at Sogndal har ein mindre andel nett-/desentraliserte studentar og ein større andel heiltidsstudentar på campus. Særleg i Volda er det ein vesentleg større del av

studentane som følgjer nettbaserte eller desentraliserte undervisningstilbod. Dette er studentar som vanlegvis er eldre enn heiltidsstudentane på campus. I Volda bidreg også ein litt høgre andel mastergradsstudenter til mindre andel unge studentar. Innslaget av unge heiltidsstudentar er høgt i Sogndal, også jamfört med landsgjennomsnittet.

Talet på nettstudentar indikerer at Volda og Bø er komne lengre når det gjeld nettstøtta studietilbod enn Sogndal. Dermed innfriar dei i større grad noko av det som var intensjonen med etableringa av dei nye høgskulane kring 1970, om å nå ut over campus og å gjera tilboda tilgjengelege for fleire grupper enn unge heiltidsstudentar.

Både når det gjeld søkerar og studentar har Volda ei relativt sterke stilling i eige fylke enn det Bø og Sogndal har. Truleg er nett-/desentraliserte tilbod ein del av forklaringa på Volda si relativt sterke stilling når det gjeld andel studentar frå eige fylke. I Bø derimot, synest søkerar til slike tilbod i større grad å koma frå andre fylke.

Både i Bø og Sogndal har andel søkerar frå eige fylke gått vesentleg ned, særleg det siste tiåret. Og forklaringa på det er først og fremst auke i tal søkerar frå andre fylke. Samansetjinga av studentmassen stadfestar dette biletet, om enn med noko meir moderate utslag. Medan kring halvdelen av registrerte studentar i Volda kom frå Møre og Romsdal både i 1980 og 2018, er tilsvarende andel i Bø og Sogndal vel 1/3 i 2018.

I Sogndal er det ein sterk reduksjon i andel studentar frå eige fylke, frå 60% i 1980 til 35% i 2018. Forklaringa ligg i at talet på studentar frå andre fylke er nidobla i perioden, medan talet på studentar frå Sogn og Fjordane er tredobla.

Frå dei tidlege åra markerer Bø seg med ein langt mindre andel studentar frå eige fylke. Både i Sogndal og Volda var nær 60% av dei registrerte studentane i 1980 frå eige fylke. Tilsvarande i Bø var 26%, noko som må forståast både på bakgrunn av fagtilbodet med mange universitetslike utdanninger og at det ikkje har vore lærarutdanning der. Den geografiske plasseringa med relativt kort avstand til folkerike område betyr truleg også noko.

Det betyr at Volda i 2018 i større grad har studentgrunnlaget sitt i eige fylke. Bø og Sogndal har svært brei geografisk rekruttering med stor andel av søkerar og studentar frå andre fylke, og dette er ei utvikling som har vorte forsterka siste åra. Ser

ein på andre utdanningsinstitusjonar og studiestadar, viser det seg at dei fleste har kring 50% eller meir av søkerane i det nasjonalt samordna opptaket frå eige fylke. Då er både Oslo og Akershus rekna som «eige fylke» for institusjonane i dette området. Nokre institusjonar, som Universitetet i Stavanger, rekrutterer meir enn 70% av søkerane frå eige fylket.

Her må det leggjast til at andel søkerar frå eige nærområde eller eige fylke varierer mykje mellom dei ulike utdanningane. Ein del utdanningar, slik som grunnskulelærar og førskulelærar har ei klart meir regional rekruttering. Alle dei tre har nokre utdanningstilbod med utprega nasjonal rekruttering, slik som journalist og friluftsliv i Volda, naturfaglege utdanningar og idrett/friluftsliv i Sogndal og natur-/miljøfaga og dei nettbaserte humanistiske årsstudia i Bø.

I denne analysen ville det vore interessant å gå nærmare inn på variasjonar mellom dei ulike utdanningsslaga. I ein studie som mellom anna ser på rekruttering av studentar til profesjonsutdanningane innan helse-, sosial- og utdanningssektoren på Vestlandet (Gythfeldt & Heggen, 2012), viser det seg at alle institusjonane som er med i studien frå Molde i nord til Stavanger i sør rekrutterer ein vesentleg del av studentane frå eige fylke og/eller dei andre vestlandsfylka til desse utdanningane. Også her skil Sogndal seg ut med noko større andel av studentane utanfrå, men truleg er det til andre utdanningstilbod, slik som dei naturfaglege og idrett og friluftsliv, at Sogndal, og også Bø, har brei geografisk rekruttering. Dessverre er det ikkje høve til å gå nærmare inn på dette her.


# Kva har det betydd for vertskommunane å bli studiestad?

Det er godt dokumentert at det å vera «studiestad», dvs. å ha høgre utdanning og forsking med kompetansearbeidsplassar og studentar i kommunen eller regionen, har stor betydning for sosial og økonomisk utvikling. I Stjernø-utvalet si innstilling «Sett under ett», heiter det mellom anna at universitet og høgskular «er med på å styrke den humane kapitalen, den sosiale kapitalen og den kulturelle kapitalen, som igjen har betydning for innovasjon og verdiskaping.» (Stjernø, 2008 s. 157)

Dessverre er det avgrensa med som kan gjera oss i stand til å seia noko om slike verknadar kan seiast å ha slått inn på dei tre studiestadane. Men me skal prøva å følgja det opp med ein kort gjennomgang med hjelp av tilgjengelege data på kommunenivå, særleg om demografi og utdanningsnivå.

## Demografisk utvikling

Dei tre studiestadane er som nemnt lokalisert til bygder med lågt folketal i relativt tynt folkesette område. I 1970 budde det vel 7000 menneske i Volda kommune og kring 4000 i Bø og Sogndal. Folketal innanfor dagpendlaravstand er oppgitt lenger framme.




Kjelde: SSB Befolkningsstatistikk. Folketal per 1. januar.

Figur 16 viser at alle dei tre kommunane har hatt positiv utvikling i folketal i dei knapt 50 åra som er gått. Volda har noko svakare vekst enn landet samla, medan Bø

og særleg Sogndal har langt sterkare vekst. Volda har vore størst av dei tre heile vegen, men er i 2019 nesten teken att av Sogndal, og i følgje SSB sine framskrivingar vil folketalet i Volda og Sogndal vera om lag det same i 2040. Skilnadane mellom Volda og dei to andre må truleg forklaraast med andre forhold enn høgskuleutviklinga, men me kan slå fast at det har vore ei positiv utvikling i folketalet i alle dei tre kommunane. Dette gjeld også om me jamfører med dei tre aktuelle fylka. Folketalsutviklinga er klårt svakare på fylkesnivå enn i dei tre studiestadkommunane. Det gjeld også om ein ser på SSB sine framskrivingar av folketalet. Men igjen er skilnaden mindre i Volda enn i Sogndal og Bø (SSB, 2019).

Mykje det same biletet får ein ved å sjå på kor stor del av befolkninga som er i fertil alder (25–39 år).




Kjelde SSB Befolkningsstatistikk (Tal per 1. januar)

For Bø og Sogndal er andelen av befolkninga i fertil alder på nivå med eller høgre enn landsgjennomsnittet så å seia heile perioden. I Sogndal er andelen sterkt stigande sidan 2010. Volda skil seg frå Bø og Sogndal også her, med lågare del i fertil alder.

## **Utdanningsnivå**

Det er naturleg at høgskulane gir utslag i utdanningsnivået i befolkninga i dei aktuelle kommunane. Forsking viser at fleire frå området tek høgre utdanning og at det medfører at området vert tilført kompetanse ved at folk ofte blir verande der dei har

studert (Heggen, 2014). Andel av befolkninga med høgre utdanning i dei aktuelle kommunane er eit uttrykk for det.



Kjelde: SSB Befolkingens utdanningsnivå

Figur 18 viser andel av befolkninga 16 år og eldre med avslutta høgre utdanning (minst lågare grads nivå). Konsekvensane av å vera studiestad er svært tydlege. Særleg Volda og Sogndal, men også Bø har høgre andel enn gjennomsnittet for landet. Samanliknar ein med dei aktuelle fylka dei tilhører, er skilnaden endå større. Dei tre aktuelle fylka ligg på 26-27% i 2017.

Det ser ikkje ut til at nabokommunane i særleg grad er prega av høgskolemiljøet på studiestadane. Unnataket er Leikanger, den vesle nabokommunen til Sogndal, som ligg i landstoppen når det gjeld utdanningsnivå. Det kan truleg best forklarast med at Leikanger er den kommunen i landet som har flest statlege arbeidsplassar i forhold til folketalet. Elles har nabokommunane (Nome, Sauherad, Luster og Ørsta) eit utdanningsnivå nær gjennomsnittet for dei aktuelle fylka.

## Andre verknadar

Ein høgskule i kommunen gir positive økonomiske verknader både gjennom eige forbruk, forbruk frå tilsette og ikkje minst studentar. I 2018 hadde Høgskulen i Volda eit budsjett på kring 350 mill. kr. Dei hadde kring 300 årsverk med ei brutto årsløn kring 600.000 kr, og ikkje minst studentar med ei gjennomsnittleg årsinntekt på knapt 200.000 kr. (SSB, 2012), der ein grovt kan rekna med at 2-3000 av studentane

oppheldt seg på studiestaden store delar av året. Slett ikkje alt dette forbruket skjer lokalt, men medrekna ringverknader er det klart at dei økonomiske verknadane er svært store i lokalsamfunn på denne storleiken. I utgangspunktet må ein rekna med at det gir grunnlag for mange tenester og tilbod som så små samfunn elles ikkje ville hatt. Dei tre kommunane viser i litt varierande grad at dette er tilfelle.

Bustadprisar kan også vera eit mål på «temperaturen» i eit lokalsamfunn, utan at det berre har positive sider. Av dei tre markerer Sogndal seg med høge prisar, og vesentleg høgre enn Bø og Volda (Kjelde: Kommuneprofilen 2018)

Omsetning per innbyggjar i varehandelen ligg høgre enn både landsgjennomsnittet og fylkesgjennomsnitta i alle dei tre vertskommunane. Bø ligg svært høgt, med ei omsetning som er heile 63% over gjennomsnittet for alle kommunar i landet. Sogndal ligg også høgt med 35% over landsgjennomsnittet, medan Volda har ei omsetning per innbyggjar som er 11% over gjennomsnittet. I rangeringa av alle kommunar i landet, plasserer Bø seg som nr. 9 og Sogndal som nr. 24 Her spelar sjølv sagt andre forhold enn høgskulen inn, mellom anna står reiseliv sterkt, særleg i Bø med Sommarland og i nokon grad også i Sogndal. Men det er liten tvil om at omsetning som følgje av det å vera studiestad er eit vesentleg bidrag.

Det er også god dokumentasjon på at høgre utdanningsinstitusjonar ser ut til å ha ein effekt ved at dei trekkjer anna kompetansekrevisjande verksemnd til området, for å vera nær eit fagmiljø eller trekka til seg relevante kandidatar. Dei kan også medføra knoppskyting i form av etablering av nye verksemder. Slike stadar ser dermed ut til å ha ein føremøn når ein del verksemder skal gjera lokaliseringsval (Sæther, 2000).

Truleg er dette område der ingen av dei tre studiestadane har greidd å utnytta potensialet, men det er likevel gode døme på det i form av etablering av oppdragsforskinsinstitusjonar og småbedrifter slik ein finn det på campus, særleg i Sogndal .

Høgre utdanningstilbod bidreg til meir aktive, levande og varierte lokalsamfunn. Mange unge menneske på ein stad gir grunnlag for kultur- og tenestetilbod som særleg mindre stadar elles ikkje ville kunne ha. Staden blir meir attraktiv og utdanningsmiljøet og campus påverkar «atmosfæren» på staden. (Florida, 2005). Alle dei tre stadane er det kulturtilbod og organisasjonsliv med større breidde og variasjon enn bygder av denne storleiken vanlegvis har. Dei er med på den nasjonale

turnélista innan musikk og teater, dei har eit relativt godt film- og kinotilbod og studentane har alle tre stadar studentkro med kjende konsertscener og stor aktivitet. Alle dei tre stadane har også fått sine festivalar eller liknande med grunnlag i student- og høgskulemiljøet. Det gjeld Bøker i Bø, Animasjonsfimfestivalen og X2 i Volda, Bratt moro og vintersportfestival i Sogndal i tillegg til studentveker med ei rekke arrangement alle tre stadane. Både Viko, Veka og Vekao har etter kvart lange og gode tradisjonar med årvisse arrangement. Slike stadar vert møteplassar for unge menneske, arena for faglege møte, konferansar og arrangement. Dei synleggjer staden og regionen, og gjer sitt i identitetsbygginga. I det moderne kunnskapssamfunnet, der kompetanse og forskingsbasert innovasjon er så viktig, bidreg utdanningsinstitusjonen til å gi «høgskulebygda» med campus eit moderne «image». Det symboliserer det moderne, framtidsretta og leveduglege (NOU, 2008:3).

Det går an å trekka fram andre variablar når det gjeld tilstanden i dei aktuelle kommunane, slik ein finn det hjå Statistisk sentralbyrå (SSB), i «Kommunebarometeret» eller Næringslivets hovudorganisasjon sitt «Kommune-NM» (NHO, 2018). Om ein ser på variablar knytt til demografi, arbeidsmarknad, sosiale forhold, kompetanse, næringsliv eller kommunal økonomi, scorar dei tre vertskommunane jamt over høgt. Blant alle landets 422 kommunar plasserer Sogndal totalt sett seg som nummer 12 og Bø som nummer 32 på NHO-lista 2018. Volda kjem lengre ned som nr 179. Det er særleg dei to områda næringsliv og kommunal økonomi som trekkjer Volda ned, utan at det her er høve til å gå inn på ein nærmare analyse av det.



Bilete: Frå Campus Sogndal

# Samanfatning og konklusjonar

## Er forventningane til desentralisering av høgre utdanning innfridde?

Dei viktigaste formåla med etablering av ein høgskulesektor kring 1970 handla om modernisering og kompetanseheving. For å møta forventningar om meir utdanning frå store etterkrigsskull og for å møta det moderne kunnskapssamfunnet sine behov i næringsliv og offentleg forvaltning, måtte det opnast tilgjenge til høgre utdanning for ein langt større del av befolkninga, uavhengig av kjønn, sosial eller geografisk bakgrunn. I dette kompetanseløftet var etablering av distriktshøgskular over heile landet og etter kvart oppgradering av gamle fag- og profesjonsutdanningar til høgskular viktige tiltak. Som me har sett, har det langt på veg lukkast, og det er lite tvil om at dei regionale høgskulane har spelt ei viktig rolle i dette løftet.

Talet på studentar i Norge er nær seksdobla gjennom dei knapt 50 åra me ser på, og ein svært stor del av studentane er kopla til utdanningar som har utspringet sitt i høgskulesektoren. Det er ikkje behov for nokon omfattande argumentasjon for å hevda at desse institusjonane og utdanningstilboda har bidrige til å opna dørene til høgre utdanning for nye, store grupper. Dei har gjort dørstokken lægre, mellom anna ved at tilboda er spreidde kring heile landet, ved at institusjonane i dei fleste tilfelle er mindre og framstår meir uformelle og imøtekommende enn dei gamle universiteta gjorde, og ved at dei har tilbydd eit meir variert utdanningstilbod både i omfang, innhald og organisering.

Utzjamninga er mest radikal når det gjeld kjønn. Frå at kvinner var ein liten minoritet i høgre utdanning, er dei i dag i fleirtal både blant studentar (60%) og tilsette (53%). Berre når det gjeld andel av studentane i teknisk-naturvitenskaplege fag og blant tilsette med toppkompetanse (professor/ dosent) er dei framleis i mindretal. Kvinnedelen i høgre utdanning er særleg stor innan helse- og sosialfaga og lærarutdanningar, som er viktige utdanningsområde i høgskulesektoren.

Utzjamninga er også stor når det gjeld sosial og geografisk bakgrunn. Framleis betyr sosial bakgrunn mykje når det gjeld utdanningsval, men særleg dei kortare yrkesretta utdanningane i høgskulesektoren har rekrytert breitt frå alle sosiale lag. Når det gjeld geografisk bakgrunn, er det i dag liten skilnad på by og bygd i spørsmålet om det er sannsynleg at ein ungdom vil ta høgre utdanning, og det er liten grunn til å tvila på

at dette også har noko med geografisk nærleik til utdanningsinstitusjonane å gjera. Men til liks med sosial bakgrunn, er det framleis skilnadar når det gjeld rekruttering til dei lange, prestisjefylte universitetsutdanningane. Sjansen for å byrja på slike utdanningar aukar med bakgrunn frå øvre sosiale lag i dei største byane.

Frå ein del hald var det store forventningar kring 1970 om at desentraliseringa av høgre utdanning også skulle medverka til å endra maktbalansen mellom sentrum og periferi i landet. Dei nye fagmiljøa kring heile landet skulle vera lokalorienterte i verksemda si, og bli ein slags motekspertise til sentralmakta i ulike interessekamper. Dette var ein viktig del av ideologien då distrikthøgskulane etablerte seg med utdanningstilbod og fagmiljø, og som me såg sette det farge på verksemda både i Volda, Bø og Sogndal. Men dette grunnlaget tapte seg inn på 1980-talet i takt med nye politiske og ideologiske straumar i tida, og at verksemda vart meir nasjonalt og internasjonalt orientert. Likevel er det ingen tvil om at utdanningstilbod og kunnskapsproduksjon over heile landet, også i bygdene, har utvida og nyansert perspektiva og utjamna noko av ubalansen mellom sentrum og periferi. Og det er godt dokumentert at det desentraliserte utdanningssystemet har bidrege sterkt til å forsyna arbeidslivet over heile landet med kompetent arbeidskraft.

Sjølv om Norge i internasjonal målestokk fekk ein desentralisert struktur i høgre utdanning, vart verksemda ved distrikthøgskulane aldri så spreidd som nokre vona frå starten. I Ottosen-komiteen sine innstillingar låg det tankar om etablering av regionale studiesentra som skulle tilby utdanning mange stadar kring i regionane. Distrikthøgskulane skulle vera ein slags paraply over spreidde utdanningstilbod. Desentraliserte tilbod har vore ein viktig del av aktiviteten ved mange høgskular, langt viktigare enn ved universiteta og dei storbybaserte institusjonane, ikkje minst ved dei tre me ser på her, men det har i det vesentlege skjedd i form av tidsavgrensa tilbod organisert som deltidsstudium. Permanente tilbod om heiltidsutdanning utanom dei etablerte studiestadane argumenterte miljøa ved dei nyetablerte høgskulane sterkt imot. Dei inntok dei same haldningane som dei gamle universitetsmiljøa gjorde då dei nye studiestadane vart etablerte. Ressursane og kompetansen måtte ikkje smørjast for tynt ut, spesielt ikkje når det galdt forsking. Det galdt å samla ressursane i sterke nok fagmiljø. Dermed har den desentraliserte verksemda stort sett vore avgrensa til mellombels tilbod om deltidsutdanning, ofte som kompensasjon for svak rekruttering til dei faste heiltidsutdanningane.

Ei anna forventning til den desentraliserte strukturen var at utdanningstilboda skulle møta lokale og regionale behov i arbeidsmarknaden. Dette var retningsgjevande for utforming av fagtilbodet dei første åra, og det prega fagprofilen. Men etter kvart som arbeids- og næringsliv har vorte meir nasjonalt og internasjonalt orientert, har tilboda vorte meir like over heile landet. Samstundes har lokale og regionale behov for kompetent arbeidskraft vore med å forma utdanningstilboda, og vore ei viktig grunngjeving og gitt legitimitet til den desentraliserte strukturen i høgre utdanning. Etter kvart har det kome god dokumentasjon på samanhengen mellom kvar ein person har teke utdanning og kvar vedkomande buset seg (Helland & Heggen, 2013). I den aktuelle situasjonen dei aller siste åra med spørsmål om fusjon eller ikkje, og etter kvart som framtida til små campus er truga i fleire av dei store, nyfusjonerte institusjonane, ser ein at grunngjeving i form av lokale og regionaler behov er viktige argument. Dei er meir framme no enn for få år sidan.

Og dei tre høgskulestadane og etableringa av ein regional høgskulesektor har ikkje berre bidrige til desentralisering av høgre utdanning. Det gjeld i stor grad også forsking. Sjølv om det ikkje var nokon primær intensjon ved etableringa, og trass i motstand frå dei gamle universitetsmiljøa, vart distrikthøgskulane raskt også forskingsinstitusjonar. Etter kvart som gamle profesjonsutdanningar vart oppgraderte til høgre utdanning, smitta interessa og forventningane om å kunna driva med forsking over på dei. Og då det vart etablert større regionale høgskular med fusjonane i 1994, vart like arbeidsvilkår eit sjølvsagt tema. Så kom Kvalitetsreforma tidleg på 2000-talet og endringar i lovverket, som etter kvart gjorde at skilnadane mellom universitet og høgskular vart mindre. Dette utan at det synest å ha minska interessa for universitetsstatus. Men dei tydlege og store skilnadane på universitetssektoren og høgskulesektoren bleikna vesentleg inn i det nye tusenåret. Det har ført til at det i dag i meir og mindre grad vert drive både høgre utdanning og forsking på i alt 53 geografiske stadar i Norge (Kjelde: DBH, 2018).

Også etableringa av regionale oppdragsforskinsinstitutt, som kom i kjølvatnet av høgskulane, og som ein fekk både i Volda, Bø og Sogndal i løpet av 1980-åra, bidrog til desentralisering og nye perspektiv i forskinga.

## Å bli studiestad var å skyta gullfuglen

Det var ei viktig målsetjing med desentralisering av høgre utdanning at det skulle bidra til økonomisk utvikling og modernisering over heile landet. Dei nye studiestadane skulle bli «løftestener for sin region», som det heitte i Stjernø-utvalet si innstilling (NOU, 2008:3) om behovet for ny struktur i høgre utdanning. Det er lite tvil om at dei gjennom utdanning og forsking har gjort det, men det synest også som om dei har fungert som «motorar» i utviklinga i dei aktuelle kommunane som vart vertssatar for dei nye utdanningsinstitusjonane.

Gjennomgangen av korleis utviklinga har vore i Volda, Bø og Sogndal med hjelp av nokre sosiale, økonomiske og kulturelle indikatorar tilseier at dei tre vertskommunane har hatt ei generelt positiv utvikling i dei 50 åra som studiestadar, og at dei har mange kjenneteikn på å vera attraktive lokalsamfunn. På kommunenivå scorar dei jamt over høgt på ulike variablar som vert rekna som teikn på at ting går bra. Dei har hatt ei utvikling i demografisk medvind med ei ung befolkning, sterke auke i folketalet og ei befolkning med stigande og høgt utdanningsnivå. Dei har kort sagt mange sosiale, kulturelle og økonomiske kjenneteikn som samsvarar godt med positive verknader av å vera studiestad, slik dette er dokumentert gjennom forsking både nasjonalt og internasjonalt. Det å bli studiestad på 1970-talet, også i Bygde-Norge, var å skyta gullfuglen for dei aktuelle kommunane. Men dei svært positive verknadane ser stor sett ut til å vera avgrensa til vertskommunane, som på dei fleste måleområde er i ein heilt annan posisjon enn dei respektive fylka og i dei fleste tilfelle nabokommunane.

Volda skil seg ut med noko svakare utvikling enn Sogndal og Bø, og ein kan stilla spørsmål om årsakene til det. Volda er studiestaden med dei mest solide utdanningstradisjonane, dei har den største høgskulen av dei tre og truleg det mest kjende og tydlege utdanningstilbodet. Med omsyn til befolningsgrunnlag i regionen, er dei i alle høve betre stilt enn Sogndal. Likevel scorar Volda svakare på dei fleste utviklingsområda me har sett på. Det føreliggjande materialet gir ikkje grunnlag for å seia svært mykje om årsakene til det, anna enn at det er vanskeleg å peika på noko ved utviklinga av sjølve høgskuleverksemda som er vesentleg annleis i Volda enn i Bø og Sogndal. Det måtte i så fall ha med tradisjonane som skulestad og «den kulturelle kapitalen» å gjera. Kanskje kan noko av forklaringa handla om slikt som involvering

og samhandling mellom høgskule, lokalsamfunn og kommune, og dermed evne til å nytta ut potensialet som ligg i det å vera studiestad?

## **Dei har lukkast som studiestadar**

Gjennom heile perioden på snart 50 år har studentrekrytting bydd på utfordringar, både når det gjeld kva som skal til for å etablera eit rykte som attraktiv studiestad, korleis ein kunne nytta ut dei gode tidene og korleis ein kunne forsvara stillinga i dårlige tider. Den første fasen fram til byrjinga av 1980-talet manglar det pålitelege data, men inntrykket er at dei fleste studiestadane då hadde ein grei rekryttingssituasjon og at kapasiteten på viktige utdanningsområde vart regulert sentralt i takt med etterspurnaden. I tiåret frå slutten av 1980-talet var det først og fremst spørsmål om korleis den store tilstrøyminga av utdanningssøkjande og den rikelege tilgangen på studieplassar kunne omsetjast i vekst og nye studietilbod.



Bilete: Frå Campus Bø

Studentrekrutteringa til desse små studiestadane er gjennomgåande svakare enn til dei store byinstitusjonane, og sjeldan sterkare enn den bør vera. Det har først og fremst samanheng med forholdet mellom tilbodet av studieplassar og befolkningsgrunnlaget i nærområdet å gjera. Dermed medfører svakare periodar raskt frykt for nedskjeringar og behov for omstilling. Tiåret frå kring 2000 var ein slik periode, som gav store utfordringar for dei tre stadane. Under Kristin Clement som utdannings- og forskingsminister tidleg på 2000-talet hadde dei, til liks med mange andre, store vanskar med å forsvara kapasitet og tilbod. Dette skjedde samstundes med at det vart større fridom for institusjonane, meir marknadsstyring, innføring av resultatbasert finansieringssystem og nye utfordringar som følgje av Kvalitetsreforma. Det medførde krevjande år med behov for omstillingar, men samstundes nye mulegheiter for vekst. Alle dei tre stadane skjedde det nedleggingar og omlegging av studietilbodet, utan at grunnstrukturen i fagtilbodet i vesentleg grad vart endra. Både i Bø og Volda innleia det satsing på nettbaserte tilbod for å møta rekrutteringsvanskane.

Gjennomgangen av utviklinga i rekruttering og studenttal viste at dei tre i rimeleg grad har lukkast med å bli attraktive studiestadar, når me ser perioden under eitt. I løpet av desse knapt 50 åra har alle tre hatt sterke auke i studenttalet. Dei har halde tritt med utviklinga på landsbasis, og vel så det.

Sogndal har samla sett den sterkeste veksten når me måler frå 1980, men dette kan dels forklara med at Sogndal kom seinare i gang med å veksa enn Volda og Bø. Dei to siste fekk i stor grad etablert den faglege profilen og eit rimeleg stort studenttal alt på 1970-talet, medan utviklinga i Sogndal skaut fart først på 80-talet. Utviklinga på alle tre stadar speglar att den svært sterke vekstperioden frå slutten av 1980-talet og eit tiår framover. Dette var den klårt sterkeste vekstperioden for alle tre.

I dei krevjande åra frå kring 2000 var utviklinga både i søker- og studenttal svakare alle dei tre stadane, men Sogndal hadde noko meir positiv utvikling dei siste åra fram mot 2010. Etter 2010 har det igjen vore auka rekruttering og vekst i studenttalet, både på landsbasis og i Bø og Volda. I Sogndal har tal søkerar auka noko, medan studenttalsutviklinga har flata ut.

Dei tre studiestadane har tyngda av studentar på bachelornivå og relativt få mastergradsstudenter. Opp gjennom åra har dei vakse meir i breidde enn i topp. Dei markerer seg også med relativt mange nett-/desentraliserte studietilbod, ofte organisert på deltid. Både Volda og Bø har vesentleg fleire slike studietilbod og studentar enn Sogndal, og innfrir dermed i større grad noko av det som var intensjonen med desentralisering av høgre utdanning. Omlegginga til nettbaserte tilbod både i Volda og Bø skjedde i samband med rekrutteringsproblema tidleg på 2000-talet, og då som svar på sviktande rekruttering av heiltidsstudentar på campus.

Analysen av korleis studentmassen er samansett i 2018, viser at Sogndal har eit relativt større innslag av dei yngste aldersgruppene, både når det gjeld søkerar og studentar. Når det gjeld rekruttering via Samordna Opptak er andel unge klårt høgre enn i Volda og Bø, og også høgre enn landsgjennomsnittet. Er det gode forklaringar på det? Analysen viste at forklaringa ikkje er å finna i at andel mastergradsstudenter er vesentleg lægre i Sogndal. Derimot kan ein lægre del nett-/desentraliserte studentar i Sogndal forklara noko av den ulike alderssamsetjinga. Unge heiltidsstudentar på campus, i stor grad rekruttert utanfor nærområdet og eige fylke, utgjer ein større del av studentmassen i Sogndal.

I utgangspunktet må ein rekna med at dei fleste studiestadar, ikkje minst dei bygdebaserete med mange grunnutdanninger, er svært opptekne av å rekruttera unge heiltidsstudentar. Det er eit mål på attraktivitet at unge menneske søker dit, og det gir mest ringverknadar i lokalsamfunnet. Det føreliggjande materialet gir ikkje grunnlag for å seia noko sikkert om kvifor Sogndal dei seinare åra synest å ha lukkast betre på dette området. Alle dei tre stadane har vore opptekne av å ha attraktive utdanningstilbod som fungerer på arbeidsmarknaden, kvalitet i undervisning og fagmiljø med tett oppfølging av studentane, og eit studentmiljø og ein studiestad med godt rykte og varierte aktivitetstilbod. Dei er alle tre studiestadar med korte avstandar til det meste, der studentar og unge menneske utgjer ein stor del av befolkninga og pregar bygdebiletet. Det same gjeld gode vilkår for friluftsliv og naturbaserte aktivitetar.

Kanskje gir lite befolningsgrunnlag i nærområdet og den noko isolerte geografiske og kommunikasjonsmessige lokaliseringa Sogndal nokre fordelar når dei først har greidd å få eit rykte som attraktiv studiestad? Studentane reiser ikkje heim når

undervisninga er over og storparten heller ikkje kvar helg. Dei blir i stor grad 24/7-studentar og gir grunnlag for eit levande og variert studentmiljø, som er oversiktleg og relativt trygt. Eit stykke på veg med parallellear til folkehøgskulane. For ein del betyr det mykje at Sogndal har fått eit rykte som ein stad med spesielt gode mulegheiter for ski og naturbaserte aktivitetar, og høgskulen sine utdanningstilbod går godt saman med det. Det kan også bety noko at godt fungerande grunnutdanningar over tid har hatt høgre prioritet enn universitetsambisjonar, og at det har vore eit medvit hjå tilsette og lokalsamfunnet om at høgre utdanning er ein marginal aktivitet i ei bygd med svært avgrensa folketal i nærområdet. Det er vanskeleg å seia noko sikkert om, men talmaterialet tyder på at det er utvikla ein mix av kvalitetar som fungerer i forhold til unge utdanningssøkjande og som møter forventningar og ønske hjå ein del av desse.

Ein vesentleg større del av studentane i Volda enn i Sogndal og Bø kjem frå eige fylke. Eit godt stykke på veg har det med folketalsgrunnlag å gjera. I Sogndal er samansetjinga av studentmassen radikalt endra når me ser 40 år tilbake, frå at 60% kom frå Sogn og Fjordane i 1980 til 35% i 2018. Bakgrunnen for det er først og fremst stor auke i tal sokjarar og studentar frå andre delar av landet. I Volda og Bø er endringane mindre, men i Bø har andelen frå eige fylke heile tida vore vesentleg lægre, i 2018 om lag på linje med Sogndal.

Samla betyr dette at Volda i 2018 i større grad hentar studentar frå eige fylke. Bø og Sogndal har svært brei geografisk rekruttering med stor andel av studentane frå andre delar av landet.

Her har eg brukt studenttal og studentrekrytting som hovudindikasjonar på i kva gard dei tre har lukkast som studiestadar. Andre mål kunne vore brukte, og eg har kort vore innom nokre slike. Dei tre studiestadane skårar høgt i ulike undersøkingar som handlar om kor tilfredse norske studentar er med studieprogram og studiestad. Dei kjem også til dels svært godt ut når det gjeld kor stor del av studentane som gjennomfører utdanninga si på normert tid eller kor mange studiepoeng studentane består i løpet av eit år. På dei fleste målområde som handlar om utdanningskvalitet, studiegjennomføring og tilfredsheit, kjem dei tre studiestadane godt ut jamført med sektoren samla. Dei når ikkje like høgt på reine akademiske målområde.

## **Den faglege profilen vart lagt tidleg**

Dei nye høgskulane og utdanningstilboda vart til i eit spenningsfelt mellom forventningar om effektivitet og danning. Frå nokre hald, ikkje minst dei som hadde bakgrunn som akademikarar frå dei gamle universiteta, var det både mistanke og mistillit til at fagmiljøa ikkje var gode nok, og at dei nye, korte og eksamensorienterte «hybridutdanningane» ikkje kunne reknast som høgre utdanning. I distrikthøgskulemiljøa var dette innvendingar som mange hadde forståing for. Dei var opptekne av å få eit sterkare innslag av allmennfag og danning i utdanningane, og at fragmenteringa og eksamenspresset gav for lite plass til kritisk refleksjon. På den andre sida var dei som meinte at effektivitets- og relevansforventningane ikkje vart innfridde, og at utdanningane ikkje var godt nok tilpassa behova i nærings- og arbeidsliv.

På alle dei tre studiestadane vart den faglege profilen og dei viktigaste utdanningstilboda lagt tidleg, men tidlegast og tydlegast i Bø og Volda. Den faglege profilen frå 1970-talet er lett å kjenna att i utdanningstilboda i Bø og Volda også i dag. Særleg i den første fasen var det sterkt medvit om å byggja fagmiljø og utdanningstilbod som var relevante i forhold til kultur, nærings- og arbeidsliv lokalt og regionalt. Seinare definerte utdanningsinstitusjonane seg i aukande grad i forhold til akademiske kriterium og nasjonale behov og problemstillingar, men behov og legitimitet lokalt og regionalt har heile vegen vore viktige grunngjevingar for fagprofilen.

Sogndal kom seinare i gang med å etablera ein fagleg profil, men fekk etter kvart det breiaste fagtilbodet, noko som både hadde å gjera med posisjonen som udiskutabel «hovudstad» i ein fylkeshøgskule og den lange avstanden til konkurrerande studiestadar og utdanningstilbod. Det har på den eine sida gitt svært brei fagportefølje med svært ulike utdanningstilbod, frå vernepleie via eigedomsmekling til geologi, og dermed mulegheiter for å tilpassa seg marknaden og nytta ut potensialet for vekst der det har vore. På den andre sida har det betydd at ressursane har vore smurt tynt utover i ein relativt liten høgskule med brei fagportefølje, og dermed på fleire område små og sårbare fagmiljø og utdanningstilbod. Då mulegheitene for vekst var der, var det enklare å få det til i breidda enn i toppen. Då fusjonsbølga kring 2015 slo inn, vart dette brukt som argument for at små

institusjonar og studiestadar burde sjå seg om etter fusjonspartar for å bli meir «robuste».

Både Volda og Sogndal hadde både lærarutdanning og distriktshøgskule. Det gav nokre utfordringar i starten, særleg i Sogndal, men først og fremst har det betydd at dei to studiestadane har hatt fleire bein å stå på, og det har gitt grunnlag for fleire vekstmulegheiter. Det at dei to stadane hadde lærarutdanninger før distriktshøgskulen kom på plass, gav ikkje så sterke føringar for fagprofilen som ein del meinte det burde ha hatt.

Sogndal måtte først læra å ta kampen om å overleva som studiestad. Det gav tidleg erfaringar med marknadstilpassing, noko som kom godt til nytte i åra som kom. Men alle dei tre lærde raskt spelet om å få etablert nye studieplassar. Dei viste evne til å snu seg raskt og å koma på bana med kapasitetsauke og etablering av nye utdanningstilbod på etterspurde fagområde. Fagprofilen vart meir marknadsstyrt og institusjonane vart i aukande grad regionale utviklingsaktørar. Vekståra frå slutten av 1980-talet var på mange måtar ei innføring i den nye tida, og tiåret som følgde vart den sterkeste vekstperioden nokon gong både i Volda, Bø og Sogndal. Utdanningsinstitusjonane på desse små studiestadane viste evne til strategisk tilpassing før dette vart argument for nye former for leiing og styring i sektoren.

Erfaringane frå desse åra var nyttige å ha med seg då rekrutteringssvikt og resultatbasert finansiering, saman med mindre stat og meir marknad, kom på dagsorden nokre år seinare. Alle dei tre viste evne til utvikling og tilpassing for å møta rekrutteringsproblema, både i form av endring og nedlegging av studietilbod, og med nye måtar å organisera og tilby utdanningane. Det var desse åra at både Volda og Bø kom på bana med nettbaserte tilbod i dei gamle humanistiske utdanningane. Den nokså radikale omlegginga av dei naturfaglege studia og fagmiljøa i Sogndal, som resulterte i ein framtidssrettet profil, er døme på at krevjande periodar genererer vel så mykje utvikling og nytenking som gode tider gjer.

## Akademiske ambisjonar har endra fokus

Strategien for å møta utfordringar og kritiske innvendingar har i mange tilfelle vore å kopiera universiteta, i starten med å tilby universitetslike fag, ved å gi meir rom til forsking, seinare med å tilby hovudfag, mastergrads- og ph.d.-program, og etter kvart

med å arbeida for universitetsstatus. Det har vore ei akademisk drift heile vegen, først i distriktshøgskulemiljøa og etter kvart overført til store delar av høgskulesektoren.

Den akademiske drifta synest å ha vore sterkare i Bø og Volda enn i Sogndal. Det kan ha samanheng med dei relativt mange universitetslike faga som vart etablerte i starten og det kan ha samanheng med større kontinuitet i fagmiljøa, som har gjort at første generasjon tilsette har sett sterkare preg på utviklinga, og at det har gitt grunnlag for fleire tilsette med høg kompetanse. For på desse små studiestadane må institusjonane sjølv som regel rekna med å utvikla høg kompetanse hjå dei tilsette. Det er sjeldsynt å få søkjrarar med toppkompetanse til stillingane. Det har medført at Bø og Volda lenge hadde større andel med førstekompetanse blant dei tilsette og fleire med professor-/dosentkompetanse.

Men dei siste åra har dette endra seg. I 2018 scorar Sogndal vel så høgt som Volda og Bø når det gjeld dei vanlege teljekantane som blir nytta for å seia noko om akademisk nivå, slik som publiseringspoeng per årsverk og andel av dei tilsette med førstekompetanse. Eg har drøfta nokre forklaringar på denne endringa, særleg den sterke stillinga til dei tradisjonelle akademiske faga i Bø og Volda og kontinuiteten i fagmiljøet. Mange tilsette oppnådde høg kompetanse, men siste åra har dei i stor grad gått ut av arbeidslivet og er vanskelege å erstatta. Ei anna forklaring kan ligga i dei nye fagområda som vart etablerte på 1980- og 90-talet, og som i større grad pregar fagprofilen i Sogndal. Dei hadde i utgangspunktet svake akademiske tradisjonar, men har etter kvart etablert seg og vorte meir forskingsbaserte, og dei har kanskje i større grad innfridd forventningane om samfunns- og arbeidslivsrelevant forsking.

Dei akademiske ambisjonane medførde også tidlegare arbeid for å få på plass hovudfag/mastergrader, ph.d.-program og innretning mot universitetsstatus både i Bø og Volda. I Sogndal varde det tradisjonelle høgskufokuset lenger med at det viktigaste for ein høgskule er gode og relevante grunnutdanningar. Bø vart etter kvart campus i eit universitet, men innslaget av studentar på mastergradsnivå gjenspeglar ikkje det. I 2018 er det ikkje stor skilnad mellom dei tre når det gjeld andel mastergradsstudentar. Andelen er litt høgre i Volda, men klart under landsgjennomsnittet for alle dei tre stadane.

På nokre område har dei tre studiestadane ikkje greidd å nytta ut muleheitene. Av dei 10 distriktshøgskulane som var etablerte i 1980 (*Telemark distriktshøgskole 10*

år: *jubileumsskrift*, 1980), og som hadde eller fekk fagmiljø innan økonomi og administrasjon, er det berre Halden ved sida av Bø og Sogndal som ikkje har tilbod om mastergrad/siviløkonomutdanning innan dette fagområdet i 2019. Volda har aldri vore representert på økonomiområdet. Både i Bø og Sogndal har det vore arbeidd med å få det til, men ingen av dei har lukkast, først og fremst fordi ein ikkje har greidd å byggja sterke nok fagmiljø med toppkompetanse. Det kunne ein kanskje ha venta, både i Bø som på mange måtar var pioner for denne typen utdanning i distrikthøgskulesystemet og i Sogndal, som var i ein gunstig regional posisjon då dette miljøet vart etablert tidleg på 1980-talet. Men økonomifaget hadde i utgangspunktet ikkje tunge akademiske tradisjonar, og det har vist seg krevjande å byggja tilstrekkeleg kompetanse på desse små studiestadane.

Dei korte, yrkesretta utdanningstilboda som vaks fram med etablering av høgskulane frå 1970-talet har spelt ei viktig rolle, både for utvikling av næringsliv og offentleg forvaltning i det norske samfunnet, ikkje minst utanfor dei største byane. Det bringa utan tvil ein ny dynamikk inn i høgre utdanning. Etter kvart har den akademiske drifta med forskingsfokus, universitetsambisjonar og internasjonal rangering vorte viktigare, og i mange tilfelle medført mindre merksemd til dei kortvarige yrkesretta høgskuleutdanningane. Nokre meiner at det dei seinare åra er blitt ein ubalanse i forholdet mellom akademisk og yrkesretta utdanning i norsk høgre utdanning, som særleg har merkast etter kvart som dei mindre, sjølvstendige høgskulane er blitt del av nye regionale institusjonar (Nyborg, 2019).

Det er distrikthøgskulemiljøa som først og fremst har fremja akademiseringa og det å bli universitetslike i høgskulesektoren. Det kan karakteriserast som eit paradoks, då noko av formålet med etableringa av desse institusjonane var å blokkera for fleire universitet. Men kunne ein venta noko anna når dette var institusjonar med tilsette som hadde same bakgrunn, kvalifikasjonar og orientering som ved universiteta? Og som Oddbjørn Melle seier (Melle, 1999), når mest alle incitament tala for at det å kopiera universiteta var det som gav størst utteljing både for tilsette og regionen?

Ville det vore eit alternativ å byggja ein høgskulesektor basert på dei gamle fag- og profesjonsskulane med praksisnære og sterkt undervisningsorienterte utdanninger nært knytt til den aktuelle regionen? Det er mogeleg at ein del mindre studiestadar i 2019 hadde greidd seg betre med ein profesjonshøgskule enn som liten campus i eit

stort universitet. Men ville ein oppnådd den breidda og relevansen i utdanningstilbodet som ein fekk med distriktshøgskulane, og ville ein hengt med i den faglege utviklinga både nasjonalt og internasjonalt, som forskingsbaseringa har gitt grunnlag for? Det er ikkje gitt at svara på desse spørsmåla er «ja».

## **Studiestad og region**

Det er som utdanningsinstitusjonar og attraktive studiestadar desse tre har lukkast, ikkje primært som forskingsinstitusjonar. På forskingssida har dei alltid lege langt bak dei store institusjonane når det gjeld formell kompetanse, publisering mm., noko som også har samanheng med ulik ressurstilgang. Men som utdanningsinstitusjonar har dei teke sin del, vorte attraktive studiestadar med samfunnsrelevante utdanninger og stort sett fått betre tilbakemeldingar frå studentane enn dei store institusjonane. Slik sett er det ikkje rart at desse studiestadane hadde betre vekstvilkår på 1970- og 80 talet, då det var utdanning og regional relevans som var det sentrale. Den tyngre vektlegginga frå 90-talet av akademisk kvalitet, gjerne i internasjonal målestokk, har vore meir utfordrande.

Alle dei tre hadde skuletradisjonar, men Volda sterkest og tydlegast med lærdomskultur og ein etablert lærarskule. Då det vart tale om etablering av distriktshøgskule i Møre og Romsdal var det vanskeleg å koma utanom Volda, sjølv om både Ålesund og Molde var meir sentrale stadar med større befolningsgrunnlag. Bø og Sogndal hadde ikkje ein slik posisjon og vart heller ikkje studiestadar fordi det var naturleg i eit fylkesperspektiv. Dei vart det etter politiske prosessar der strøymingar i samtida fekk gjennomslag.

Det at dei tre vart studiestadar, eit stykke på veg på ideologisk grunnlag og etter intern politisk strid der dei ikkje var førstevalet sett med fylkesbriller, synest ikkje å ha medført store ulemper over tid. Men posisjonen i dei respektive fylka har likevel ikkje vore den same. I Sogn og Fjordane fanst det ikkje høgre utdanning før Sogndal lærarskule vart etablert i 1972, og Sogndal fekk dermed posisjonen som den første og viktigaste studiestaden i fylket. Seinare synest det som om Sogndal i større grad enn Bø og Volda har hatt politisk støtte frå fylket sine stortingsrepresentantar når det har vore arbeidd for etablering av nye utdanningstilbod. I Sogndal var det viktig og kanskje avgjerande ved fleire høve, slik som ved etablering av økonomi og administrasjon med reiseliv på 1980-talet, seinare sosialarbeidarutdanninger og endå

seinare i oppbygginga av fagmiljø knytt til klimatilpassing, geofare og fornybar energi. Den politiske støtta i Bø og Volda har ofte vorte hemma av intern lokaliseringsstrid i fylket, sjølv om strid mellom studiestadar kanskje har vore vel så dominerande i andre fylke.

Fusjonane i 1994 styrka Sogndal som «hovudstad» i fylkeshøgskulen. Det styrka også Volda med samling av dei to små høgskulane til den største studiestaden i Møre og Romsdal. Bø tapte posisjon med fusjonen i 1994, men spelte likevel ei viktig rolle i den nye fylkeshøgskulen. Bø er lokalisert i utkanten av det tyngste befolkningsområdet i Telemark, og med folkerike område på det sentrale Austlandet innan relativt kort avstand. Bø har alltid rekruttert ein stor del av søkerar og studentar utanfrå fylket. Det gjeld også i 2019 med eit sterkt innslag av nettstøtta studietilbod på deltid. Bø har altså ingen sterkt posisjon i Telemark når ein ser på rekruttering eller samansetjing av studentmassen.

Det har heller ikkje Sogndal i Sogn og Fjordane. Her har andelen av studentar og søkerar som kjem frå eige fylke minka vesentleg, men først og fremst som følgje av sterke auke i rekrutteringa frå andre delar av landet. Sogndal har hatt fordelar av ein sterke regionalpolitisk posisjon i Sogn og Fjordane, men har nytta dette først og fremst til å bli ein studiestad med nasjonalt orienterte utdanningstilbod og rekruttering. Sogndal har etablert eit utdanningstilbod med ei fagleg breidde som ikkje kan basera seg på rekrutteringsgrunnlaget eller behovet i Sogn og Fjordane. Er dette gangbart i ein regionalt orientert og profesjonsdominert høgskule som Sogndal er blitt del av?

Sogndal har i ulike samanhengar nytt godt av lang avstand til nærmeste konkurrerande studiestad, og at det aldri vart etablert distrikthøgskule i Hordaland. Hordaland har dermed alltid vore eit viktig rekrutteringsområde for Sogndal. Samstundes har dei mange utdanningstilboda i Bergen sjølv sagt vore ei utfordring, særleg i forhold til personar busette på kysten av fylket, som har kortare reiseveg til Bergen enn til Sogndal.

Alle dei tre studiestadane har vore og er dominerte av fagmiljø og utdanningstilbod som er orienterte mot offentleg sektor og den moderne velferdsstaten sine skiftande behov. I den grad desse tre har opplevd ulemper og svak regional støtte, er det truleg ei viktigare årsak enn det at dei har halde til i bygdesamfunn.

## **Harmonisering og mindre kulturskilnadar**

Dei ulike kulturane som kjenneteikna høgskulesektoren dei første åra har etter kvart funne sin plass ved sida av kvarandre, sjølv om det tok tid og skilnadane framleis dukkar opp i ulike samanhengar. Fylkeshøgskulane i 1994 var det første alvorlege samrøret, og den gongen var det i stor grad distriktshøgskulekulturen og akademiseringa som sette preg på dei nye institusjonane. For den undervisningstunge lærarskulen gav dette betre vilkår for forsking og akademisering.

Frå tidleg på 2000-tal har utviklinga vore meir samansett. På den eine sida er fokuset på forsking, publisering og akademisk kompetanse forsterka, og det er universitetsstatus som har vorte målet i mange miljø. På den andre sida har utviklinga sidan Kvalitetsreforma i 2004 like mykje teke ei retning som liknar dei gamle profesjonsutdanningane sin kultur og arbeidsmåtar med sterkare styring og leiing, meir undervisning, tettare studentkontakt og prioritering av det som er viktig for at studentane lukkast i utdanningsløpa sine. Fokuset på gjennomføring i utdanningsløpa og finansiering på det grunnlaget har forsterka det.

Harmonisering av tilsetningskrav, arbeidsvilkår og karrierevegar har også gjort sitt til at dei tidlegare skilnadane mellom miljøa har vorte mindre. I den siste fusjonsbølga kring 2015 er det profesjonsmiljøa som dominerer i mange av dei nye regionale institusjonane.

Utviklinga på dette området er mykje lik på dei tre studiestadane, med eit mogeleg unntak for Bø, som ikkje har hatt eit tradisjonelt profesjonsutdanningsmiljø på studiestaden.

## **Etablerte studiestadar med synlege campus**

Som me har vore inne på, viser det att på dei fleste område når så stor verksemd med så mange unge menneske skal finna plass i relativt små bygdesamfunn. Det set preg på dei fleste sider ved lokalsamfunnet og det gir grunnlag for tenester, tilbod og aktivitetar som elles ikkje ville vore der.

Sjølv om alle dei tre stadane hadde tradisjonar for å integrera skuleungdom i bygda, var høgskulemiljøa som etablerte seg på 1970-talet framandelement i bygda. Men gradvis har dei vakse inn i bygdemiljøet, og langt på veg har det skjedd i takt med at

høgre utdanning ikkje lenger er for ein elite, men i stor grad for breie lag av folket. I dei tidlege åra var studentane og dei høgskuletilsette svært synlege. Studentane kom i stor grad flyttande til bygda og det var heller ikkje mange av dei tilsette som hadde røter i lokalsamfunnet. Dei busette seg ofte i det same, nyetablerte byggefelt og dei oppsøkte eller etablerte sine eigne kulturelle og sosiale møteplassar. Etter snart 50 år har dette gradvis vorte ein del av bygdesamfunnet som dei færreste tenkjer på som noko framandt. Høgskulen er ein del av bygda.

I eit gjensyn med «innflyttarplaga» 20 år etter, meiner Andreas Hompland (Hompland, 2011) å observera at spenninga mellom innflyttarane og dei innfødde har vorte mindre. Det har skjedd både ved at innflyttarane og deira profesjonar i mange samanhengar har overteke hegemoniet og at bygdebyane er blitt meir integrerte i storsamfunnet, både mentalt og materielt. Bygda er endra og dei innfødde har «apt». Innflyttarane er assimilerte kvinner og menn som i mange samanhengar overgår dei innfødde når det gjeld å tala bygda sine interesser. Innflyttarplaga har gått over. Dei kom frå sentrum og vann over periferien. No er dei sjølve blitt del av periferien mot det nasjonale sentrum.

Alle dei tre stadane har fått sin campus sentralt i bygda. I Bø og Sogndal tok det tid, men i dag er dei alle etablerte med moderne bygningsmasse, kultur- og idrettsanlegg og studentbustadar som del av eller i gangavstand til campus. Ingen av stadane har vertskommunane spelt ei svært aktiv rolle i utviklinga av høgskulen, men kanskje noko meir aktiv i Sogndal og Bø enn i Volda. Alle tre stadane har utleige av hyblar, som det var tradisjonar for også før høgskuleutbygginga, vore ei viktig attåtnæring for mange huseigarar og gitt mange eit nært forhold til studentane. I Bø og Sogndal gav i tillegg mangel på eigne bygg for høgskulen lenge grunnlag for vekst og utvikling, både for private aktørar og kommunen i form av utleigebygg og realisering av offentlege byggeprosjekt, slik som kulturhus.

Volda er studiestaden med dei lengste tradisjonane, og den einaste som med Volda lærarskule anno 1895 har eit skulebygg sentralt på campus som står fram som eit historisk, fysisk uttrykk for den symbolske kapitalen Volda har som kulturygd. I ein del samanhengar kan ein besökande merka at studiestaden har ei historie og dei tilsette ei slags stoltheit som ein ikkje like lett får augo opp for i Sogndal og Bø. Dette hadde sitt å seia då Volda fekk distriktshøgskule i 1970, men kva det har hatt å seia

sidan er det vanskelegare å meina noko klart om. Men då både Volda og Sogndal vart truga med framtida for lærarutdanninga, dersom dei ikkje fann ein fusjonspartnar for få år sidan, kan det sjå ut som at dette trugsmålet ikkje gjorde like sterkt inntrykk i Volda som i Sogndal.



Bilete: Frå Høgskulen i Volda

Dei siste åra er det vorte stadig sterkare medvit om betydninga av ein attraktiv, levande og miljøvenleg campus med studentbustadar innan rekkevidde, universell utforming, god tilrettelegging for syklande og gåande og generelt korte avstandar til det meste. Både i Bø og Sogndal er det verksemd innanfor campus som er like relevant for bygdefolk som for studentar, særleg idretts- og kulturtild, men også servering. Moderne campustenking med kopling av høgskule, næringsliv og anna lokal verksemd er drive lengre og utvikla meir bevisst i Sogndal og Bø enn i Volda.

I Sogndal er det ein type aktør som ein ikkje finn i Volda eller Bø. Det er Sogndal Fotball, som med utgangspunkt i eigne interesser har spelt ei aktiv rolle i utviklinga av høgskulen i mange år. Dei stod svært sentralt i etableringa av campus i bygda, og dei såg betre enn dei fleste kva slags potensiale som låg i høgskulen og studentane.

Dei har også medverka til å opna campus for bygdefolk og at det er etablert relativt mange kompetansebedrifter og gründerar på campus. Det har gjort sitt til at det i ein del samanhengar har vore ei slags dugnadsånd og mobilisering for høgskulen og studiestaden som ein kanskje ikkje ser parallellear til, mellom anna i Volda.

I arbeidet med å leggja til rette for ein attraktiv campus og ein god studiestad, betyr studentsamskipnadane og samarbeidet mellom høgskule og samskipnad mykje. Også samskipnadane har vore gjennom kraftige fusjonsprosessar. I 2019 er det att 20 samskipnadar i landet. Samskipnaden i Volda er ein av dei. Bø hadde sin eigen samskipnad fram til 1994. I samband med høgskufusjonen vart det etablert ein fylkessamskipnad for Telemark med hovudsete i Porsgrunn. I den siste fusjonsbølga vart det etablert ein felles samskipnad for Telemark, Buskerud og Vestfold med hovudsete i Vestfold. Sogndal var hovudsete for samskipnaden i Sogn og Fjordane fram til fusjonen i 2017. Då vart det etablert ein felles samskipnad med hovudsete i Bergen, som omfattar både Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og dei andre utdanningsinstitusjonane i Bergen.

## **Har dei ei framtid?**

Me har sett på tre studiestadar som har utvikla seg kraftig i løpet av snart 50 år, og som har bidrege til å realisera mykje av det som var intensjonane med desentralisering av høgre utdanning.

I dag har dei det til felles at dei kan karakteriserast som godt utbygde og vel fungerande studiestadar. Dei har stort sett tilfredsstillande studentrekuttering, dei har fått eit studenttal på 3-4000 og er dermed blant dei 10-15 største studiestadane i Norge målt i tal studentar. Dei innfrir krava til utdanningskvalitet, formell kompetanse og forsking som styresmaktene stiller. Dei samhandlar med næringsliv og offentleg forvaltning i regionane og dei leverer relevante og kompetente kandidatar til arbeidslivet. På utdanningssida gjer dei hovudjobben på treårige grunnutdanningar med ei gjennomstrøyming som ligg i landstoppen, og dei skårar høgt på studenttilfredsheit i nasjonale undersøkingar. Det er blandinga av kvalitetar, ikkje einskildelement, som gjer dei til godt fungerande studiestadar.

Men dei har også klåre utfordringar. I den siste fusjonsbølga kring 2015 var fokus så og seia berre på storleik på fagmiljø, dette sjølv om samanhengen mellom storleik og kvalitet i høgre utdanning framleis er svært diskutabel og så langt ikkje dokumentert (Aksnes, Piro, & Rørstad, 2018) . Det var lite og inga merksemd til andre kvalitetar ved studiestaden eller kva fagmiljøa driv med. Dei samansette kvalitetane som kjenneteiknar studiestadar som Bø, Volda og Sogndal, og som gjer at unge menneske trivst og lukkast i utdanningsprosjekta sine, fekk ingen merksemd og gjorde slett ikkje inntrykk på omreisande minister og statssekretær. Den siste fusjonsbølga resulterte i at dei tre studiestadane har ein ulik ståstad inn i åra som kjem. Bø og Sogndal er blitt små campus i store institusjonar. Volda er framleis sjølvstendig høgskule. Kva gir best framtidsutsikter?

Volda er ein av få statlege høgskular som ikkje har vore gjennom fusjon eller endring i institusjonsstatus sidan 1994 Ein kan spørja om det er dei stolte og sjølvstendige utdanningstradisjonane, som i si tid gav Volda ein tidleg lærarskule og seinare tidleg distrikthøgskule, som gjer at dei ikkje så lett blir vedheng til Bergen eller Trondheim?

I 2019 er det ulike oppfatningar i Volda om kva som bør vera vegen vidare, men så langt har Høgskulen i Volda greidd seg godt på eiga hand. Dei har ein veldefinert fagprofil, der medieutdanningane profilerer høgskulen i det nasjonale utdanningslandskapet, og dei har ei historie som studiestad med lærarutdanning og ein posisjon i forhold til nynorsk skriftspråk som gjer dei synlege i ein del samanhengar. Høgskulen i Volda har hovuddelen av studentane frå eige fylke, og på sine utdanningsområde har dei ingen konkurrentar i Møre og Romsdal. Dei har kome relativt langt når det gjeld å tilby nettbaserte studium. Samstundes har dei relativt brei fagportefølje med fleire små og sårbare fagområde. Dei har heller ikkje eit sterkt grep om unge utdanningssøkjande. Det betyr også noko at mange av dei som byrja å jobba på høgskulen i den tidlege fasen, og som har opparbeidd seg høg kompetanse, no er pensjonistar eller er i ferd med å bli det, og det er krevjande å erstatta kompetansen deira.

Bø og Sogndal er begge blitt campus i store institusjonar med mange campus, Bø i eit nyetablert universitet og Sogndal i ein institusjon som framleis er høgskule, men som har ambisjonar om å bli universitet i løpet av få år. Det å vera del av ein større og sterke institusjon kan gi føremoner, både med styrke i samla fagmiljø, når det gjeld å visa att i landskapet både nasjonalt og internasjonalt og når det gjeld ressursar til å møta stadig nye krav til institusjonane. Samstundes er arbeid for universitetsstatus og deretter for å forsvara posisjonen som godt nok universitet ressurskrevjande, det siste illustrerer Nord universitet i desse dagar. Det kan vera grunn til å frykta at dette kan gå ut over ressurstilgangen til studiestadar og fagmiljø som primært arbeider med grunnutdanningar, særleg i periodar med svakare studentrekuttering.

Både Sogndal og Bø, og særleg Sogndal, har svært brei fagleg profil med mange og små fagmiljø. Opp gjennom åra har dette gitt fordelar, til dømes med at studiestaden har hatt fleire bein å stå på i periodar med sviktande interesse for einskilde utdanningstilbod. Men no er begge komne i ein situasjon der det er tilsvarande og ofte større fagmiljø ved andre campus i meir folkerike område innafor eigen institusjon. Med ein kombinasjon av knappe ressursar og svakare studentrekuttering, kan framtida til utdanningstilbod ved små studiestadar bli utfordra, særleg der same utdanning vert gitt ved fleire campus. Som me har sett varierer interessa for å søkja høgre utdanning både med storleik på årskulla og tilhøve på arbeidsmarknaden. Dette kan bli problemstillingar alt dei nærmaste åra,

mellan anna fordi årskulla fødde kring år 2000 og nokre år etter det er relativt små, og fordi det ser ut til å bli ein stram arbeidsmarknad dei komande åra. Men som før kan det skje endringar i biletet.

Har dei små studiestadane med stor fagleg breidde ei framtid? Som eg har vore inne på, er det mykje som kan utfordra dei, i tillegg til den generelle utviklinga mot større vekt på akademisk kvalitet, profesjonalisering og spesialisering. Det peikar i retning av at det kan bli krevjande å halda på den faglege breidda. Det kan vera argument for at desse små studiestadane tenkjer på ei framtid med smalare fagtilbod, sjølv om det truleg ikkje er til beste for den regionen dei tilhører. Det er god dokumentasjon på at desse studiestadane med mange og breie tilbod har tilført lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv kompetanse i ei breidde som dei elles ville hatt vanskar med å skaffa seg. Mykje tyder på at behovet for strategisk leiing og styring på vegner av slike små studiestadar ikkje blir mindre i åra som kjem.

Innlemming i store fleircampusinstitusjonar har løyst nokre utfordringar knytt til krav om tilstrekkeleg formell kompetanse for mindre studiestadar. Særleg var det ei aktuell problemstilling i forhold til akkreditering for ny femårig grunnskulelærarutdanning. I det høvet var det frykt for å bli underkjent grunna mangel på kompetanse fleire stadar, også i Sogndal og Volda. For fleire i Sogndal var denne frykta avgjerande for haldninga i spørsmålet om fusjon eller ikkje med Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund. For med fusjon var styresmaktene sine kompetansekrav innfridde. Då var dei rekna som tilstrekkeleg «robuste».

Særleg Sogndal har oppnådd å bli ein attraktiv studiestad for unge utdanningssökjande frå heile landet. I mange samanhengar er dette positivt. Samstundes kan den låge andelen studentar frå eige nærområde vera ein ulempe i ein institusjon som i stor grad profilerer og legitimerer seg i forhold til eigen region. I 2019 har Sogndal eit utdanningstilbod som føreset at dei lukkast med å rekruttera unge studentar frå heile landet.

Dei nye høgskulebaserte fleircampusinstitusjonane er dominerte av profesjonsutdanningar. Dei universitetslike humanistiske og samfunnsvitskaplege faga, som var ei av bæresøylene i oppbygging av distriktshøgskulane, er vortne små minoritetar og langt på veg framande fuglar i dei nye institusjonane. Det gjeld både

Universitetet i Sørøst-Norge og Høgskulen på Vestlandet. Framtida for desse fagområda og utdanningstilboda kan bli krevjande.

Kanskje er satsing på nett-/samlingsbaserte studietilbod ein veg vidare, slik ein i nokon grad har sett både i Bø og Volda dei seinare åra. Men dersom dette skal vera ein farbar veg vidare for små studiestadar må truleg satsinga og tilrettelegginga i form av nødvendig infrastruktur både når det gjeld undervisning og velferd opp på eit anna nivå enn det som har vore tilfelle så langt. Og faren med ei slik prioritering kan jo vera at det resulterer i færre heiltidsstudentar og ein mindre levande campus. Då Høgskolen på Nesna etter mange års hardt press vart avvikla som sjølvstendig institusjon, var få heiltidsstudentar på campus ei hovudgrunngjeving (Haukland, 2018). I 2019 ser det ut til at neste steg for Nesna kan bli full avvikling også som studiestad.

Som i mange andre offentlege sektorar, har institusjonsstyra i universitets- og høgskulesektoren vorte viktigare og fått vesentleg meir makt dei seinare åra. Kanskje er det mest merkbart ved institusjonar som har gått over til såkalla einskapleg leiing på institusjonsnivå, med tilsett rektor og ekstern styreleiar. I alle fall har det ført med seg at det ikkje er like enkelt for politiske organ, særleg stortingspolitikarar, å få innverknad på avgjerder som er viktige for høgskulane og studiestadane. Alle dei tre studiestadane, og særleg Sogndal som den sentrale studiestaden i ein fylkeshøgskule heilt fram til 2017, har opp gjennom åra nytt godt av å ha eit fylke og ei stortingsgruppe bak seg i mange spørsmål. I 2020 eksisterer korkje Sogn og Fjordane eller Telemark lengre som eigne fylke. Også dei blir fusjonerte inn i større regionale einingar. Saman med meir makt og mynde til institusjonsstyra, vil det truleg merkast for studiestadar som dette, kanskje særleg for Sogndal og Bø. Volda har så langt ikkje innført einskapleg leiing på institusjonsnivå, og Møre og Romsdal ser ut til å halda fram som eige fylke. Og sjølv om Høgskulen i Volda berre sjeldan har hatt slik støtte frå politikarar i Møre og Romsdal som Sogndal har hatt frå sitt fylke, kan dette tala for ei betre ivaretaking av Volda sine interesser framover. Her kan det også bety noko at Høgskolen i Ålesund har «flagga ut» og blitt del av NTNU.

Volda, Bø og Sogndal har opparbeidd seg rykte som attraktive studiestadar. Dei viser att i det høgre utdanningslandskapet og er blitt alternative stadar å studera for unge menneske frå heile landet. Dette har mellom anna kome gjennom samarbeid med

lokale interesser og systematisk omdømearbeid med svært gode vilkår for å ha fokus på studiestaden, både det faglege tilbodet og livet kring studiane. Dei nye institusjonane, mellom andre Universitetet i Sørøst-Norge og Høgskulen på Vestlandet har ei organisering som på ingen måte er orientert mot studiestad. Organiseringa er på tvers av geografi, både i fag og administrasjon. I organisasjonskarta er det ingen stilling som har ansvar for utvikling av studiestadane. I motsetning til Volda, har dei heller ikkje sin eigen studentsamskipnad som naturleg har særskild merksemd på kvalitetar ved studiestaden. Når ein så legg til at både Bø og Sogndal er svakt representert med tilsette i strategiske leiarposisjonar, er det grunn til å rekna med at Høgskulen i Volda har større mulegheiter for å visa att som studiestad i åra som kjem.

Å visa fram og å vidareutvikla dei samansette kvalitetane – «College Town-profilen» - som har gjort desse studiestadane attraktive, vil truleg bli ei svær utfordring i åra som kjem. Det vil krevja samarbeid med vertskommunar og andre lokale aktørar om å vidareutvikla studiestaden som regionale fleircampusinstitusjonar ikkje utan vidare er rigga for. I alle fall ikkje dei som einsidig er organisert i forhold til fag og ikkje stad. Her må initiativet truleg koma frå vertskommunar og andre lokale eller regionale interesser.

Ei anna side ved den nye regionaliseringa med større einingar både i høgre utdanning og elles, er at sambandsliner som før gjekk direkte til Oslo, om det var departement, forskingsråd, tilsynsorgan eller ulike samanslutningar og fellesforum elles, no i stor grad går via regionale sentra. For studiestaden Sogndal sin del, betyr det at Bergen er vorte langt viktigare enn før. Kontakten til sentrale organ går i stor grad via Bergen, der tyngda av høgskulen og mykje av den sentrale leiinga held til. Det medfører at det blir vanskelegare for ein liten studiestad å få direkte innverknad eller bli representert i sentrale posisjonar. Det siste også fordi talet på posisjonar er tilpassa den nye strukturen. Små studiestadar misser representasjon og det blir vanskelegare å visa att i utdanningslandskapet. Som sjølvstendige utdanningsinstitusjonar var dette annleis. Ofte fekk både tilsette og studentar frå små studiestadar sentrale posisjonar i ulike styrings- og interesseorgan innan høgre utdanning og forsking, og kanskje like viktig var det at representantar frå sentrale organ fekk høve til å delta på møte og sjå ein større del av universitets- og høgskule-Norge.

Og utviklinga med færre og større einingar, færre posisjonar og lengre veg til den sentrale makta er noko som gjeld i alle samfunnssektorar. Ein kan stilla spørsmålet om den regionale dimensjonen er vorten uviktig, at den ikkje lenger betyr noko? I høgre utdanning kan det sjå ut til at den regionale rolla har tapt for jaget etter akademisk kvalitet. Men i 2019 er det også teikn på at den geografiske dimensjonen framleis betyr noko. Det går an å visa til motstanden som Nord universitet møter i forsøka på å leggja ned små studiestadar, og det er vanskeleg å påstå at resultata frå kommunevalet hausten 2019 ikkje har noko å gjera med folk flest sine reaksjonar på den einsidige sentraliseringa. Det talar for at Stein Rokkan (Rokkan, 1967) sine oppfatningar om betydninga av sentrum/periferi-dimensjonen i det norske samfunnet framleis har noko for seg.

Mange spørsmål kan stillast ved framtida til dei tre studiestadane. Her har eg stilt flest kritiske spørsmål ved framtida som liten campus i store institusjonar. Men biletet er ikkje eintydig. I 2017 vart Møreforsking si avdeling i Volda avvikla. Telemarksforsking i Bø og Vestlandsforsking i Sogndal greier seg bra.

Det einaste som er sikkert er at det kjem til å skje endringar som me ikkje har oversikt over no. Den unge heiltidsstudenten har så langt vore eit ideal og utgjer oftast «malen» for dei fleste studieprogramma i høgre utdanning. Men alt i dag er «studentar» ei meir nyansert gruppe enn før, i alder, i det å kombinera studium med jobb, vera deltidsstudent, kvar dei oppheld seg når dei studerer osb. Studentane er tilkopla høgskulen sitt nett og nesten all informasjonsaktivitet skjer på nettet. Den raske teknologiske utviklinga kan endra biletet og gjera utdanning mindre stadbunden, sjølv om det er vanskeleg å sjå føre seg at unge menneske heller vil studera ved kjøkenbordet heime enn å vera der andre unge er. Men det er ikkje gitt at den unge heiltidsstudenten blir like dominerande i framtida.

Det kan også bli endringar i dei politiske maktforholda som svekkjer den einsidige sentraliseringa som har rådd grunnen dei siste åra. Sameleis kan det skje endringar som gjer formell kompetanse og forskingspublisering mindre viktig til fordel for det å utdanna praksisnære kandidatar som samfunnet har bruk for. Og det er globale utfordringar i form av klimakrise og anna som kan medføra radikale endringar i måten me organiserer og innrettar oss på. Og mykje anna som me ikkje veit i oktober 2019.

# Kjelder

- Aamodt, N. O. S., N. M. (2003). Vekst i utdanningssystemet.
- Aksnes, D. W., Piro, F., & Rørstad, K. (2018). Does size matter? An investigation of how department size and other organizational variables influence on publication productivity and citation impact. In.
- Berg, K. (2006). Fremmed fugl? Historien om Høgskolen i Finnmark 1973-2006.
- BI, H. (2018). Vår historie BI.
- Bjelle, T. E. (1996). *Kasusstudiar som sosiologisk metode* (Vol. 14/96). Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre : om design av samfunnsvitskaplege forskingsprosjekt*. Oslo: Universitetsforl.
- DBH. (2019). <https://dbh.nsd.uib.no/>.
- Driveklepp, J., Sørheim, I. Ø., Aarflot, R. R., Amdam, J., Huseby, B., Fet, J., . . . Birkeland, F. F. (1981). *Distriktshøgskulen i Volda 1970-1980 : høyere utdanning i ei bygd* (Vol. 5). Volda: høgskolen.
- Ekren, R. (2014). Sosial reproduksjon av utdanning? *Samfunnsspeilet*, 28(5), 20-24.
- Ertresvaag, E. e. a. (2000). *I støpeskjeen : ingenørutdanning i Bergen 1975-2000*. Bergen: Høgskolen i Bergen.
- Florida, R. L. (2005). *Cities and the creative class*.
- Frølich, N., & Bleiklie, I. (2014). Kan universiteter opptre som strategiske aktører? *Forskningspolitikk*, 37(2), 22-23.
- Fulsås, N. (2000). Frå binært til hierarkisk system i høyere utdanning. *Historisk tidsskrift* (Oslo : trykt utg.). 79 : 2000 : 3, S.[385]-396.
- Førde, E. (1973). Ein kjeppe i utviklingshjulet.
- Gumprecht, B. (2003). THE AMERICAN COLLEGE TOWN\*. *Geographical Review*, 93(1), 51-80. doi:10.1111/j.1931-0846.2003.tb00020.x
- Gythfeldt, K., & Heggen, K. (2012). *Er høgskolene regionale kvalifiseringsinstitusjoner? : likheter og ulikheter mellom høgskolene på Vestlandet og i hovedstadsregionen* (Vol. 2012 nr. 5). Oslo: Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Hansen, M. N. (2010). Utdanningspolitikk og ulikhet. *Tidsskrift for samfunnsforskning*(01), 101-133.
- Haukland, L. H. (2018). Lærerutdanninga på Nesna 1918-2018.
- Heggen, K. (2002). Utkantjentene sin stille revolusjon. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 2(2), 3-20.
- Heggen, K. (2014). Høgskule i distrikt - eit vilkår for å skaffe nok arbeidskraft? In (pp. 144-161). [Oslo]: Cappelen Damm akademisk, 2014.
- Helland, H., & Heggen, K. (2013). Geografi og rekruttering til høyre utdanning. In (pp. 81-94). Oslo: Universitetsforl., cop. 2013.
- Helsvig, K. (2017). Reform og rutine. Kunnskapsdepartementets historie (1945-2017).
- Hernes, G. (1974). Om ulikhetens reproduksjon : hvilken rolle spiller skolen? In (pp. 231-251). Oslo: [Norges almenvitenskapelige forskningsråd] i kommisjon hos Lyche, 1974.
- Hompland, A. (1984). *Rurbaniseringsprosessen : bygdebyen og det nye Norges ansikt* (Vol. 9/84). Oslo.

- Hompland, A. (2011). *Innflyttarplaga i bygdebyen revisited*, i Rurale brytninger: Tapir Akademisk Forlag.
- Kirke- og, u. (1966-1970). *Innstilling om videreutdanning for artianere m.v. : Innstilling nr. 1-5*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Kirke-/undervisningsdep. (1965-1970). Innstilling om videreutdanning for artianere m.v.
- Kommunalde. (2018). Regionale utviklingstrekk 2018.
- Kunnskapsdepartementet. (2014). Tilstandsrapport høyere utdanning 2014. Vedlegg.
- Kunnskapsdepartementet. (2019). Tilstandsrapport for høgre utdanning.
- Kyvik, S. (2006). *Endringsprosesser i høyskolesektoren i Vest-Europa*: NIFU STEP.
- Lowen, R. (2010). The American College Town. *J. Am. Stud.*, 44(1). doi:10.1017/S0021875810000496
- Melle, O. (1998). Striden for ein rural høgskule. In (pp. 197-223). Volda: Høgskulen i Volda : Møreforskning Volda, 1998.
- Melle, O. (1999). *Ein høgskule finn sitt distrikt : nasjon, region, institusjon : om bakgrunnen for høgskuletablering i Møre og Romsdal: Volda og Molde*. Avdeling for lærarutdanning, Høgskulen i Volda, Volda.
- Melle, O. (2000). *Historiefag og høgskuletablering : prøeforelesning og presentasjon av doktoravhandling* (Vol. 2000:18). Volda: Høgskulen i Volda Møreforskning Volda.
- MRDH. (1978). Budsjettframlegg 1978-80 og programnotat for Møre og Romsdal distrikthøgskole Volda og Molde.
- Munthe, P. (2001). Eilert Sundt var tidlig ute. *Magma*, 4(1), 63-68.
- Møre&Romsdal, D. r. h. f. (1976 - 94). Årsmeldingar og budsjettframlegg.
- NHO. (2018). Kommune-NM 2018.
- NOU. (2000:14). *Frihet med ansvar*. Oslo.
- NOU. (2008:3). *Sett under ett Ny struktur i høyere utdanning. Utredning fra et offentlig utvalg oppnevnt av regjeringen 24. mai 2006. Svgitt til Kunnskapsdepartementet 22. januar 2008* (Vol. NOU 2008: 3).
- Nyborg, P. (2019). Det var en høyskole de skulle hatt på Nesna, ikke en universitetscampus. *Forskerforum, Juni 2019*.
- Næss, T. (2013). Søkning til høyere utdanning: Hovedmønstre 2000-2012. In.
- Opptak, S. (2018). <https://soda.uio.no/>.
- Reymert, I., Hjellbrekke, J., Aamodt, P. O., & Frølich, N. (2015). *Skillelinjer i universitets- og høgskolesektoren: Et eksplorerende notat*: NIFU.
- Rokkan, S. (1967). Geography, religion, and social class : crosscutting cleavages in Norwegian politics. *Party systems and voter alignments*, 367-444.
- Rovde, O. (2018). Soga om Høgskulen i Bø.
- Slåttemo, H. G. (2016). Et HiNT av kunnskap - Ei historie om Høgskolen i Nord-Trøndelag, 1994–2016. *Nytt Norsk Tidsskrift*(01-02), 34-44.
- SSB. (1965). Statistisk årbok.
- SSB. (2012). Studenters inntekt, økonomi og boutgifter. *Rapport 38/2012*.
- SSB. (2015). Studenter i høyere utdanning.
- St.meld.18. (2014-15). Konsentrasjon for kvalitet: strukturreform i universitets- og høgskolesektoren.

- St.meld.27. (2000-01). *Gjør din plikt - krev din rett* : . Oslo.
- St.prp.121. (1969-70). Om utvida prøvedrift ved distriktshøgskolane.
- Strømme, T. B. (2013). Eliteutdanninger i Norge? Trender i rekruttering til juss, medisin og siviløkonomi. In.
- Støren, L. A., Helland, H., & Grøgaard, J. B. (2007). *Og hvem stod igjen-? : sluttrapport fra prosjektet Gjennomstrømning i videregående opplæring blant elever som startet i videregående opplæring i årene 1999-2001*(Vol. 14/2007).
- Sveen, K. (2012). *Klassereise : et livshistorisk essay* (3. pocketutg. ed.). Oslo: Oktober.
- Sæther, B. (2000). Høgskolenes regionale betydning.
- Telemark distriktshøgskole 10 år : jubileumsskrift.* (1980). Bø: Telemark distriktshøgskole.
- Try, S. (1999). Arbeidsmarked og studentvekst. *Søkelys på arbeidsmarkedet (trykt utg.)*. Årg. 16, nr 2 (1999), 149-158.
- Try, S. (2000). *Veksten i høyere utdanning : et vellykket arbeidsmarkedsopolitisk tiltak?* (Vol. 2/2000). Oslo: Norsk institutt for studier av forskning og utdanning.
- Yin, R. K. (1984). *Case study research : design and methods* (Vol. 5). Beverly Hills, Calif: Sage Publications.
- Yttri, G. (2008). *Frå skuletun til campus : soga om Høgskulen i Sogn og Fjordane*. Leikanger: Skald.
- Yttri, G. (2016). *Gjennombrot og kjenneteikn : liner i soga om høgare utdanning i Sogn og Fjordane*. Universitetet i Oslo, Det humanistiske fakultet, Institutt for arkeologi, konservering og historie, Oslo.





Høgskulen  
på Vestlandet

HVL-rapport nr. 1 2019  
ISBN: 978-82-93677-10-9